Tysnes kommune

# Økonomiplan 2025-2028

Formannskapets innstilling 26.11.2024

Versjon 2.0

# Innhaldsliste


Endringslogg ....... 6

1.0 Rammer for budsjett og økonomiplan ....... 11

2.0 Bakgrunn for og føremål med notatet: ....... 13

2.1 Folketalsutvikling, demografi og politiske prioriteringar: ....... 13

3.0 Økonomiske føresetnader ....... 17

3.1 Rammetilskot og skatt – frie inntekter ....... 17

3.2 Havbruksfond ....... 21

3.3 Eigedomsskatt ....... 21

3.4 Gebyr og tilfeldige inntekter ....... 22

3.5 Lån og avdrag ....... 22

3.6 Verknad av fond ....... 27

3.7 Andre føresetnader ....... 27

3.8 Driftsbudsjett 2025-2028 ....... 28

4.0 Gjennomgang av dei ulike tenesteområda ....... 29

4.1 Sentraladministrasjonen, stab/støtte, kultur/næring, politisk styring – hovudkapittel 1.1 ....... 31

4.1.1 Administrasjon, styring og fellesutgifter – data ....... 31

4.1.1.1 Politisk styring, kommunestyre, formannskap og nemnder ....... 34

Ansvar 1100 kommunestyre, formannskap og nemnder ....... 34

Ansvar 1140 utval og råd ....... 35

Ansvar 1192 kommune og stortingsval ....... 35

4.1.1.2 Administrasjon og felleskostnader ....... 36

Ansvar 1120 Rådmannskontoret ....... 36

Ansvar 1150 Administrasjonsbygg ........................................................................................................................37
Ansvar 1180 Fellestenesta ......................................................................................................................................37
Ansvar 1181 tillitsvalde ...........................................................................................................................................38
4.1.2. Næringsutvikling, reiseliv, veterinær og alkoholomsetnad - data.......................................................................39
4.1.2.1 Næringsutvikling og reiseliv ...........................................................................................................................41
Ansvar 1430 næringsutvikling .................................................................................................................................42
Ansvar 1434 reiseliv ................................................................................................................................................42
Ansvar 1455 Veterinær og ansvar 1456 Veterinærsamarbeid ................................................................................43
Ansvar 1460 alkoholomsetnad og kontroll ...............................................................................................................43
4.1.3 Kyrkjeleg administrasjon ..................................................................................................................................44
Forslag til framtidige justeringar på sentraladministrasjonen ..................................................................................47
4.2 Oppvekst ............................................................................................................................................................48
4.2.1 Grunnskule .......................................................................................................................................................48
Ansvar 2100 Fellestiltak skulane .............................................................................................................................56
Ansvar 2120 Onarheim skule ..................................................................................................................................56
Ansvar 2140 Tysnes skule ......................................................................................................................................57
Ansvar 2100 Uggdal skule.......................................................................................................................................58
4.2.2 Barnehage ........................................................................................................................................................59
Forslag til framtidige justeringar på skule – og barnehageområdet:........................................................................64
4.2.3 Kulturskule - Ansvar 2301 ................................................................................................................................65
Forslag til framtidige justeringar innan kulturskule ..................................................................................................69
4.2.4 Vaksenopplæring og opplæring av framandspråklege.......................................................................................69
4.2.5 Barnevern .........................................................................................................................................................70

Forslag til framtidige justeringar innan barnevern: 74
4.2.6 Frivilligsentralen 75
4.2.7 Kultur / Tysneshallen / bibliotek 76
Ansvar 1500 Kultur 76
Ansvar 1501 Tysneshallen 79
Ansvar 1510 Bibliotek 80
Forslag til framtidige justeringar bibliotek: 81
4.3 Helse- og omsorg – hovudkapittel 1.3 83
4.3.1 Administrasjon 84
4.3.2 Helse - data 85
4.3.2.1 Helse 90
Ansvar 3100 Offentleg legearbeid/ Ansvar 3110 legekontor 91
Ansvar 3205 førebyggjande eining 92
4.3.3 NAV – sosiale tenester – Data 95
4.3.3.1 NAV – sosiale tenester 98
Ansvar 3200 Sosiale tenester 98
Ansvar 3210 Mottak flyktningar 99
4.3.4 Pleie og omsorg-Data 100
4.3.4.1 Pleie og omsorg 106
Ansvar 3310 Tysnes omsorgssenter 108
Ansvar 3330 Heimesjukepleie 109
Ansvar 3340 Heimehjelp 111
Ansvar 3351 Haugen bufellesskap/ansvar 3352 Vågsmarka bufellesskap/Ansvar 3410 dagsenter 111

Ansvar 3400 Tiltak for funksjonshemma ....................................................113
4.3.5 Trygde og omsorgsbustader ....................................................113
Forslag til framtidige justeringar innan helse: ....................................................114
4.4 Landbruk og teknisk – hovudkapittel 1.4 ....................................................116
4.4.1 Jordbruk – Skogbruk – Viltforvaltning ....................................................117
4.4.2 Kart – oppmåling - skilting ....................................................118
4.4.3 Byggforvaltning ....................................................119
4.4.4 Brann- Data ....................................................120
4.4.4.1 Brann ....................................................124
4.4.5 Teknisk drift-data ....................................................125
Bygg og eigedomsforvaltning ....................................................125
Vegar og samferdsle ....................................................128
Vatn og avløp ....................................................131
4.4.5.1 Teknisk drift - Budsjett ....................................................135
Ansvar Bygg og eigedomsforvaltning/Ansvar reinhald ....................................................135
Ansvar Vegar ....................................................136
Ansvar Avløp/Ansvar Vassverk ....................................................137
5.0 Investeringar i økonomiplanperioden ....................................................141
5.1 Administrasjon og økonomi ....................................................141
5.2 Nye bygg og anlegg ....................................................142
5.3 Eksisterande bygg og anlegg ....................................................144
5.4 IKT og applikasjonar ....................................................146
5.5 Eigedom, bustad og næring ....................................................146

5.6 Enkeltinnkjøp og andre investeringar .......... 147
5.7 Vassforsyning .......... 148
5.8 Avløp og vassmiljø .......... 149
5.9 Kommunale vegar .......... 150
5.10 Byggesak og oppmåling .......... 151
5.10.1 Løn for gjennomføring .......... 151
5.11 Oppsummering og finansiering .......... 152
5.12 Investering 2025-2040 .......... 153
6.0 Tiltak for innsparing og reduksjon av utgifter .......... 157
6.1 Generelle tiltak (felles for fleire område): .......... 157
6.2 Spesifikke tiltak etter område: .......... 158
7.0 Økonomiske rapportar .......... 160

# Endringslogg

Administrative endringar :

v.1.1 :

- Korrigert for faktisk låneopptak november 2024 der det også vert teke omsyn til ubrukte lånemidlar frå 2023 (01.11.24)
- Lagt til kr. 179.000+mva i investeringsbudsjettet 2025. Dette gjeld overføring til kyrkjeleg fellesråd for investering i varmepumper i kyrkjene. Denne posten skulle ha vore med i opprinneleg budsjettforslag (01.11.24)
- Retta formel i investeringsarket, slik at posten «Behovstudie kommunale bygningsmasse» (kr. 650.000) kjem med i totalsummen (01.11.24)
- Korrigert investeringsbeløp brannbåt (lagt til kr. 475.000, tilsvarande støtta frå Tysnes Kraftlag AS) (01.11.24)
- Lagt til revidert rammetilskot 2,3 mill.kr gjennom økonomiplanperioden (pressekonferanse KDD 01.11.24) (01.11.24)

v.1.2 :

- Retta summering i tabell 5.4 IKT-investering (feilen var korrigert i rekneark for investering, slik at låneopptaket var korrekt berekna) (05.11.24)
- Retta forteikn på sal av eigedom i tabell 5.5 Eigedom, bustad og næring (feilen var korrigert i rekneark for investering, slik at låneopptaket var korrekt berekna) (05.11.24)
- Tatt bort setning i kap 3.1 Rammetilskot og skatt – frie inntekter, 2.avsnitt
- Retta stillingsbrøk frikjøp av hovudverneombud, denne skal vere 20% (er korrekt i budsjettala) (07.11.24)

v.1.3:

- Lagt inn oppdaterte prognoser på havbruksfondet (Kontali Analyse AS pr 01.11.2024)
- Oppdatert verknad av ekstraordinære avdrag havbruksfondet 2024 (70%) og 2026 (35%) på *framtidige* avdrag/renter
- Mindre justeringar på andre renteinntekter-/utgifter
- Korrigert tilskotspott til kulturvern (frå kr. 50.000 til kr. 100.000), då budsjettvedtaket frå desember 2023 ikkje var kome med i grunnlaget for 2025 (ansvar 1500 Kultur)

**Formannskapet sine endringar driftsbudsjett (fleirtalets innstilling 26.11.2024) :**

1. Kommunestyret krev ein reduksjon i innleige på minst 25% i timetal for 2025 samanlikna med 2024. For å få dette til kan fleire tiltak vurderast. Til dømes vil omlegging av turnusar, daglege ROS-analysar for å vurdere om innleige er naudsynt, og å bli ein Tørn-kommune og jobbe meir målretta med bemanningsplanlegging vere slike tiltak. Ledige stillingar må til ein kvar tid vere lyst ut. Jamlege rapportar på bruk av innleige i einingane skal leggjast fram for formannskapet i kvart møte i 2025.
2. Kommunestyret krev intensivt arbeid for å redusere sjukefråværet i alle einingar i kommunen. Det forventast ei reduksjon på minst 20% i vikarutgifter ved sjukdom samanlikna med 2024. Jamlege rapportar på bruk av vikarar ved sjukdom skal leggjast fram for formannskapet i kvart møte i 2025.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein energirekneskap i samband med budsjettframlegget. Hensikta er å få ei oversikt over om investeringane til ENØKtiltak har effekt, identifisere korleis kommunen kan få ned utgifter til straum i tida som kjem og kor er det størst potensial for å redusere talet på KWh.
    - **Frå budsjett 2024, manglar vedtaksoppfølging:** Investering i ENØK-tiltak i eksisterande bygg på kr. 1,7 mill. for 2024, må kunne forventa å gje ei innsparing på opp mot 5% av totalforbruk KWh. Utgifter til straum er budsjettert til kr. 5 562 786,- for heile kommunen, og kommunestyret legg opp til ei innsparing på rundt kr. 300 000,-. Kommunestyret ber om at det kvart år framover blir lagt fram ein energirekneskap i samband med budsjettframlegget.

4. ~~Stilling i administrasjon (tidlegare ass. rådmann) blir ikkje satt i vakanse. Ny kommunedirektør vurderer kva type stilling ho treng i administrasjonen. Det blir planlagt med seks månadars løn for 2025~~. *Punktet vart teke bort i endeleg innstilling*
5. For å halde oppe tempo i planarbeidet er det vesentleg å styrkje dette området. Ein legg inn auke i bruk av konsulenttenester med kr. 900 000,-, (eventuelt vurdere prosjektstilling for å styrke dette området ei periode).
6. Tysnesfest har ikkje enno levert rekneskap frå årets festival. Festivalen var nedskalert samanlikna med tidlegare år, og kommunens støtte for 2024 var på kr. 450 000,-, der kr. 100 000,- skulle betalast i leige til kommunen for leige av Tysneshallen og bruk av legetenesta. Støtta for 2025 vert på det same, forutsett eit positivt resultat for festivalen. Rekneskap på sendast inn før utbetaling av tilskot. Med tanke på kommunens økonomi, oppmodar kommunestyret Tysnesfest om å jobba for å stå på eigne bein i åra som kjem.
7. Kr. 100 000,- fordelast om frå Tysnesfest til Kulturskulen. *Frå budsjettnotat: For å redusere kostnadene knytt til enkeltundervisning, blir det vurdert å setje ei grense på kor mange som kan få dette tilbodet, sidan det er det dyraste tiltaket.* Ved å tilføre kr.100 000,- blir det ikkje reduksjon i tilbodet til einskildundervisning i kulturskulen i 2025.
    - **Frå budsjett 2024, manglar vedtaksoppfølging:** Kommunestyret ber om at det blir informert før budsjetthandsaminga for 2025 om dei høge eigenandelane i Kulturskulen gjer at elevar ikkje har råd til å delta. I tillegg ønskjer kommunestyret informasjon om kva for ordningar som finns for å hjelpe desse familiane og korleis dei blir kommunisert ut når ein lyser ut ledige plassar.

8. Kyrkja får ikkje auke i budsjettet for 2025, men kommunen betalar husleige på kr.

120 000,- i nytt bygg. Budsjett for 2024 var kr. 2 822 777,-, budsjett for 2025 blir kr. 2 900 000,- pluss husleige, til saman 3 020 000,-. Eit mål for kyrkja bør vere å liggje nærast mogleg gjennomsnittet av netto driftsutgifter til KOSTRA-gruppe 05.

9. Tysnes kommune eige aksjar i Hordfast AS, men vil ikkje innvilge søknad om driftsstøtte til selskapet. Tysnes kommune har aldri tidlegare gitt selskapet slik driftsstøtte. Posten reduserast frå 50' til 0.
10. Tysnes kommune går inn i Invest in Sunnhordland med 150', men søkjer om å få dekka deler av medlemsskapet med eksterne midlar. Tysnes kommune treng å vere del av eit nettverk som jobbar med næringsutvikling både i regionen og enkeltkommunar, då vi ikkje har medarbeidar dedikert til dette fagfeltet.
11. Kommunestyret bestiller ei utgreiing der ein drøfter moglegheitene for nedklassing av nokre kommunale vegar for å redusere driftsbudsjettet. Utgreiinga skal vere ferdig før budsjetthandsaminga hausten 2025. Nye brøytekontraktar som blir inngått i 2025, må ta høgde for at kommunale vegar kan bli nedklassa.
12. Nye bord Tysneshallen reduserast med kr. 50'. Kommunestyret ber kommunedirektøren søkje ekstern finansiering av 50% av kostnaden.
13. **Frå budsjett 2024, manglar vedtaksoppfølging:** Kommunestyret ber om at søknad om spelemidlar til ballbinge og eventuelle aktivitetsapparat til uteområdet på Uggdal skule, vert forberedt til sak om prioritering av spelemiddelsøknadar og budsjett for 2025.
14. Kommunestyret har vore opptatt av at demografiutfordringane i kommunen gjer at vi må leggje om drifta. Derfor bestilte kommunestyret ei utgreiing i Økonomiplanen 2024, som skulle hjelpe oss i arbeidet med investeringsbehov i åra som kjem. Dette vedtaket er ikkje følgt opp, men kommunestyret noterer seg at kommunedirektøren no ber om kr. 650 000,- til å utføre ei behovsanalyse i 2025. Før denne planen kjem vil det vere vanskeleg å ta stilling til kva for bustadtype Tysnes kommune vil få raskast behov for dei neste åra. Kommunestyret ber om at behovsanalysen også inkluderer egna lokalar for heimetenesta. **Frå budsjett 2024, manglar vedtaksoppfølging:** Eldrebustadar/omsorgsbustadar/sjukeheimsplassar. Kommunestyret bestiller ei forstudie av kva for behov kommunen vil ha framover som følgje av demografiutviklinga. Det mest sentrale spørsmålet er kva for type bustadar ein treng mest i kommunen.

15. **Frå budsjett 2024, manglar vedtaksoppfølging:** Kommunestyret ber rådmannen i løpet av 2024 og før budsjettframlegg for 2025, greie ut om behovet for auke av bemanninga i Frivilligsentralen, sett opp mot handlingsplanen for Leve heile livet og rekruttering av frivillige til oppgåver i helsesektoren.
16. **Frå budsjett 2024, manglar vedtaksoppfølging:** Det finnes eit statleg tilskot til drenering og grøfting av innmark, som alle bønder kan søkje på. Det er faste satsar på kor mykje tilskot du få om søknaden blir godkjent av landbrukskontoret. Tysnes bør som fleir andre kommunar innføre eit tilskot på toppen. Kommunestyret ber om at det blir utgreidd korleis eit slikt tilskot kan innrettast, med siktemål om ei innføring frå 2025.
17. **Frå budsjett 2024, manglar vedtaksoppfølging:** Gebyr: Kommunestyret ber rådmannen komme med ei rapport på om prisen på tryggleiksalarmar gjer at enkelte vanskelegstilte ikkje har råd til å ha alarm, og kva konsekvensar det eventuelt kan få. Dersom det er nokon som skulle hatt tryggleiksalarm, men som ikkje har råd til å leige, korleis kunne dette vore løyst?
18. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjere ei vurdering av prisen for PPTenester opp mot faktisk leveranse. Vurderinga skal leggjast fram for tenesteutvalet første halvår 2025.
19. Kommunestyret bestiller ei utgreiing av etablering av ei minnelund knytt til ein kyrkjegard i kommunen. Utgreiinga leggjast fram for formannskapet før budsjettprosess for 2026.

20. Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i gang med prosjekt «Mobildekning AmlandHopsundet 2026». Formannskapet ber kommunedirektøren gå i gang med prosjektet så fort som mogleg for å rekke fristen for søknad til Tysnes kraftlag sin generalforsamling 2025. Prosjektet bør vere over same lest som «Mobildekning mellom Uggdal og Onarheim.»

**Formannskapet sine endringar investeringsbudsjett (fleirtalets innstilling 26.11.2024) :**

1. Bustader og heildøgnomsorg: Mangel på kunnskapsgrunnlag gjer det vanskeleg å vurdere denne investeringa. Kommunestyret ber om at det blir laga ei behovsanalyse, som vil gjere det lettare å vurdere forslag til investeringar på nær 200 mill. dei neste 15 åra. Behovsanalysen skal også inkludere lokala til heimetenesta. Beløpet blir slått saman til ein line, med vurdering etter behovsanalysen er ferdig. Beløpet som står under omsorgsbustader i 2027 reduserast til 40 mill. Dersom det er omsorgsbustader som skal byggjast, bør det vere mogleg å byggje ti einingar for 40 mill. Kommunestyret ønskjer at bustadane blir utforma utan dyre arkitektoniske løysingar, men med gode kvalitetar basert på miljøvenlege og berekraftige metodar og materiale.

- **Frå budsjett 2024, manglar vedtaksoppfølging:**
  Eldrebustadar/omsorgsbustadar/sjukeheimsplassar. Kommunestyret bestiller ei forstudie av kva for behov kommunen vil ha framover som følgje av demografiutviklinga. Det mest sentrale spørsmålet er kva for type bustadar ein treng mest i kommunen.

2. Kommunestyret ønskjer ikkje ein ny storbarnehage for Uggdal og Tysnesbygda. Kommunestyret ønskjer å byggje ny barnehage i Uggdal, og oppgradere eksisterande barnehage og uteområde i Vågsmarka. Å ta vare på, oppgradere og bruke dei bygga vi allereie har, er både miljøvenleg og kostnadssparande. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med forprosjekt ny barnehage Uggdal, der lokalisering og tomteval inngår som ein vesentleg del. Det visast i budsjettframlegget til at barnehagen i Vågsmarka er gamal. Kommunestyret ber om at det blir lagt fram ei tilstandsrapport for Vågsmarka barnehage i 2025, samt ei vurdering på levetid og behov for oppgradering *(merknad : tilstandsrapporten er lagt inn i driftsbudsjettet 2025)*.
3. Investering i utvikling av bustadfelt flyttast fram frå 2026 til 2025.
4. Kommunestyret legg inn pengar til forprosjekt for symjehall Onarheim 2025, og investeringar 2026/2027.
5. Rehabilitering av basseng Gjerstad takast ut av investeringsplanen.
6. Kommunestyret ønskjer igjen å setje opp ballbinge/leikeapparat Uggdal skule, søknad om spelemidlar og søknad Tysnes Kraftlag
7. **Frå budsjett 2024, manglar vedtaksoppfølging:** Kommunestyret ber om at søknad om spelemidlar til ballbinge og eventuelle aktivitetsapparat til uteområdet på Uggdal skule, vert forberedt til sak om prioritering av spelemiddelsøknadar og budsjett for 2025.
8. Kommunestyret ønskjer at kommunedirekteøren på slutten av økonomiperioden startar arbeidet med ei byggteknisk gjennomgang av Tysnes skule – ungdomsskulen, for å kartleggje byggets tilstand.
9. Investeringar i skuleplass Onarheim blir tatt ut av budsjettet i påvente av Alsaker/Onarheim idrettslags planar om ballbinge på plassen. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide ei heilskapleg plan for området.

10. Innbygging av toalett på Onarheim skule, ENØK. Opne dører slepper varme ut, elevane må i dag ut for å komme til toalettet.

11. Oppgradering av kommunale omsorgsbustader må ikkje berre gjelde tomme bustader, men også dei som har langtidsbuande i nedslite leilegheiter. Oppgradering hos dei som bur hos oss heile livet må prioriterast.
12. Flytte investering fortau Hagareset frå 2027 til 2025. Prosjektet er klart til start, og av omsyn til mjuke trafikantar bør dette byggjast tidlegast mogleg.
13. Fartsreduserande tiltak byggefelt flytta frå 2026 til 2025. Av omsyn til mjuke trafikantar bør tiltaket setjast i gang tidlegast mogleg

**Generelt punkt :**

Formannskapet samla seg om å bestille ei eiga sak om disponering av havbruksmidlane (sal av nye konsesjonar), ettersom prinsippvedtaket som gjeld pt. er at 70% av desse midlane skal nyttast til ekstraordinær nedbetaling, mens budsjettet frå 2025 legg til grunn 35%.

# 1.0 Rammer for budsjett og økonomiplan

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna styringsverktøy. Den skal ha ein handlingsdel som syner korleis planen skal følgjast opp. Budsjett og økonomiplan 2025-2028 er Tysnes kommune sin handlingsdel.

Handlingsdelen skal leggje grunnlaget for kommunen sine prioriteringar av ressursar, og konkretisere tiltaka innan kommunen sine økonomiske rammer. Ein god samanheng mellom kommuneplanen og økonomiplanen kan bidra til effektiv ressursbruk for å oppnå kommunen sine mål på tvers av kommunen.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det lagt til grunn ein del hovudstrategiar som også må få si avspegling i budsjett, samfunnsplanen legg til grunn følgjande overordna mål for utviklinga:

<u>Tysnes skal vera eit attraktiv samfunn å bu i</u>
Tysnes kommune skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å:
- Tilretteleggja for gode bumiljø for både fastbuande og deltidsbuande.
- Medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar
- Sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår
- Sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg
- Sikra innbyggjarane tilgang til meiningsfull fritid.
- Sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur.

I administrasjonen sitt arbeid med budsjettframlegg har me med oss desse måla, og ser på kva som er styrande for vårt arbeid med budsjettet. Me har med oss følgjande generelle målbilete inn i prosessen, som også avspeglar kommunelova:

Hovudmål: Folkevald styring – gjera Tysnes til ein god stad å bu og arbeida:

1. Tenester:
    a. Tenester av høg kvalitet til rett tid og med rett innhald:
        i. Oppretthalde tenestetilbod
        ii. Sikra føreseielege rammer for framtidig drift
        iii. Føreseielege rammer for tenestemottakarar og lokal samfunn
        iv. Tilpassing til endra rammevilkår.
        v. Bulyst
2. Personal og organisasjon:
    a. Ein god forvaltning av personal som sikrar rekruttering og attraktivitet

        i. Rekruttere og behalde
        ii. Operasjonell stabilitet
        iii. Organisasjonstilpassingar
        iv. Auka nærvær
3. Økonomi:
    a. God økonomisk styring som skaper rom for utvikling, gjev drifta god stabilitet og skaper føreseielege rammer for samfunnet
        i. Netto driftsresultat på 0,8 %
        ii. Disposisjonsfond på 15 %
        iii. Gjeldsgrad under 100 %
4. Utvikling:
    a. Utvikling og endring for å sikra tenester og rammevilkår for morgondagens drift
        i. Demografiske utviklingstrekk
        ii. Endring i rammevilkår
        iii. Endringar i behov
        iv. Prioriterte investeringar

Kommunelova kap. 14 handlar om kommunen sitt ansvar for å utarbeida årsbudsjett og økonomiplan, i § 14- 1 heiter det at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. For å nå eit slikt mål er me avhengig av ein balansert økonomistyring, der me forutan driftsresultat også har eit godt fokus på gjeld og fondsavsetningar.

Det følgjer av § 14-2 at kommunestyre sjølv skal vedta budsjett og økonomiplan. I § 14-3 er dei nærare saksreglar for kommunestyre si handsaming oppstilt. Det er formannskapet som utarbeider framlegg til budsjett og økonomiplan. Økonomiplan med framlegg til vedtak skal leggjast ut til ålment ettersyn minst 14 dagar før den vert endeleg handsama i kommunestyre.

§ 14-4 stiller krav til innhald i budsjett og økonomiplan. Økonomiplanen skal visa korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar vert fylgt opp. Økonomiplanen og årsbudsjett skal vidare visa kommunestyre sine samla prioriteringar og løyvingar og dei måla som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Låneopptak skal gå fram i årsbudsjettet. Det er vidare føresett at økonomiplan og årsbudsjett skal setjast opp i balanse, vera realistiske, fullstendige og oversiktlege.

Årsbudsjettet skal etter § 14-5 vera bindande for kommunestyre og underordna organ. Det vert også presisert at drifta skal finansierast av løypande inntekter.

For ei vidare utdjuping av rammene for budsjettarbeidet vert det vist til kommunelova kap. 14, men også kap. 15, 16, 28 og 29 inneheld økonomivedtekter som er relevante for å gje eit samla bilete av kommunen si økonomiforvaltning.

# 2.0 Bakgrunn for og føremål med notatet:

Kommunedirektør legg fram notatet som eit utgangspunkt for politisk drøfting i samband med budsjettframlegg for 2025 og økonomiplanperioden 2025– 2028. Notatet er meint å synleggjera dei val som er gjort i budsjettet og peika på moglege tilnærmingar i det vidare arbeidet. For 2025 har me ikkje lukkast å legge eit budsjett som går i balanse, men det er realistisk, og tek omsyn til naudsynt prioritert drift. I notatet peiker me på kva som kan og bør gjerast for å nærme seg ein drift i balanse for framtidige år med reduserte inntekter. Dette er strukturelle og organisatoriske grep, som må gjennom naudsynte prosessar. Budsjettet som i år vert lagt fram er eit budsjett som ikkje kan stå i det vidare. Budsjettet for 2025 møter ikkje inntektene, og me er nøydd å hente pengar frå fond for å få drifta til å gå opp. Når det er sagt, er budsjettet realistisk og godt gjennomarbeid ut i frå drift. Dette er det me har klart å få på plass på den korte tida frå me mottok utgangspunktet 7. oktober, og fram til det vert lagt fram i formannskapet 24. oktober 2024.

Notatet legg grunnlag for formannskapet sin budsjettprosess. Det vil med stort sannsyn vera område som må sjåast nærare på, og det kan vera trong for å retta opp ting fram til endeleg framlegg til budsjettvedtak.

## 2.1 Folketalsutvikling, demografi og politiske prioriteringar:

Folketalsutviklinga, under dette den demografiske samansetninga, er grunnlaget for kommunen sine inntekter gjennom statleg rammefinansieringa. Statleg finansiering byggjer på ei gjennomsnittsutvikling på nasjonalt makronivå og ei stykkprisfinansiering basert på gjennomsnittleg kostnad. Demografi er også forklaringsfaktor for kommunen sitt utgiftsnivå, kommunale tenester vert retta mot bestemte aldersgrupper så samansetninga av grupper utgjer såleis kommunen sin kostnadsbase.

Tommelfingerregel er at om me skal kunna oppretthalda vår relative del av inntekta må folkeveksten i kommunen vera minst like stor som resten av landet, for at me skal auka vår relative inntektsdel må kommunen ha større vekst i folketalet enn resten av landet. Regelen er ikkje heilt rett då også den demografiske fordelinga er viktig for kommunen si inntektsutvikling, dette er knytt til at inntektsnøklar heng saman med demografisk fordeling.

Kommunane sine kostnader som følgje av endringar i befolkningssamansetninga er venta å auke betydeleg i åra framover. Kostnadsveksten kjem hovudsakleg av at delen eldre i befolkninga aukar, med tilhøyrande auka utgifter innan helse- og omsorgstenestene og pensjonsutbetalingar. Behovet for arbeidskraft vil bli større, samstundes som delen innbyggjarar i yrkesaktiv alder går ned. Inntektene i statsbudsjettet vil vekse saktare som følgje av at veksten i arbeidsstyrken flatar ut og at veksten i inntektene frå oljefondet blir redusert.

Krigen i Ukraina og uro elles gjer at det er brei politisk semje om å prioritere forsvar og tryggleik høgare enn tidlegare. Andre prioriteringar på statsbudsjettet saman med ein strammare finanspolitikk gjer at kommunesektoren må førebu seg på mindre økonomisk handlingsrom i tida framover.

Aldring av befolkninga skjer i alle landets kommunar, men er særleg sterk i distriktskommunar og i kommunar med venta fall i folketalet. I 2050 er det venta at dei mest sentrale kommunane vil ha ein del på 16 prosent som er 70 år og eldre, medan for dei minst sentrale kommunane er det venta at denne delen vil nå ein fjerdedel. Kommunane med høgast aldring vil nå om lag ein tredjedel.

I Tysnes kommune er andelen over 80 år i dag på 7,1 %, mot landet på 4,3%.



Aldersdemografien synder dermed at me har ein berekraftsbrøk på ca 2,4, og vil i 2040 vere nede i 1,8. Til samanlikning ligg landet på 4,1, og er spådd å skulle ned til 2,7 i 2024. Berekraftsbrøk handlar om forholdet mellom tal personar i arbeidsfør alder og talet på alderspensjonistar. Dette vil handle om tilgjengeleg arbeidskraft i høve dei eldre som er utanfor arbeidslivet. Utviklinga av denne i tida framover er av stor betydning for samfunnsplanlegginga




Tabellen under viser SSB si prognose for folketalsutvikling for Tysnes kommune. I økonomiplanperioden, altså fram til 2028 er det venta ein stor nedgang i barn 0-5 og 6-15 år. Dersom me ser på endringa fram til 2040 så skal me særskilt merka oss auken i gruppa over 67 år, den er stor i Tysnes (18% auke), men endringa på landsbasis er dramatisk, med 39%.  Når det gjeld dei som er over 67 år så vil normalt SSB sine prognoser treffe ganske bra, når det gjeld 0-5 år og også 6-15 år så er prognosane noko meir usikre.

Folketalsutvikling Tysnes 2024 - 2040

| | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2038 | 2040 | Endring i øk.plan perioden | Endring fram til 2040 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **0-5 år** | 190 | 179 | 166 | 158 | 154 | 154 | 157 | -19 % | -17 % |
| **6-15 år** | 343 | 344 | 343 | 338 | 333 | 283 | 281 | -3 % | -18 % |
| **16-19 år** | 110 | 114 | 123 | 124 | 131 | 128 | 117 | 19 % | 6 % |
| **20-66 år** | 1550 | 1552 | 1558 | 1562 | 1563 | 1564 | 1565 | 1 % | 1 % |
| **67 år +** | 729 | 738 | 742 | 752 | 757 | 847 | 859 | 4 % | 18 % |
| **SUM** | **2922** | **2927** | **2932** | **2934** | **2938** | **2976** | **2979** | 1 % | 2 % |

Folketalsutvikling landet 2024-2040

| | 2024 | 2040 | Endring fram til 2040 |
|---|---|---|---|
| **0-5 år** | 333870 | 371043 | 11 % |
| **6-15 år** | 645411 | 599634 | -7 % |
| **16-19 år** | 265001 | 236302 | -11 % |
| **20-66 år** | 3390440 | 3510488 | 4 % |
| **67 år +** | 915481 | 1276299 | 39 % |
| **SUM** | 5550203 | 5993766 | 8 % |

# 3.0 Økonomiske føresetnader

Kommunen skal leggja fram eit budsjett der løypande inntekter og utgifter går i hop. Dei viktigaste inntektene til kommunen er sett saman av rammetilskot og skatt, forutan dette har kommunen inntekter gjennom eigedomsskatt og andre inntekter slik som leige- og gebyrinntekter

## 3.1 Rammetilskot og skatt – frie inntekter

Frå 2025 får det nye inntektssystemet verknad. For Tysnes sin del slår dette særs uheldig ut. I Stortingsproposisjon 102S var samla negativ verknad for Tysnes estimert til 1,6 mill.kr i 2025 og deretter eit årleg tap på 3,2 mill.kr frå 2025 og utover.

Ved framlegging av statsbudsjettet for 2025 ser tala heilt annleis ut. Samanlikna med statsbudsjettet for 2024, og korrigert for løns- og prisvekst i 2025, får me 13,6 mill.kr mindre i frie inntekter i 2025 enn i 2024. Riktig nok er skattetala som vart lagt fram i statsbudsjettet i fjor optimistiske, slik at reell skatteinngang i 2024 vert mindre.

Frå 2025 vil ikkje kommunane lenger motta skatt på utbytte («skatt på eigarskap»), samt at den delen av formueskatten som kommunane mottek skal halverast jamt over dei to neste åra. I tillegg skal utjamninga skjerpast for dei kommunane som ligg over 100% av landsgjennomsnitt på skatt.

I det nye inntektssystemet er det element som slår positivt ut for oss. Men det er tydeleg at endring på skatteregimet slår langt hardare ut enn berekna i stortingsproposisjonen. Det vil difor vere avgjerande å få kontroll på korleis dette vil slå ut også for åra framover. Det må også jobbast politisk for å tette gapet mellom det som vart førespegla i proposisjonen og det som no ligg i bordet.

I statsbudsjettet vert tal for 2025 samanlikna med det som er siste berekning på inntekter i 2024. Her kjem Tysnes ut med ei auke på 1,3%. Samanlikna med alle 357 kommunar i Noreg hamnar me på ein suveren sisteplass, der nest dårlegast kommune har ei auke på 2,1% :



Me ser også at det er store skilnader på kommunane i Vestland fylke :




Dei av kommunen som ligg over streken på 4,1% får ei reell auke i frie inntekter, mens kommunar som ligg under får ei reell minske i inntekter.

Den pårekna veksten for kommunane samla i Vestland er 5,7%.

Som skrive i avsnittet ovanfor er det skattedelen i statsbudsjettet som slår negativt ut for oss :

| År | Sum rammetilskot | Berekna skatt fråtrukke utjamning | SUM berekna frie inntekter | Berekna vekst frå rekneskap til neste års budsjett |
|---|---|---|---|---|
| **2024** | **138 013** | **130 088** | **268 101** | 4,5 |
| **2025** | **148 258** | **117 258** | **265 516** | 1,3 |
| *Auke* | *10 245* | *-12 830* | *-2 585* | |
| *Auke i %* | *7,4%* | *-9,9%* | *-1,0%* | |

Rammetilskotet aukar med 7,4%, dette er naturleg ut i frå endringane i det nye inntektssystemet. Men me ser at anslag på skatt minkar med 9,9% i høve statsbudsjettet for 2024. I nominelle kroner får me såleis 2,6 mill.kr mindre enn i 2024.

For å kome ut lik som i statsbudsjettet for 2024 må me justere for forventa løns- og prisvekst i 2025. Dette inneber at me burde fått 279,1 mill. kr i 2025, mens statsbudsjettet seier 265,5. Dette gjev eit tap i reelle kroner på 13,6 mill.

KS har ein alternativ skattemodell som tek utgangspunkt i skatteinngang gjennomsnittleg dei 3 siste åra. I denne modellen er skatteanslaget ca. 1 mill.kr lågare enn i statsbudsjettet.

I nysaldert statsbudsjett 01.11.24 er kommunane kompensert med 5 milliardar kr. i 2024 og 2025. For Tysnes sin del utgjer dette ca. 2,3 mill.kr desse åra. Dette er lagt inn i budsjettet, med ein føresetnad at nysalderinga får effekt også for resten av økonomiplanperioden.

## 3.2 Havbruksfond

Det er framleis ein del usikkerheit knytt til utbetaling frå Havbruksfondet, spesielt rundt grunnrenteskatten og kor mykje av denne som kjem kommunane til gode. I ein rapport frå Kontali Analyse (pr 01.11.24) har dei berekna fylgjande :

Tabell 4 Estimerte utbetalinger til Tysnes kommune

| | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|
| Salg av tillatelses-MTB | 24,7 | | 24,2 | | 32,6 |
| *hvorav ny klarert lokalitets-MTB* | | 0,0 | | 0,0 | |
| Produksjonsavgift (bevilgning) | 9,2 | 8,2 | 9,3 | 9,7 | 10,1 |
| Ekstrabevilgning (grunnrenteskatt) | | 0,2 | | 0,2 | |
| **Totalt (netto)** | **33,9** | **8,4** | **33,5** | **9,9** | **42,7** |

Sal av nye konsesjonar finn stad anna kvart år, slik at mottatte midlar vil variere mellom åra. Produksjonsavgifta ser ut for å stabilisere seg i området 9-10 mill.kr årleg. Me ser at det er låge anslag på den delen av grunnrenteskatten som tilfell kommunen.

Kommunestyret har vedteke at 70% av inntekt frå nye konsesjonar skal nyttast til ekstraordinære avdrag på lån. For å møte utfordringar som fylgje av det nye inntektssystemet vil kommunedirektøren foreslå at denne delen vert redusert til 35% frå 2025. Dette tiltaket vil ikkje aleine rette opp ubalansen i budsjettet, men bidra til at me har noko meir tid på å finne dei rette løysingane framover.

## 3.3 Eigedomsskatt

Eigedomsskatten på Tysnes har no i fleire år vore halde på eit nominelt nivå tilsvarande om lag kr. 10,5 mill. Dette ligg til grunn også i årets budsjett. Det kan vere føremålstenleg å vurdere ei justering her for å kompensere for tapte inntekter i det nye inntektssystemet.

Endeleg skattesats vert avklara i samband med kommunestyret sitt endelege budsjettvedtak.

## 3.4 Gebyr og tilfeldige inntekter

Det vert lagt fram ei samla vurdering av gebyr og betalingssatsar i samband med formannskapet sitt arbeid med budsjettframlegg. Framlegg til endeleg gebyr byggjer på deflator, eventuelt løns- eller prisvekst der det er naturleg. Sjølvkostområde vert kalkulert saman med Momentum og det vert lagt fram eigne rapportar på gebyrutviklinga her.

## 3.5 Lån og avdrag

Som fylgje av det nye inntektssystemet er samla investeringsbeløp i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg redusert vesentleg i høve førre budsjettvedtak. Likevel ser me at det er naudsynte investeringar som må gjerast i åra som kjem.

I grafane nedanfor er det skilt mellom ordinære lån og lån til sjølvkostområda (vatn og avløp) dei neste åra. Dei låna som er teke opp tidlegare år ligg samla i desse oversiktane.

Utvikling av renter og avdrag der me ikkje tek med startlån og verknader av nye sjølvkostlån ser slik ut (merk at ekstraordinære avdrag ikkje er med i denne oppstillinga, då desse allereie er finansiert) :






Med desse føresetnadane vil renter og avdrag minke fram mot 2029. Dette skuldast dels verknad av ekstraordinære avdrag frå havbruksfondet i 2024 og 2026, men også at nokre lån er ferdig nedbetalt i løpet av desse åra. Men me ser at i 2029 og vidare vil det verte ein større auke.

Gjeld eksklusiv startlån og nye sjølvkostlån vil sjå slik ut :




Gjeld pr. innbyggjar med dei same føresetnadane :



Når me tek omsyn til ekstraordinære avdrag (35% av sal av nye havbrukskonsesjonar) ser gjelda slik ut :






Dersom me inkluderer dei nye sjølvkostlåna vil tabellane sjå slik ut (me held framleis startlåna utanfor) :













Utvikling gjeld etter havbruk
(eks startlån)
Tal i mill.kr
500,0
400,0
300,0
200,0
100,0
0,0
257,4
297,1
363,1
408,6
419,5
409,3
382,1
2024
2025
2026
2027
2028
2029
2030
Gjeld etter havbruk


Gjeld pr innbyggar etter havbruk
(eks startlån)
Tal i kr
160 000
140 000
120 000
100 000
80 000
60 000
40 000
20 000
0
87 190
100 307
122 176
137 017
140 195
136 339
126 874
2024
2025
2026
2027
2028
2029
2030

## 3.6 Verknad av fond

Verknad av det nye inntektssystemet har ramma oss hardt. Samanlikna med statsbudsjettet for 2024 ligg me an til å få 13,6 mill.kr mindre i 2025, medrekna deflatoren. Etter nysaldering i statsbudsjettet 01.11.24 vil me motta 2,3 mill.kr ekstra. Tapet vert difor redusert til 11,3 mill.kr. Det er difor ei utfordring å få budsjettet i balanse på kort sikt.

Med forslag om å halvere den delen av havbruksmidlar som vert nytta til ekstraordinære avdrag, er bruken av frie fondsmidlar berekna slik :

| | *Tal i 1000 kr* | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2025** | **2026** | **2027** | **2028** | | **SUM** |
| Bruk av fond | -11 794 | 1 543 | -15 827 | -328 | | -26 406 |

Pr. 01.01.2024 utgjer de frie fonda 83,3 mill.kr. Dei frie fonda vil såleis verte redusert gjennom perioden. Kommunedirektøren vil samstundes peike på at det er risikofylt å basere seg på havbruksmidlane, då det vil vere usikkert korleis både ordninga og marknaden vil sjå ut om ein del år.

## 3.7 Andre føresetnader

- Ut frå eit mål om å redusera sjukefråvær er det lagt inn ein dekning på sjukevikar på 1,75 % på dei ulike tenesteområda som har behov for å henta vikar ved sjukdom.
- Det er ikkje budsjettert med langtidsfråvær med tilhøyrande sjukelønsrefusjonar.
- Felles avskrivingar er samla på kap. 9000 (finans), mens avskrivingar på sjølvkostområda ligg på sine respektive områder.
- Det er ikkje lagt inn forventa lønsutvikling på det einskilde ansvarsområde, det er avsett fond på 8 mill. på finansområde til å ivareta løn og pensjon

# 3.8 Driftsbudsjett 2025-2028

**Økonomisk oversikt drift - Budsjett 2025-28**

| *Tal i 1000 kroner* | *Budsjett 2025* | *Rev.budsjett 2024* | *Rekneskap 2023* | *Budsjett 2026* | *Budsjett 2027* | *Budsjett 2028* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | | | | |
| Rammetilskot | -150 536 | -138 013 | -118 750 | -155 805 | -161 258 | -166 902 |
| Inntekts- og formueskatt | -117 258 | -130 088 | -130 545 | -121 362 | -125 610 | -130 006 |
| Eigedomsskatt | -10 500 | -10 500 | -10 553 | -10 500 | -10 500 | -10 500 |
| Andre skatteinntekter | - | | - | - | - | - |
| Andre overføringer og tilskot frå staten | -8 900 | -24 900 | -10 211 | -33 500 | -9 900 | -42 700 |
| Overføring og tilskot frå andre | -39 783 | -32 950 | -57 231 | -41 175 | -42 616 | -44 108 |
| Brukarbetaling | -9 859 | -10 891 | -12 134 | -10 205 | -10 562 | -10 931 |
| Sals- og leigeinntekter | -26 385 | -24 481 | -30 288 | -27 309 | -28 264 | -29 254 |
| **Sum driftsinntekter** | **-363 221** | **-371 823** | **-369 711** | **-399 855** | **-388 710** | **-434 401** |
| | | | | | | |
| **DRIFTSUTGIFTER** | | | | | | |
| Lønsutgifter | 208 307 | 196 810 | 187 237 | 215 598 | 223 144 | 230 954 |
| Sosiale utgifter | 55 116 | 50 292 | 38 291 | 57 045 | 59 042 | 61 108 |
| Kjøp av varer og tenester | 69 042 | 72 396 | 107 793 | 71 359 | 73 856 | 76 441 |
| Overføring og tilskot til andre | 20 186 | 16 391 | 21 504 | 21 245 | 19 401 | 20 080 |
| Avskriving | 17 100 | 16 818 | 15 769 | 17 699 | 18 318 | 18 959 |
| **Sum driftsutgifter** | **369 751** | **352 707** | **370 593** | **382 945** | **393 761** | **407 542** |
| | | | | | | |
| **Brutto driftsresultat** | **6 530** | **-19 116** | **882** | **-16 910** | **5 051** | **-26 859** |
| | | | | | | |
| **FINANS** | | | | | | |
| Renteinntekter | -2 915 | -1 715 | -3 392 | -2 915 | -2 915 | -2 915 |
| Utbytte | -90 | -90 | -89 | -90 | -90 | -90 |
| Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar | - | - | - | - | - | - |
| Renteutgifter | 12 454 | 13 142 | 10 494 | 13 300 | 15 864 | 17 780 |
| Avdrag på lån | 12 804 | 23 509 | 11 513 | 22 570 | 15 124 | 28 532 |
| **Netto finansutgifter** | **22 254** | **34 846** | **18 526** | **32 865** | **27 983** | **43 307** |
| | | | | | | |
| Motpost avskriving | -17 100 | -16 818 | -15 769 | -17 699 | -17 407 | -16 320 |
| | | | | | | |
| **Netto driftsresultat** | **11 684** | **-1 088** | **3 640** | **-1 743** | **15 627** | **128** |
| **Netto driftsresultat i %** | ***-3,2 %*** | ***0,3 %*** | ***-1,0 %*** | ***0,4 %*** | ***-4,0 %*** | ***0,0 %*** |
| | | | | | | |
| **DISPONERING ELLER DEKKING AV NETTO DRIFTSRESULTAT** | | | | | | |
| Overføring til investering | 700 | 700 | 783 | 700 | 700 | 700 |
| Avsetning til bundne fond | 68 | 813 | 782 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne fond | -658 | -2 339 | -3 861 | -500 | -500 | -500 |
| Avsetning til disposisjonsfond | - | 2 114 | - | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | -11 794 | -200 | -1 344 | 1 543 | -15 827 | -328 |
| Dekking av tidlegare års meirforbruk | - | | - | 0 | 0 | 0 |
| **Sum disponering** | **-11 684** | **1 088** | **-3 640** | **1 743** | **-15 627** | **-128** |
| | | | | | | |
| ***Framført til inndekking i seinare år (meirforb*** | - | ***0*** | ***0*** | - | - | - |
| | | | | | | |
| ***Sum fondsbruk 2025-28*** | | ***-26 406*** | | | | |

# 4.0 Gjennomgang av dei ulike tenesteområda

| OPPSUMMERT | BUDSJETT 2025 | Endring budsjett i kr | Endring budsjett i % | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| SUM SENTRALADM, STAB, STØTTE, PLAN | 30 007 456 | 2 004 295 | 7,2 % | 34 763 119 |
| SUM OPPVEKST | 98 251 276 | 1 371 507 | 1,4 % | 97 417 996 |
| SUM HELSE OG SOSIAL | 106 690 704 | 2 784 017 | 2,7 % | 115 535 471 |
| SUM LANDBRUK / TEKNISK | 34 883 169 | 3 837 682 | 12.4 % | 32 592 100 |
| **SUM EININGAR** | **269 832 605** | **9 997 500** | **3,8 %** | **280 308 686** |

Tabellen ovanfor viser samla utvikling langs dei ulike hovudkapitla eller sektorområda kommunen er delt inn i. Kvart sektorområde er vidare delt inn i ansvarsområde, eit ansvarsområde er eit økonomisk rapporteringsnivå som er sett saman av ulike kontoar og i ein del tilfelle ulike funksjonar. Budsjettprosessen i Tysnes kommune er tradisjonelt gjort på ansvarsnivå.




Diagrammet viser fordeling per sektorområde. Det største sektorområde er helse og omsorg (40%), etterfylgt av oppvekst (36%). Sentraladministrasjonen utgjer 11% medan landbruk/teknisk utgjer 13%.

## 4.1 Sentraladministrasjonen, stab/støtte, kultur/næring, politisk styring – hovudkapittel 1.1

| | Budsjett 2025 | Revidert budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev. budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **SUM SENTRALADMINISTRASJON/STAB/STØTTE** | 30 007 456 | 28 003 161 | 7,2 % | 34 763 119 |

Budsjettområde har ein auke på 7,2 prosent samanstilt med revidert budsjett for 2024. I nominell verdi er budsjett for 2025 auka tilsvarande om lag kr 2 004 295 samanlikna med revidert budsjett for 2024.

I det underståande går me gjennom hovudkapitelet fordelt på ansvar. Der det finnes god statistikk vil me fyrst visa til statistikk innan ulike temaområder før me går inn på dei konkrete ansvarsområda. Statistikken er i hovudsak henta frå KOSTRA og er justert for utgiftsbehov.

### 4.1.1 Administrasjon, styring og fellesutgifter – data

Figuren under viser Tysnes kommune sitt berekna utgiftsbehov knytt til administrasjon, styring og fellesutgifter. Det samla utgiftsbehovet er estimert til 141,2%, i praksis betyr dette at inntektssystemet vurderer at Tysnes kommune, som liten kommune, krev ein større del av totalen til administrative funksjonar enn landsgjennomsnittet som då alltid er på 100 %. Dette skjer ofte fordi mindre kommunar står overfor spesifikke utfordringar som krev ein større kostnad per innbyggar samanlikna med store kommunar, eksempelvis kan større kommunar betre nyttiggjera seg av stordriftsfordelar. Andre faktorar som kan påverka er kompleksitet i administrasjonen, geografi og inntektskjelde. Til samanlikning ligg gjennomsnittet for kommunar i same kostragruppe på 128,9 %.




Tabellen under viser Tysnes kommune sine kostnader til administrasjon, styring og fellesutgifter per innbyggjar, tala i tabellen er justert for utgiftsbehov og for inflasjon med deflator. Dette betyr at tala lar seg samanlikna med andre og såleis gjev uttrykk for Tysnes kommune sin produktivitet samanlikna med andre kommunar.

| | Tysnes 2022 | Tysnes 2023 | Kostragruppe 05 2023 | Landet uten Oslo 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **Brutto driftsutgifter per innbyggjar (100) politisk styring** | 798 | 1079 | 915 | 512 |
| **Brutto driftsutgifter per innbyggjar (110) kontroll og revisjon (B)** | 220 | 199 | 267 | 144 |
| **Netto driftsutgifter per innbyggjar (120) administrasjon (B)** | 4 495 | 4 802 | 5 637 | 4 360 |
| **Netto driftsutgifter per innbyggjar (130) administrasjonslokale (B)** | 255 | 273 | 576 | 541 |
| **Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til Adm, styring og fellesutgifter (B)** | 5 948 | 6 527 | 8 294 | 6 276 |

Dersom me ser samla netto driftsutgifter per innbyggjar til administrasjon, styring og fellesutgifter, driv me rimelegare enn kommunane i same kostragruppe (1767 kr per innbyggar), medan me driv 251 kr per innbyggar dyrare enn landsgjennomsnittet.

#### 4.1.1.1 Politisk styring, kommunestyre, formannskap og nemnder

Tabellen under viser budsjett 2025 for politiske styring, delt i tre ansvarsområde.

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Revidert budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev. budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **1100** | Kommunestyre, formannskap, nemnder | 5 598 481 | 5 638 415 | -0,7 % | 6 684 911 |
| **1140** | Utval og råd | 63 118 | 59 119 | 6,8 % | 125 040 |
| **1192** | Kommune- og stortingsval | 507 030 | - | - | 1 003 504 |

##### Ansvar 1100 kommunestyre, formannskap og nemnder

Ansvarsområde for kommunestyre, formannskap og nemnder er redusert med 0,7 % samanlikna med revidert budsjett for 2024. Til dette ansvarsområde ligg budsjettering for funksjonane til kommunestyre, formannskap, tenesteutval og utval for landbruk og teknisk. I tillegg ligg godgjersle for folkevalde også i ulike nemnder under dette ansvaret, samt ordførar/varaordførar, revisjon og plansaksbehandling.

Godtgjersla til folkevalde har og ei lita reduksjon, som kan grunngjevast med at det vart budsjettert ekstra her til folkevaldopplæring i inneverande år. Sjølv om det er ein reduksjon frå 2024 til 2025, er det ein lite vekst frå året før (2023).

Tilleggsløyvingar er vidareført på same nominelle nivå som i 2024. Det betyr at formannskap og ordførar til saman disponerer kr. 100 000 i tilleggsløyvingar. Ordføraren har totalt kr 25 000 av samla tilleggsløyvingar, dette dekker også gåver ved representasjon.

Støtte til kommunestyregruppene er vidareført med kr. 50 000 for 2025.

Innanfor område plan er det sett av kr 900 000 til kjøp av konsulenttenester. Dette er ein auke med kr 300 000 frå revidert budsjett for 2024. Budsjettet på konsulenttenester må samsvara med planstrategien vår. Konsulenttenester er nytta hovudsakleg når me jobbar med planar opp mot plan- og bygningslova.

Revisjon føl av særutskrift for kontrollutvalet, det er foreslått ein reduksjon på område tilsvarande 25,1 %.  Administrasjonen vurderer aldri framlegg til budsjett innanfor dette område og viser til særutskrift frå kontrollutvalet for nærare informasjon.

## Ansvar 1140 utval og råd

På dette ansvaret fører me kostnader til eldreråd/råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og arbeidsmiljøutval. Samla er det budsjettert ein auke på kr 4000. Denne auken er knytt til bedriftshelsetenesta si deltaking i arbeidsmiljøutvalet (konsulenttenester).

Møtegodtgjersla for desse utvala blir framleis ført på 1100. I all hovudsak er den budsjetterte endringa ei tilpassing til faktisk drift. Når det gjeld ungdomsrådet er posten for opplæring og kursutgifter budsjettert på eit nivå som er i samsvar med forventa bruk, det er vidareført ein tiltakspott for ungdomsrådet på kr 15 000.

## Ansvar 1192 kommune og stortingsval

Det er Stortingsval i 2025 og det vert såleis budsjettert noko kostnader her, hovudsakleg til personalkostnader, men òg opp mot valutstyr og leige av lokale. Dersom me vurdera gjennomføring av røysteperioden i eigne bygg, kan det gje ei innsparing på leigeutgifter på 15.000, samt noko innsparing knytt til bemanning.

## 4.1.1.2 Administrasjon og felleskostnader

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Revidert budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev. budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **1120** | Rådmannskontor | 10 359 624 | 10 482 523 | -1,2% | 11 571 464 |
| **1150** | Administrasjonsbygg | 80 000 | 30 000 | 166,7 % | 124 792 |
| **1180** | Fellesfunksjonar | 8 107 777 | 6 790 397 | 19,9 % | 9 534 093 |
| **1181** | Tillitsvald | 872 286 | 884 144 | -1,3 % | 936 149 |

### Ansvar 1120 Rådmannskontoret

Ansvaret dekker stort sett alt av kommunale stabsfunksjonar slik som økonomi, løn, innkjøp, IT, personal, kommunikasjon, eigedomsskatt og kvalitet. I tillegg ligg mellom anna beredskap til dette ansvarsområde.

På rådmannskontoret er det ein reduksjon på -1,2 %. Dette skuldast blant anna at stillinga som assisterande rådmann vert sett i vakanse i 2025. I tillegg reduserer me konsulenttenester med kr 700.000. Bruk av konsulenttenester er hovudsakleg knytt til lønsfunksjonen der me har avtale med Azetz, som grunna ei sårbarheitsanalyse bistår med oppgåver opp mot lønsføring i det daglege, og særskilt opp mot feriar og anna fråvær. Lønssystemet er eit komplekst fagområde, både med system og prosess, men det har òg ei kompleksitet knytt opp mot avtaleverk. Løysinga med konsulent har ikkje gjeve den støtta me har ønskt for inneverande år.

Når denne konsulentposten blir foreslått redusert, er det med bakgrunn i at me vurderer det meir tenleg på kort og lengre sikt å tilsetja ein løns- og personalmedarbeidar i fast stilling. Stillinga er difor lagt inn i samla lønsbudsjett. Økonomisk vil det om lag koma likt ut, men gevinsten med å ha denne ressursen i eige hus er vesentleg.

Funksjonen *beredskap* er vidareført om lag som i dag med kr 116 000. Dette dekker lisens på UMS varsling, satellittelefonar og overføring til Bergen kommune som held sivilt beredskapslager for kommune, og RAYVN, som er rapporteringssystemet me nyttar til registrering av store og små kriser.

## Ansvar 1150 Administrasjonsbygg

Ansvaret er vidareført som i dag, men me har valt å samla innkjøp av tilfeldig inventar på dette ansvaret framfor å ha mindre avsetjingar til dette på dei einskilde ansvarsområda. Årsaka til at me gjer det er at me då ikkje vil ha trong for å ha ein liten buffer på kvart ansvarsområde knytt til moglege utskiftingar av kontorstolar og bord. Det er samla sett av kr 80 000 til føremålet. Dette beløpet er auka frå 2024, og har samanheng med behov for noko oppgradering i samband med ombygging. Dersom dette beløpet vert for lite, viser me til at kommunedirektøren får fullmakt til å gjera naudsynte tilpassingar på tvers av ansvarsområda for å ivareta naudsynte kjøp.

## Ansvar 1180 Fellestenesta

Under dette ansvaret ligg felles sekretariat, IKT lisensar og driftsavtaler, telefonikostnader, kontingentar og kjøp av konsulenttenester som dei største postane.

Bemanning i kommunen si post- og arkivteneste er i realiteten vidareført på same nivå som i 2024, med ei lita reduksjon då deler av lønsutgiftene vert ført på val (ansvar: 1192).

Ei stadig utvikling mot meir digital kommunikasjon og større krav til fagsystem og integrasjonar har auka kostnader på dette område som ei naturleg nedside. Den potensielle vinsten av ein del av dei same systema vert ført på tenesteområda.  Ein meir digital kommune er også monaleg meir sårbar for både tilfeldige hendingar og handlingar gjort med vonde forsett. Det ligg inne midlar for e-læring og gjennomføring av ulike tryggleikstiltak, det ligg likevel ikkje inne midlar til avtaler om særskilte innsatsgrupper for IT tryggleik.

Samarbeidsavtalen med IKTNH er signert og me er i gong med implementering inn i fellesskapet. Kostnader knytt til implementert i fellesskapet er om lag 1.mill. I tillegg kjem ei kvartalsvis driftskostnad på kr 660.000. Samla sett vert denne posten auka monaleg frå 2024. Samstundes reduserer me konsulenttenestene samanlikna med rekneskapet i 2023. Fram til no har me nytta Atea i stor grad når det gjeld drift, lisensar og supportstøtte på IT. Dette samarbeidet vert fullt ut erstatta av IKTNH i fortsetjinga.

Lisensar er redusert med kr 830.000, og har samanheng med overgang til IKTNH.

I 2023 er det gjort ei rekkje endringar av fagsystem, dei viktigaste endringane er at det er innført nytt fagsystem for barnevern, sosial, nytt sak og arkiv system, innkjøpssystem, ny nettside og intranettløysing. Det har ikkje vore like omfattande endringar i 2024, men det har vore arbeidd med å vidareutvikla fagsystema og noko opplæring, både internt og med eksterne ressursar.

Det er vidareført ein post tilsvarande kr. 180.000 til felles opplæringstiltak, dette er mellom anna felles leiaropplæring, kurs innan IT eller andre felleskurs i verksemda.

Bedriftshelseteneste og velferdstiltak for heile verksemda vert også ført  på dette ansvarsområde.

Det er lagt inn kr 300.000 avlevering av arkiv i 2025. Me vil ha fokus på avlevering av personalarkiv, fortrinnsvis i løpet av 2025. Me er samstundes i gong med eit samarbeid med IKA-Hordaland for digitalisering av bygg-, plan- og oppmålingsarkiv. Det er ønskjeleg å vera i gong med denne prosessen i løpet av 2025, men me vil truleg jobba vidare med det også i 2026.

Det er ønskjeleg å gjera ei justering av dette ansvaret frametter, slik at post- og arkivtenesta vert skilt frå andre fellesfunksjonar. Dette er ei rein teknisk tilpassing og vil ikkje har budsjettmessige konsekvensar. Det vert lagt til grunn at denne endringa kan gjerast administrativt.

## Ansvar 1181 tillitsvalde

Frikjøp av tillitsvalde vert rekna som del av kommunen sine administrasjonskostnader. Hovudavtalen for kommunalt avtaleområde regulerer frikjøp av tillitsvalde. I verksemda vår er det no tre organisasjonar som er så store at dei har rett på frikjøp. Dette er Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Norsk sjukepleieforbund (NSF). Kostnader på dette område vert i realiteten regulert gjennom Hovudavtalen mellom KS og forhandlingssamanslutningane på arbeidstakarsida. Fagforbundet har frikjøp tilsvarande 0,65 årsverk, medan Utdanningsforbundet har frikjøp tilsvarande 0,2 årsverk, NSF har frikjøp tilsvarande 0,1 årsverk.

Personvernombod har vore delvis knytt til dette ansvaret. Denne funksjonen vil bli ivareteke i samarbeidet med IKTNH, som har eit eige personvernombod for kommunane. Denne samarbeida med kommunane, som vidare må sikra omlag ei 20 % stilling knytt mott sikkerheit. Denne ressursen vil bli trekt frå andre oppgåver knytt til ansvar 1120.

Hovudverneombod har rett på frikjøp etter arbeidsmiljølova og det er vidareført eit frikjøp tilsvarande 20 % av stillinga. Utover dette pliktar arbeidsgjevar å legga til rette for at hovudverneombod får tid til å utføra sine oppgåver.

## 4.1.2. Næringsutvikling, reiseliv, veterinær og alkoholomsetnad - data

Tysnes kommune har i dag eit ansvarsområde for næringsutvikling og eitt for reiseliv. Forutan dette vert det ytt støtte til veterinærtenester for landbruket og sikra forvaltningsmessig oppfølging av alkoholomsetnad. I det understående vil me vise litt tal frå KOSTRA, talgrunnlaget her er stort sett knytt til ansvar for næringsutvikling og reiseliv.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 136 | 207 | 285 | 302 |
| Kostragruppe 05 | -273 | 23 | 135 | 314 |
| Landet uten Oslo | 77 | 195 | 277 | 184 |

Figuren over viser netto driftsutgifter til tilrettelegging og hjelp for næringslivet. For Tysnes kommune er det reiseliv, og råd og rettleiing gjennom kommunen som vert ført på denne funksjonen.

Tysnes kommune nyttar litt meir ressursar på desse områda enn landsgjennomsnittet og om lag det same som kommunar i vår kostragruppe.

Tysnes kommune endar opp som nr. 150 av alle kommunar på NHO sitt næringsbarometer. Dette er eit lite opprykk frå plasseringa som nr 176 i 2023. Meir informasjon om dette kan lesa om i rapporten her: NHO sitt næringsbarometer

## 4.1.2.1 Næringsutvikling og reiseliv

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Revidert budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev. budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **1430** | Næringsutvikling | 342 942 | 192 942 | 77,7 % | 100 450 |
| **1434** | Reiseliv | 706 000 | 766 000 | -7,8 % | 897 299 |
| **1455** | Veterinær | 0 | 200 000 | -100 % | 167 927 |
| **1456** | Veterinærsamarbeid | 0 | -31 200 | -100 % | 24 648 |
| **1434** | Alkoholomsetnad og kontroll | -10 000 | -8 306 | 20,4 % | -211 |

## Ansvar 1430 næringsutvikling

Området næringsutvikling er vidareført på same nivå som i 2024, men med ei auke for kontingent i Invest in Sunnhordland. Det er lagt inn kr. 150.000 til dette, men det skal arbeidast med å få deler av dette finansiert eksternt. Kjøp av tenester frå Atheno vert vidareført med kr 100.000 og er då i fyrste rekkje tenkt som ei støtta til nyetablerarar og verksemder i omstilling. Avtalen med Atheno skulle vore fornya i 2024. Sjølv om den ikkje er fornya, som planlagt i 2024, vert med fakturert for denne støtta. Me må sjå på avtalen i løpet av fyrste del av 2025.

Området vart styrka i 2024 i samsvar med politisk vedtak om å auka tilskot til næringsutvikling, rettleiing og samlingar, herunder støtte til First Lego League med kr 100.000.

## Ansvar 1434 reiseliv

Innan område reiseliv har me lagt opp til ei vidareføring av budsjettet slik det låg i 2024. Endringa er i all hovudsak knytt til korleis me fører faste driftstilskot. Når mellom anna årleg kostnad for Miljøfyrtårn vert ført på dette ansvaret så er det knytt til at dette var ein del av Visit Sunnhordland sitt prosjekt for berekraftige reisemål.  Reduksjonen er gjort for å redusera omfang av drifta.

Me hadde ein vekst på dette området i 2021 etter at me tilslutta oss Visit Bergen, samla kostnader til kontingentar og driftsavtalar  på dette område er slik:

| | |
|---|---|
| Visit Sunnhordland | Kr 40 000 |
| Visit Bergen | Kr 55 000 |
| Miljøfyrtårn (kontingent og re-sertifisering) | Kr 66 000 |
| Geopark Sunnhordland | Kr 70 000 |
| Avtale om Turistinformasjon | Kr 100 000 |

| | |
|---|---|
| Avtale Bruntveit Landhandel | Kr 25 000 |
| Tilskot Hordfast | Kr 0 |
| SUM | Kr 406 000 |

Forutan desse kostnadene kjem også leigeutgifter til servicerom/venterom på kaien, lysing i Bladet Tysnes si sumaravis og noko driftskostnader for Våge gjestehamn inn på dette ansvaret.

Mot revidert budsjett i 2024 ser det ut som området har ein nedgang med 7,8 %. Desse tala inkluderer bruk av disposisjonsfond (erstatning på 2.mill. frå Vestland fylkeskommune- satt på fond) med kr 150.000 til husleige av servicebygg/venterom i Våge.

Avtale for turistinformasjon er regulert opp med kr. 20 000, det er i tillegg lagt inn kr. 100 000 til tilskot til Lego First League på dette området, dette imidlertid med funksjon for næring (som nemnt over under 1430).

## Ansvar 1455 Veterinær og ansvar 1456 Veterinærsamarbeid

Frå 2025 er området og dei tilhøyrande tilskota overført området for landbrukssamarbeid.

## Ansvar 1460 alkoholomsetnad og kontroll

Ansvaret for alkoholomsetnad og kontroll ligg til næringsutvikling som ein naturleg konsekvens av at verksemder får sals- og skjenkeløyve og høve til å selja tobakk. Aktiviteten på område vert vidareført som i dag.

Tysnes deltek i eit kommunesamarbeid der Sauda kommune er vertskap for kontrollverksemda. Avgifter til løyver vert fakturert i samsvar med gjeldande forskrifter. Samanlikna med tidlegare år vert sals- og skjenkegebyr auka til kr 110.000. Det gjer at me samla sett får ei endring på 20,4 % mot revidert budsjett i 2024.

## 4.1.3 Kyrkjeleg administrasjon

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Revidert budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev. budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **1570** | Kyrkjeleg administrasjon | 3 020 000 | 2 882 777 | 4,8 % | 2 795 272 |

Kommunen har ansvar for lokal finansiering av den norske kyrkja lokalt. Dette ansvaret er heimla i trossamfunnslova § 14, 2.- 4.ledd. :

*«Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.*

*Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.*

*Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i kirkebygg og tilhørende varige driftsmidler.»*

Forutan tilskot til kyrkjeleg administrasjon har kommunen også ansvar for drift og forvaltning av gravplassar. Dette tilskotet vert gjeve gjennom tenester og ikkje som direkte tilskot til Kyrkjeleg fellesråd, budsjettmessig vert tenestene ført på hovudkapitel 4 – teknisk drift.

Figuren nedanfor viser Tysnes kommune sine netto driftsutgifter per innbyggjar til kyrkjeleg administrasjon.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 1 209 | 1 224 | 1 304 | 1 338 |
| Kostragruppe 05 | 1 106 | 1 091 | 1 134 | 1 229 |
| Landet uten Oslo | 729 | 670 | 693 | 723 |

For få år sidan viste same oversikten at våre netto driftsutgifter var lågare enn kostragruppa, samstundes som me låg over landsgjennomsnittet. No viser oversikten imidlertid at driftsutgiftene også ligg over gjennomsnittet i kostragruppa.

*Fig. 4.1.4.1: Netto driftsutgifter per innbyggjar til den norske kyrkja (390)*




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 375 | 417 | 370 | 382 |
| Kostragruppe 05 | 104 | 116 | 115 | 131 |
| Landet uten Oslo | 92 | 94 | 98 | 107 |

Figuren viser Tysnes kommune sine utgifter til gravplassar per innbyggjar. Figuren viser eit høgt forbruk samanlikna både med kostragruppe 05 og landet elles. Dette skuldast dei mange gravplassane i kommunen.

Kyrkjeleg administrasjon er i stor grad vidareført slik som revidert budsjett i 2024. Auken er i stor grad knytt til at det vert budsjettert med husleige for lokala på det gamle lensmannskontoret tilsvarande kr. 120.000. Kyrkjeverje har sendt over framlegg til budsjett med eit netto utgiftsnivå tilsvarande kr. 3 519 936. I kommunedirektøren sitt framlegg er ikkje dette ynsket oppfylt.

## Forslag til framtidige justeringar på sentraladministrasjonen

Me må vurdera moglegheita for innsparingar og justeringar utan at det går ut over kvaliteten på dei tenestene me skal levera på. Blant anna kan me sjå på moglegheita for å effektivisera tenestene gjennom digitalisering, både av arbeidsprosessar og innbyggarkommunikasjon. Eit døme på dette kan vera å få montert ein kommunevert. Ein kommunevert er ei digital mottaksløysing der innbyggarane kan søka informasjon og kontakt gjennom ein interaktiv touch-skjerm. Med ei slik løysing kan me hjelpa innbyggarane våre å bli meir sjølvhjelpne og samstundes oppretthalda servicegraden og få frigjort tid eller ressursar til andre oppgåver. Ein kommunevert er ikkje lagt inn i budsjettet, men vil liggja med ein kostnad på om lag 49.000 per år (omrekna frå månadsleige).

Ei anna moglegheit for innsparing er gjennom kommunesamarbeid om betening av sentralbord/hovudtelefon. Det er i dag fleire kommunar i IKTNH som samarbeider om å betena sentralbordet for alle kommunane på gitte dagar og tidspunkt. Dette kan frigjera ressursar som i dag betener telefonlina frå kl. 09.00-15.00/5 dagar i veka, til andre oppgåver. Vil kunna gje god effekt i kombinasjon med kommunevert.

Ved å få fleire digitale verktøy som kan effektivisere arbeidsprosessar, må me sikra at tilsette har dei ferdigheitene som trengs for meir digital kvardag.

Vidare må me vurdera fortløpande rom for innsparing på møter og kurs-reiser. Parallelt som me ønskjer å sikra ei fagleg utvikling, må me vurdera om det er mogleg å redusera kostnader knytt til fysiske møter og reisekostnader ved å nytta videokonferanse og digitale samarbeidsverktøy. Dette kan både spare tid og auka effektiviteten.

Dersom tilsette har ønskje om redusert arbeidstid i lys av livsfasepolitikk, kan ei slik tilrettelegging gje rom for innsparing samstundes som me får behalda den tilsette.

Til slutt må det vurderast om stillingar som blir ledige ved naturleg avgang, kan stå ubesette utan at det går utover effektivitet og tenesteleveranse.

# 4.2 Oppvekst

| | Budsjett 2025 | Endring | Rev. Budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **SUM OPPVEKST** | 98 251 276 | 1,4% | 96 879 769 | 97 417 996 |

Samla har oppvekstområde ein vekst på  1,4 % samanlikna med revidert budsjett for 2024.

Frå 2025 er kultur, bibliotek, Tysneshallen og frivilligsentralen organisert under hovudområde for oppvekst, men frivilligsentralen er ikkje teke med i tala over.

## 4.2.1 Grunnskule

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Endring | Revidert Budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **2100** | Fellestiltak skulane | 3 499 659 | - 17,6 % | 4 244 906 | 2 381 656 |
| **2120** | Onarheim skule | 6 480 925 | - 1,6 % | 6 583 555 | 5 911 395 |
| **2140** | Tysnes skule | 26 261 305 | 2,3 % | 25 660 312 | 25 486 065 |
| **2150** | Uggdal skule | 17 199 041 | - 0,2 % | 17 230 717 | 15 727 419 |
| | **Sum grunnskule** | **53 440 930** | **- 0,01%** | **53 719 490** | **49 506 535** |

Samla sett på området grunnskule er det ein nedgang. Hadde ein følgt opp med normal lønn og prisvekst som er på 4,1 % så er dette eit betydeleg nedjustert budsjett i forhold til 2024. Det er ei lita auke på Tysnes skule. Noko av grunnen er at rektor si stilling ligg inne med 100 %. Tidlegare har noko av stillinga vore på vaksenopplæring. Nedgangen i fellestiltak skule er i hovudsak skyss, og tilskot til kompetansemidlar.




Figuren viser at Tysnes kommune har eit noko høgare utgiftsbehov for å dekka grunnskuletilbodet enn gjennomsnittet for kommunar u. Oslo og kommunar i Tysnes si KOSTRA gruppe.

Ressursbruken er litt høgare enn utgiftsbehovet i seg sjølv, men ein ser at ein ligg lågare enn andre kommunar i vår Kostra gruppe.

Skulane ligg på norm i forhold til kor mange elevar det skal vere per lærar. På ein grunnskole skal forholdet mellom elevar og lærarar i ordinær undervisning i gjennomsnitt maksimalt vere

- 15 elevar per lærar på 1. til 4. trinn
- 20 elevar per lærar på 5. til 7. trinn
- 20 elevar per lærar på 8. til 10. trinn.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 11,1 | 10,7 | 11,5 | 11,2 |
| Kostragruppe 05 | 10,4 | 10,3 | 10,4 | 10,2 |
| Landet uten Oslo | 12,8 | 12,7 | 12,6 | 12,5 |

Figuren viser gjennomsnittleg gruppestorleik frå 1. til 10. trinn i Tysnes kommune. Me ligg over Kostragruppa som me kan samanlikne oss med, men under landet utan Oslo.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 12 870 | 14 005 | 14 913 | 15 978 |
| Kostragruppe 05 | 13 092 | 13 978 | 14 425 | 15 970 |
| Landet uten Oslo | 11 783 | 12 490 | 13 057 | 14 266 |

Figuren viser netto driftsutgifter per innbyggjar. I forhold til kostragruppe 5 ligg me jamt, og litt over landet utan Oslo.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 117 551,4 | 129 733,7 | 132 601,2 | 144 053,9 |
| Kostragruppe 05 | 121 474,2 | 132 794,9 | 136 264,9 | 151 592,2 |
| Landet uten Oslo | 101 161,2 | 108 140,2 | 113 283,3 | 124 600,6 |

Figuren over viser korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule per elev. Figuren er inflasjonsjustert med deflator og viser at Tysnes kommune har eit litt lågare driftsnivå enn kommunar i vår Kostragruppe og noko høgare enn landet elles.




| | Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO | Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker |
|---|---|---|
| **Tysnes** | **68,3 %** | **31 578** |
| Kostragruppe 05 | 53,8 % | 37 361 |
| Landet uten Oslo | 64,3 % | 38 758 |

Figuren til venstre viser del av våre barn frå 6-9 år som nyttar kommunalt SFO tilbod, utviklinga har vore at stadig fleire born nyttar dette tilbodet. Dette har innverknad på kostnader og bemanning av det samla tilbodet.

Regjeringa har frå hausten 2024 innvilga 12-timars gratis SFO-tilbod til alle elevar på 1. , 2., og 3. trinn. Dette gjev ei stor auke i tal elevar på SFO og ein nedgang i inntektene.

Tysnes kommune tapar inntekter og må likevel ha ressursar til at alle barn skal få tilbod om SFO plass.

Ein heiltidplass er 20 timar i veka. Ein halvtidsplass er 12 timar og den er gratis for 1. 2. og 3. trinn. Det gjer at me har mange barnefamiliar som berre nyttar gratistilbodet.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 67,9 % | 70,3 % | 63,4 % | 56,0 % |
| Kostragruppe 05 | 45,7 % | 46,3 % | 44,8 % | 44,7 % |
| Landet uten Oslo | 22,8 % | 23,0 % | 23,3 % | 23,4 % |

Skuleskyss er ein av dei funksjonane som fører til at kommunen har høge utgifter til grunnskule. I Tysnes kommune er det i 2023 56 % av elevmassen som får skyss. Dette varierer frå år til år. Hausten 2024 er det 66 % av elevane som må ha skuleskyss dette skuleåret:

- Onarheim skule: 11 av 27 elevar får skyss
- Uggdal Skule: 95 av 107 elevar får skyss
- Tysnes Skule: 121 av 205 elevar får skyss




Tysnes kommune har ein elevtalstopp i 2025. Hausten 2024 er det 340 elevar i grunnskulen.Etter det viser grafen nedgang i elevtal i åra framover

Figuren til venstre viser forventa utvikling av utgiftsbehov for grunnskule som følgje av demografisk utvikling.

## Ansvar 2100 Fellestiltak skulane

Til dette ansvaret ligg kjøp av PP tenester frå Stord kommune, som er ei teneste som alle kommunar må ha. Me betaler i 2024 ca. 1,7 mill. kroner for dette.

I august 2024 kom det ny Opplæringslov. Her er det kommen inn fleire nye paragrafer til dømes personleg assistanse, som betyr at elevar har rett til personleg assistanse dersom dei treng det for å kunne delta i opplæringa og ha tilfredsstillande utbyte av den. Det er forventa at skulane skal gje individuell tilrettelegging og tilpassa opplæring. Dette kan føre til fleire vaksne inn i skulen.

Skulen sine IKT kostnader ligg på dette område. Dette er i hovudsak vidareført som tidlegare trass i at me no er kommen inn i eit samarbeid med IKTNH. I ein overgang vil det kanskje vere ekstra utgifter for etablering og før ein har fått avslutta inngåtte avtalar. Det er ein nokre avtalar som har over 1 år med oppseiing.

Fagområdet er styrka med ei stilling som skulefagleg rådgjevar. Barnehagar og skular har gjennom ei årrekkje vore utsett for store endringar. Ny læreplan, Oppvekstreforma, Kompetanseløftet for spesialundervisning og inkluderande praksis, Desentralisert kompetanseheving, Olweusprosjektet, og ny barnehagelov og no ny opplæringslov. Det er eit krevjande arbeid å få dette implementert i alle einingane våre. Stillinga som Skulefagleg rådgjevar er med på å driva og koordinera dette utviklingsarbeidet vidare.

Skuleskyss vert også ført på dette ansvaret. Det er lagt inn ein sum på 1,6 mill. basert på rekneskap 2024.

## Ansvar 2120 Onarheim skule

Onarheim skule har hausten 2024, 27 elevar, det kom inn tre nye elevar på 1. trinn. I det siste har det kommen ein del søknader frå elevar på mellomtrinnet om å flytte til Tysnes skule for å få ta del i eit større fellesskap. Her skal barna si stemme bli høyrt. Det er hausten 2024, 5 elevar på 5. trinn. Elevane på 6. og 7. trinn har søkt og fått overflytting til Tysnes skule. Dette gjer at me har 3-delt skulen dette året, og tatt bort 1,4 årsverk. Onarheim skule har også vedtak om spesialundervisning og personleg assistanse jf. Ny opplæringslov. Det er per i dag 3 fagarbeidarar på skulen, som også driftar SFO.

Talet på elevar som har plass i SFO ligg på mellom 11 – 20 elevar. Dette endrar seg dag for dag. I haust og vinterferie og vekene før skulestart er SFO samlokalisert med Uggdal skule sin SFO. Det er 13 mottakar av faktura på Onarheim.

Den samla bemanningsramma for skuleåret 2024/2025 er redusert frå 8, 6 til 7, 6. Dersom alle elevar vert verande på Onarheim skule vil ein måtte auke i lærarstilling til hausten igjen. Det har vist seg dei siste åra at det er vanskeleg å rekruttere lærarar til Onarheim, og det må me også ha med oss når me tenkjer vidare utvikling av skulen.

Onarheim skule vil måtte betale meir i straum neste år, pga. at dei ikkje deler bygget med andre tenester. Sfo bruker dei gamle barnehagelokala.

Uteleikeplassen på Onarheim skule treng oppgradering. Dei har fått ei utviding med tanke på at barnehagen har flytta, men området er slitt, uoversiktleg og veldig oppdelt. Ballbingen som står midt på uteleikeplassen er Onarheim Idrettslag sin og denne burde vore oppgradert og flytta.

## Ansvar 2140 Tysnes skule

Tysnes skule har 2 parallellar på alle trinn og 205 elevar på skulen hausten 2024. 200 % administrasjon og litt over 20 lærar-årsverk. (27 lærarar) 4,24 assistentårsverk. I tillegg har dei kontormedarbeidar som sit på Tysnes skule, ho arbeidar også for dei andre skulane om til dømes skyss, innkjøp og liknande.

Tysnes skule har 2 grupper med flyktningar, noko som utløyser 2 heile lærarårsverk, desse stillingsressursane vert ført på ansvar for flyktningar. Minimum 20 % av rektor si stilling går med til å administrere denne undervisninga. Det er per i dag 14 stk. som har introduksjon norsk og ein veit om 5-6 til som kjem til januar 2025. Det er ikkje tilført ekstra administrasjon ressurs til Tysnes skule, men det er lagt inn bruk av inntekt på flyktningområdet, som utjamnar på botnlinja.

Skulen nyttar også meir pengar på tolk. Dette gjeld også Uggdal skule.

Ungdomskulen treng nye vindauge i 2. etasje og ein treng solskjerming på sida ut mot ballbingen. Det er også stor slitasje på skulen og det går veldig mykje tid og pengar til vedlikehald av bygget. Dette må vurderast utifrå den økonomiske situasjonen me står i, og i samanheng med HMT-tiltak og vedlikehaldsbudsjett.

## Ansvar 2100 Uggdal skule

Uggdal skule har dette året 107 elevar. Skulen har liten plass og det er planlagt at i 2025 skal ein få utvide slik at ein får eit fellesrom ekstra (som også kan nyttast til klasserom). Bibliotek kjem til å få ein meir sentral plass, og det er viktig med tanke på at dei jobbar med å betre leseutviklinga til elevane.

I dag har skulen svært liten arbeidsplass til lærarane og dette vil også bli utbetra i oppgraderinga av skulen. Dette arbeidet er påbegynt ilag med brukarane og endringane blir gjennomført slik det ligg i investeringsplanen. Ein må også rekne med at det vil føre til ekstra utgifter til innbu og innventar når dei nye areala er klar.

I dag har Uggdal skule 200 % administrasjon og ca. 10 lærar-årsverk (12 lærarar). Dei har 5,15 årsverk fagarbeidarressurs i skuletida.

Uggdal skule har om lag dobla elevtalet på SFO, noko som og har gjort ei auke i fagarbeidarressursar. Det er per i dag 88 elevar på SFO (23 barn med heiltidsplass) og 10 tilsette.

Uggdal ynskjer ein meir praktisk skule for læring og motivasjon jf. Meld. St. 34 (2023–2024) «*En mer praktisk skole» som vart lagt fram i september. «Gjennom praktisk læring får elevene utvikle praktiske ferdigheter og kompetanse. Praktisk læring kan samtidig gjøre det lettere å forstå sammenhengen mellom teori og den virkelige verden, og gi flere mestringsopplevelser i skolehverdagen*.»

Elevar lærer ulikt, og for å leggje til rette for ein inkluderande læringspraksis, må ein nytte handlingsrommet som lovverk og planar gjev, og leggje til rette for meir praktisk tilnærming til læring. Konkret ynskjer dei å byggje drivhus på skuleplassen og ha verkstad med høvelbenk og verktøy i kjellaretasjen. Uggdal skule har også store ønskjer for meir aktivitet og leik på uteleikeplassen, som til dømes ei hinderløype.

Me ser av statsbudsjettet 2025 at me vert trekt 1, 4 mill. kr som fylgje av at me har elevar i privat skule. Dette er elevar som går på Ølve Montessori skule.

## 4.2.2 Barnehage

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Endring | Revidert budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **2200** | Fellestiltak barnehagar | 2 330 391 | - 3,1 % | 2 404 170 | 2 369 430 |
| **2210** | Stjernereiso barnehage | 11 739 285 | 5,7 % | 11 108 732 | 12 575 100 |
| **2220** | Onarheim barnehage | 4 007 325 | 3,7 % | 3 866 053 | 4 174 455 |
| **2230** | Vågsmarka barnehage | 5 630 653 | 10,7 % | 5 087 238 | 5 881 368 |
| **2250** | Lunde barnehage | 6 115 541 | - 5,6 % | 6 480 303 | 7 167 651 |
| | **SUM Barnehage** | **29 823 195** | **3,0 %** | **28 946 496** | **33 655 172** |




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 9 169 | 10 643 | 10 872 | 12 483 |
| Kostragruppe 05 | 8 039 | 8 737 | 9 105 | 10 574 |
| Landet uten Oslo | 9 011 | 9 455 | 9 681 | 10 695 |

Figuren over viser netto driftsutgifter per innbyggjar til barnehage. Her ligg Tysnes over kostragruppe 5 og landet utan Oslo. Det kan ha samanheng med at kommunen har fleire små einingar.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 88,8 % | 92,7 % | 96,9 % | 95,2 % |
| Kostragruppe 05 | 90,8 % | 92,5 % | 92,4 % | 91,6 % |
| Landet uten Oslo | 92,9 % | 93,6 % | 93,6 % | 94,0 % |

Det er attraktivt å gå i barnehage i Tysnes kommune. Heile 95,2 % av barna går i barnehagane våre. Her ligg me over kostragruppe og landet utan Oslo.




Figuren til venstre viser tilhøve mellom utgiftsbehov og ressursbruk innanfor område barnehage. Av figuren kan me lesa at Tysnes kommune har eit høgare utgiftsbehov innanfor denne sektoren enn KOSTRA gruppa vår og landet elles. Ressursbruken viser at det har vore ei auke i 2023 (i 2022 låg ressursbruken på 95 %) Tysnes kommune ligg likevel lågare enn Kostragruppa me kan samanlikne oss med.

Barnehagane har fastlagte krav til bemanning som seier kor mange pedagogar og bemanning det skal vera i ei barnegruppe.



Tysnes kommune ligg over bemanningsnorm som er 6 barn per tilsett. Nasjonalt gjennomsnitt er 5,7 og Tysnes kommune ligg på 5,6 barn per tilsett i 2023. Dette varierer med opptak av barn.

Bakgrunnen for at me ligg under bemanningsnorma er at mellom anna at me tilbyr 100%, 80% og 60% plassar. Det vil føre til at me kan ha noko ledig kapasitet ein og to dagar. Desse er vanskeleg å få fylt opp. Tysnes kommune har historisk sett også tatt inn barn gjennom året for å yte god teneste for innbyggjarane våre.

Barnehagelova regulerer opptaket i stor grad, det vil sei at alle som søkjer om barnehageplass innan fristen har rett på plass frå den månaden barnet fyller eitt år. For barn født i desember gjeld retten til barnehageplass august året etter barnet fyller eit år (såkalla desemberbarn). Dette skapar noko uføreseieleg bemanningsbehov, og ein vert kanskje gåande med for mykje bemanning i forhold til bemanningsnorm ein periode. Det vil også sei at barn som har rett på plass jf. Barnehagelova § 16 kan føre til at me må tilsette ein ny tilsett sjølv om det berre er eitt barn som er over norma. Frå 2023 er rutine for opptak skjerpa inn litt for å sikra ei betre og meir føreseieleg ressurssituasjon. Barnehagane vert drive som ei eining noko som sikrar at ressursbruken på tvers av barnehagane til ei kvar tid blir optimalisert, dette gjev gode føresetnader for effektiv drift.

Frå hausten 2024 vart makspris for barnehage redusert til kr. 2000 per månad for heil plass, i tillegg kuttar regjeringa prisen ekstra i små distriktskommunar til 1500,-. Tysnes er ein av desse kommunane. Denne reduksjonen gir eit tap i inntekt tilsvarande kr. 1,1 mill. for 2024, for året 2025 vil inntekstapet få heilårseffekt på kr. 2,5 mill. I tillegg har føresette og høve til å søkja om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehagen.

Inntektene går ned som følgje av ny makspris er det også venta ein viss reduksjon i talet på born frå hausten 2024, me veit no at det er 39 born som då skal over i skulen i 2025, og slik tala ser ut p.t. kan me venta eit fødselstal på 21 i 2024, og av desse vil ca. 15 ha lovfesta rett på barnehageplass i 2025. Per. Oktober 24 veit om 2 barn som flyttar til Tysnes.

I inneverande år (2024) hadde Vågsmarka fått satt av 3.mill. kroner til utbygging av personalavdelinga, fleire toalett og til å kunne ta inn fleire barn, og ved budsjettframlegg hausten 2024 vart dette skubba fram til 2025. Dersom ein ikkje skal tenkje strukturelle endringar i økonomiplanperioden kan det vere naudsynt å vurdere ei utviding av bygget i 2025.

Det er ei auke i barn med særleg behov som får vedtak om spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging. Dette er kostbart, og her bør ein kanskje sjå på moglegheitene for å samarbeide mellom barnehagane.

Slik situasjonen er no mtp. dei demografiske utfordingane våre, og «levetida» til Stjernereiso barnehage bør me kanskje sjå på barnehagestrukturen som heilheit.

## Forslag til framtidige justeringar på skule – og barnehageområdet:

løpet av 2025 bør det vurderast ei justering av skulestrukturen i kommunen for å sikre eit meir berekraftig og robust skulemiljø. Eit mogleg tiltak er å overføre enkelte trinn frå mindre skular til større einingar, slik at elevane får eit betre sosialt miljø og at variasjonane mellom skulane vert reduserte. Dette kan bidra til lettare samarbeid mellom skulane og samstundes føre til innsparing på lærarstillingar og støttepersonell. Her kan Onarheim skule vere naturleg å sjå på til hausten 2025.

Me må ut over dette  sjå nærare på den samla barnehage- og skulestrukturen i kommunen, særleg med tanke på den demografiske utviklinga. Me må vurdere kor berekraftig det er å oppretthalde dagens tal på skular og barnehagar. Sjølv om ei slik vurdering kan skape uro, kan det òg gje positive utfall både fagleg, sosialt og økonomisk, samt bidra til ei meir berekraftig drift.

Det bør vidare vurderast å redusere bruk av vikarar for å kutte kostnader, men ikkje utan å ta omsyn til totalbelastning på tilsette og kvalitet i undervisninga.

Når det gjeld vedlikehald og oppgradering av skulebygga, bør det vurderast kor mykje som kan utsetjast, utan at det går utover HMT. For lågt vedlikehald kan føre til forringing av arbeids- og skulemiljøet for både elevar og tilsette, noko som på sikt kan få negative konsekvensar.

Til slutt må det vurderast om stillingar som blir ledige ved naturleg avgang, kan stå ubesette. Demografiske endringar i kommunen vil påverke behovet for tilsette i skulen i åra som kjem, og det kan difor vere naudsynt å redusere talet på årsverk i takt med synkande elevtal. Dette må også gjerast med omsyn til kvalitet og arbeidsbelastning.

Me vil vurdere om opningstida i barnehage kan reduserast til 07.15 til 16.15, noko som vil lette presset på tilsette og bidra til meir føreseieleg bemanning. Økonomisk kan det gi sparing, men det vil skape utfordringar for føresette.

Eit anna tiltak er å stenge alle barnehagane i fire veker om sommaren, noko som vil gi ein innsparingsgevinst mellom 300 000 og 400 000 i året på ferievikarar, i tillegg til mindre behov for reinhald og straum. Tilsette vil få meir føreseieleg ferieavvikling, men dette kan gå på kost av fleksibilitet, og påverke ferieavviklinga i andre kommunale tenester (helse).

I tillegg blir det vurdert å slå saman barnehagane i skulen sin juleferie, noko som vil sikre betre ressursutnytting. Tilsette kan ta ut den femte ferieveka utan å måtte bruke ferievikarar. Mindre reinhald og redusert straumutgifter er ein annan fordel. Samstundes kan dette skape usikkerheit blant foreldre og barn, spesielt med omsyn til tryggleik og trivsel.

Å stenge barnehagane onsdagen før påske vil bidra til mindre straum- og reinhaldsutgifter, og ettersom barnehagane allereie stengjer kl. 12 denne dagen, vil det ha minimal konsekvens for føresette. Tilsette vil også kunne ta ut opptent avspasering.

Ein vurderer òg om 100 % plass bør vere det einaste tilbodet med tanke på plass-storleik. Dette vil gi meir føreseieleg administrasjon og sikre full utnytting av bemanning kvar dag. Då prisskilnaden mellom ulike plass-storleikar er liten, spesielt etter reduserte prisar, vil dette ha minimal påverknad på foreldra.

Eit viktig punkt framover er å sjå nærare på strukturen i barnehagane, spesielt med tanke på at Stjernereiso barnehage nærmar seg slutten av levetida. Det kan vere aktuelt å sjå denne barnehagen i samanheng med Vågsmarka barnehage, som også er gammal, har lite areal til tilsette og få barnehageplassar. Ei samanslåing kan redusere talet på barnehagar. Dette vil føre til lengre reiseavstandar for henting og bringing og kan opplevast mindre fleksibelt tilbod for brukarane.

Når det gjeld Onarheim barnehage, som har fått eit heilt nytt bygg med god plass, bør det arbeidast for å gjere dette til eit attraktivt val for barnehageplass. Det vil likevel vere utfordringar med lang køyretid og redusert fleksibilitet for nokon av brukarane.

### 4.2.3 Kulturskule - Ansvar 2301

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Endring | Rev. Budsjett 2024 | Rekneskp 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **2301** | Kulturskule | 1 624 636 | 17,1 % | 1 387 487 | 1 735 608 |

Auken i budsjett handlar hovudsakleg om auke i stillingsbrøkar og tilføring av kr. 100 000,- i fleirtalsframlegget til formannskapets budsjetthandsaming 26.11.2024. Det er god aktivitet i kulturskulen og høg dekningsgrad. Per i dag er det 89 elevar i kulturskulen, 25 av dei går på teater. Det er venteliste på dans og musikkleik, pga. at det er vanskeleg å få rekruttert lærarar i små stillingar med rett kompetanse. Ein håpar å få opp dette tilbodet rundt nytt år. Dette vil utgjere ei auke i brukarbetaling, og i lønn og eventuelt lokale. Sambruk med Tysnes skule kan vere utfordrande med tanke på at kulturskulen ikkje har eigne rom å disponere og må legge opp sin aktivitet etter kor tid romma er ledige.

Kulturskuletilbodet er sårbart med tanke på små stillingar og tilgjengeleg personell. Ved fråvær går dette utover elevgruppa som ikkje får si undervising som igjen gjer mindre brukarbetaling. Det er vanskeleg å få til eit arbeidsmiljø med kollegaer pga. at

undervisninga er spreidd utover mange dagar og tidspunkt. Ein er heilt avhengig av kreative løysingar for å få kabalen til å gå opp. Tilbodet må alltid tilpasse seg brukargruppa og tilgang på lokale. Elevtilgang er også sårbart i kulturskulen, det er mange som startar opp, men fell i frå av ulike grunnar. Dette krev ein del administrasjon. Tysnes kulturskule har gradert betaling i kulturskulen for familiar med låg inntekt.

Figuren under viser netto driftsutgifter per innbyggjar til musikk- og kulturskule. Tysnes kommune nyttar meir per innbyggjar enn landsgjennomsnittet, men ligg noko under snittet for Kostragruppe 05.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 335 | 426 | 375 | 594 |
| Kostragruppe 05 | 562 | 624 | 623 | 697 |
| Landet uten Oslo | 320 | 345 | 353 | 394 |




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 20 197 | 24 296 | 19 379 | 25 798 |
| Kostragruppe 05 | 26 661 | 30 830 | 29 120 | 34 181 |
| Landet uten Oslo | 22 455 | 24 270 | 25 288 | 27 850 |

Figuren over viser netto driftsutgifter til kommunale musikk og kulturskular per brukar. Til ein viss grad kan utvikling her sjåast i samanheng med at det dei seinare åra er etablert gode tilbod innanfor gruppeundervisning, slik som t.d. musikkleik og teater. Dette er undervisning som kostar monaleg mindre per brukar enn den individuelle undervisninga.

Dette ser me nok også resultata av i figuren under, der me ser at ein når ut til stadig fleire brukarar i målgruppa. Ca 25 % av alle born i gruppa 6-15 år nyttar kulturskulen sitt tilbod. Dette er betre enn gjennomsnittet for Kostragruppe 05 ( 19 %) og landsgjennomsnittet som ligg på om lag 13 %.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 20,3 % | 22,2 % | 28,3 % | 24,8 % |
| Kostragruppe 05 | 20,4 % | 19,6 % | 20,9 % | 19,5 % |
| Landet uten Oslo | 13,2 % | 13,3 % | 13,3 % | 13,0 % |

### Forslag til framtidige justeringar innan kulturskule

For å redusere kostnadene knytt til enkeltundervisning, blir det vurdert å setje ei grense på kor mange som kan få dette tilbodet, sidan det er det dyraste tiltaket. I staden kan det bli gjennomført meir gruppeundervisning, og nokre av dagens enkeltundervisningar kan bli omgjorde til aktivitetar som musikkleik eller musikk for førskuleborn. Det vil òg vere aktuelt å innføre tydelege ventelister for å strukturere tilgangen til tilboda. I tillegg kan ein vurdere å redusere den generelle aktiviteten.

I desse vurderingane må me ta omsyn til redusert fleksibilitet, og at tilbodet ikkje treff. Dette kan føre til færre brukarar totalt sett. Vidare er tiltaka avhengige av at det er tilgjengelege rom og gode arbeidsforhold. Det vil òg bli naudsynt å vere endå meir kreativ for å oppretthalde kvaliteten i tilboda om ein skal redusere på den økonomiske ramma.

## 4.2.4 Vaksenopplæring og opplæring av framandspråklege

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Rev. budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| 2420 | Invandr.- og flyktn.underv. | -312 000 | -312 000 | 0 % | -878 378 |

Dette området gjeld innbyggjarar som har flytta frå land utanfor EØS-område. Ansvarsområde er vanskeleg å budsjettera rett, det er mellom anna knytt til at tilskotsordningane innanfor området er bygd på følsame modellar der ein person til eller frå kan få uforholdsmessig stor inntektskonsekvens.

Me har budsjettert med netto inntekt på kr. 312 000 for 2025. Her kan og kome deltakarar til etter kvart, og me er pliktig til å gje dei eit tilbod ganske snart etter at dei kjem til kommunen. Den seinare tid har me kjøpt denne tenesta frå Bjørnafjorden kommune.

## 4.2.5 Barnevern

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Endring | Rev. Budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **3201** | Barneverntenester | 9 028 379 | 4,1 % | 8 675 299 | 9 288 378 |

Samla viser område barnevern ein auke samanlikna med revidert budsjett for 2024, det er vanskeleg å drøfte den økonomiske utviklinga innanfor dette fagområde om me ikkje også tar med oss korleis budsjettet slår ut per funksjon:

| Funksjon | Funksjon | Budsjett 2025 | Endring | Rev. Budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **2440** | Barneverntenesta | 3 802 772 | 3,9 % | 3 661 095 | 4 676 187 |
| **2510** | Barneverntiltak i familien | 599 300 | 10,7 % | 541 497 | 608 047 |
| **2520** | Barneverntiltak utanfor familien | 4 626 307 | 3,4 % | 4 472 708 | 4 004 144 |

**Barneverntenesta.** Barnevernsvakta vert kjøpt frå Bergen kommune. Me betalar 38,- per innbyggjar som utgjer 112 000,- i året. I 2023 var det kunn ei registrert henvending. I 2024 har det vore ei uttrykking og eit par telefonkontaktar som resulterte i to bekymringsmeldingar. Det meste av kontakt for både Tysnes kommune og kommunane rundt oss er telefonkontakt med barnevernsvakta i Bergen.

Barnevernet i Tysnes kommune er svært sårbart med tanke på arbeidsmengde. Ein kan ikkje forut sjå arbeidsmengda i løpet av eit år. Med den nye eininga for helsefremjande førebyggjande tenester vil ein i større grad forut sjå at det kan komme meldingar, då saker gjerne har vore drøfta på førehand. Dei einaste uromeldingane ein ikkje bør ha førehandskjennskap til gjeld vald og overgrep i heimen.

Barnevernet i Tysnes er også sårbart i forhold til fråvær i eininga og i forhold til inhabilitet. Det er få tilsette og dersom ein tilsett er borte eller inhabil kan det føre til at tenesta må bruke konsulenthjelp, som er eit svært dyrt tiltak. Lovverket krev at ein overheldt fristane og leverer forsvarlege tenester. Hausten 2024 ser barnevernsleiar at ordninga med eininga for helsefremjande

førebyggjande tenester bidrar til at fleire av sakene som gjerne tidlegare hadde hamna hos barneverntenesta, nå kan løysast på eit lågare nivå. Barnevernleiar og einingsleiar for helsefremjande og førebyggjande tenester har felles møte kvar 2. – 3. veke der saker vert drøfta anonymt.

**Barneverntiltak i familien**. For 2024 ligg kommunen an til å bruke 550 000,- på tiltak retta mot familien, og det er budsjettert for 599 300 for 2025. Dette er en utgiftspost som er svært vanskeleg å forutsjå, då det ofte kan være tiltak barnevernet sjølv kan utføre gjennom tiltaks-arbeidar (rettleiing, observasjonar etc.) Men det kan også være tiltak vi må kjøpe privat/ frå Bufetat grunna mangel på kapasitet, kunnskap eller inhabilitet/ for nære relasjonar til at jobben kan bli utført skikkeleg og etisk forsvarleg.

**Barneverntiltak utanfor familien**. Det ligg an til at tiltak utanfor familien framleis vil være høgt for 2025 (4 626 307). Kommunen kjøper fosterheimsplass frå Crux som kostar ca. 1 500 000, samt har ein fosterforelder frikjøpt for 6G månadleg. Dette er kostnader som truleg ikkje vil endre seg stort i 2025.




Me ser av figuren at Tysnes kommune har eit noko lågare utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet for barnevernstenester. I 2023 nytta me mindre ressursar enn landsgjennomsnittet på denne tenesta.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 6,6 | 6,9 | 8,4 | 8,5 |
| Kostragruppe 05 | 6,1 | 6,3 | 6,4 | 6,4 |
| Landet uten Oslo | 5,7 | 5,8 | 6,0 | 6,1 |

Grafen over viser årsverk i barneverntenesta. Ein ser at i 2022 fekk ein auka opp ei stilling i barnevernet. I forhold til kostragruppe og landet utan Oslo er me godt dekka i eininga. I 2024 har det vore ei stilling i vakanse frå mars av. Pga. anna fråvær og utskiftingar i stillingar har det vore naudsynt å nytte konsulenttenester i tillegg dette året.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 83,0 % | 95,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| Kostragruppe 05 | 91,0 % | 92,0 % | 92,0 % | 93,0 % |
| Landet uten Oslo | 90,0 % | 91,0 % | 91,0 % | 93,0 % |

Tysnes kommune klarar å behandle alle undersøkingar innan 3 månader.

## Forslag til framtidige justeringar innan barnevern:

For å redusere kostnader i barnevernstenesta kan me i løpet av 2025 vurdere ulike tiltak. Eit alternativ er å reforhandle avtalen om barnevernsvakt, då me ser at andre kommunar betaler vesentleg mindre per innbyggjar enn det me gjer i dag. Det blir også vurdert å bruke barnevernsvakter frå andre nærliggande kommunar, som Kvinnherad, Øygarden eller Stord. Eit slikt tiltak vil ikkje fjerne utfordringa med lange avstandar ved utrykking, men det er allereie eit problem i dag, spesielt grunna ferjesambandet som hindrar rask respons. Dei fleste kontaktpunkta vil, og skjer pr i dag via telefon.

Kommunen vurderer også eit tettare samarbeid med andre kommunar gjennom prosjekt som "Små saman". Dette vil gi fordeler som felles fagdagar, rettleiing og moglegheiter for å drøfte saker på tvers av kommunegrensene. Samarbeidet kan også gi kvalitetsstøtte ved fråvær av tilsette, og gje mindre sårbarheit i kvar kommune. Ved å dele ekspertise, som erfaring med foreldrekonfliktsaker, kan dei ulike kommunane dra nytte av kvarandre si faglege styrke og gi betre støtte til kvarandre.

Fleksibilitet i saksbehandlarstillingane er eit anna viktig tiltak som kan bidra til hyppigare observasjonar og meir effektivt tilsyn under samvær. Dette kan òg inkludere barnesamtalar og rettleiing til skular og barnehagar, noko som kan bidra til at ein oppdagar barn som treng hjelp på eit tidlegare stadium. Slik kan ein unngå at barn endar opp i dyrare tiltak, som plassering i fosterheim eller institusjon. Likevel må saksbehandling prioriterast innanfor stillinga for å sikre effektiv oppfølging.

Eit siste alternativ, er å sette heile barneverntenesta ut i eit interkommunalt samarbeid. Dette må i så fall vere ei politisk prioritering. Ei slik ordning vil kunne føre til at kommunen mister nærleik til brukarane, og dårlege ferjetilbod kan gjere det vanskeleg å vere tett på dei som treng hjelp. Det er òg ei fare for at kommunen kan oppleve å bli stemoderleg behandla i eit større interkommunalt samarbeid. Når det er sagt har barneverntenesta gitt tydeleg uttrykk for sårbarheit i eininga i dag, både når det gjeld fråvær, kompetanse, og habilitet i ein liten kommune.

### 4.2.6 Frivilligsentralen

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Endring | Rev. Budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **3600** | Frivilligsentralen | 884 770 | 33,9 % | 660 798 | 668 732 |

Frivilligsentralen er frå 2025 flytta over til hovudområde Oppvekst. Dette er eit direkte resultat av innspel frå sentralen sjølv i 2023, då det var spela inn eit ønskje om å samle kultur, bibliotek og kulturskule. Dette arbeidet er starta, og no ligg disse ansvarsnivåa samla under oppvekst. I det vidare vil me sjå på moglegheit for å samlokalisere ansvara, for mest mogleg effektiv verdisamskaping.

Det vert i budsjettet lagt til grunn ei vidareføring av drifta, auken i budsjettet skuldast fyrst og fremst endring i lønsnivå, etter tilsetting av ny leiar. Ressursane består av totalt 1 årsverk, med fordeling på hhv. 80% / 20%.

Me mottek tilskot på drift av frivilligsentralen. Tilskotet er fast ut i frå stillingar. Kommunen må søkje om tilskot i samarbeid med frivilligsentralen kvart år. Me anslår at tilskotet vil vere om lag kr 490`- for 2025. Tilskotet vil avhenge av den årlege ramma som vert fastsett i statsbudsjettet. Denne ramma skal fordelast på alle dei kvalifiserte frivilligsentralane som søker om tilskot. Statsbudsjettet vert kvart år lagt fram i oktober, men vert normalt ikkje endeleg vedteke før i desember. Talet på frivilligsentralar vil komme fram av den årlege søknadsrunden, og kommunane skal overføre tilskotet i sin heilskap til frivilligsentralane.

BUA vert vidareført med same budsjett som i 2024 (netto kr. 54.820). Me vidareførar tilskot til Seniortreff og løn til ungdom i SFO/helse.

## 4.2.7 Kultur / Tysneshallen / bibliotek

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Endring | Rev. Budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **1500** | Kultur | 2 488 782 | 1,6 % | 2 449 491 | 3 608 197 |
| **1501** | Tysneshallen | 360 199 | 146,1 % | 146 351 | 797 801 |
| **1510** | Bibliotek | 1 580 791 | 8,4 % | 1 458 605 | 1 239 564 |

### Ansvar 1500 Kultur

Under kultur ligg funksjonar som ungdomsarbeid, friluftsliv, kunstformidling, idrett, kulturadministrasjon, kulturvern og andre kulturaktivitetar. Kultur vert rekna som eit overskotsfenomen og er knytt til kommunen sin bruk av frie inntekter. Under ser de ein tabell som samanliknar netto driftsutgifter til kultur, samanlikna med kostragruppe 5 og landet (utan Oslo). Dette har auka dei siste åra.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 1 900 | 2 781 | 2 741 | 3 441 |
| Kostragruppe 05 | 3 027 | 3 174 | 3 339 | 3 769 |
| Landet uten Oslo | 2 529 | 2 684 | 2 879 | 3 116 |

*Tysnes kommune bruker litt meir enn kostragruppe 5 og mindre enn landet utan Oslo. Merk at speglingsmidlar frå Tysnes kraftlag ikkje er med i denne grafen.*

Frivillige lag og organisasjonar er svært viktige for Tysnes og det er viktig at kommunen her opptrer mest mogleg føreseieleg. Når det gjeld meir prosjektretta tilskotsordningar slik som m.a. til kulturminnevern så er det lettare å justera denne type tilskot frå år til anna. Rekkjetunet har ikkje eige tilskot, der blir det søkt i tilskotsordninga verna kulturminne.

Tilskota til Årbakka Handelsstad og Kulturløa er knytt til kulturvernplanen vår som særlege viktig kulturminne i kommunen. Sunnhordland museum er også viktig i den samanheng.

Grendatun kino auka me tilskotet til i 2023 frå 30 000 til 50 000,- I avtalen står det at tilskotet kan bli avkorta dersom dei ikkje har 50 framsyningar i året. I avtalen står det også at det skal samarbeidast med skulen om framvisingar som del av skuleundervisninga.

Som fylgje av bortfall av inntekter i statsbudsjettet for 2025 vert det frå kommunedirektøren si side foreslått å ikkje indeksregulere tilskota i 2025.

| ***TILSKOTSORDNINGAR*** | **2024** | **2025** |
|---|---|---|
| *Tilskot til idrett* | 172 000 | 172 000 |
| *Tilskot til song og musikklag* | 310 000 | 310 000 |
| *Ålmenne Kulturmidlar* | 178 000 | 178 000 |
| *Nærmiljøtiltak* | 115 000 | 115 000 |
| *Grendatun kino* | 50 000 | 50 000 |
| *Sunnhordland museum* | 25 000 | 25 000 |
| *Årbakka Handelsstad* | 40 000 | 40 000 |
| *Kulturløo* | 30 000 | 30 000 |
| *Tysnesfest*[1] | 550 000 | 450 000 |
| *Midlar til kulturvern* | 100 000 | 100 000 |
| *Frie kulturmidlar* | 10 000 | 10 000 |
| ***SUM*** | **1 580 000** | **1 580 000** |

Det er i vidare budsjettert med ein fast avtale med Uggdal Bygdalag for drift av dagsturhytte (kr. 15.000) og kontingent til BOF på kr. 76.000.

I løpet av 2025 bør tilskotsordningane vurderast på ny i lys av eventuelle endra behov samt kommunen sin økonomiske stilling.

*Endra i v.1.3 : Budsjettvedtak i kommunestyret desember 2023 auka frie midlar til kulturvern frå 50.000 til 100.000. Dette var ikkje kome med i talgrunnlaget som låg til grunn for 2025-budsjettet. Dette er no retta i v.1.3 av budsjettnotatet.*

[1] Kr 100 000 vert fakturert frå Tysneshallen og frå legekontoret (à kr. 50` )

## Ansvar 1501 Tysneshallen

Det er lagt opp til å nytte 300 000 i straum, her legg me til grunn ei innsparing som fylgje av nye lys i hallen.

Tysneshallen er 20 år i 2024 og er framleis ein hall med stor aktivitet. Etter 20 år er det fleire område i hallen ein må vidareutvikle.

Ein har fått tilsegn frå BUFDIR på eit tilskot på kr. 422 000 til opne møteplassar, fordelt over tre år. Dette tilskotet må nyttast i løpet av 2025 og det skal gå til rehabilitering av kjøken og nytt inventar i vrimleområdet. Her er det krav om 20 % eigenfinansiering. I førre økonomiplan låg det inne kr. 200 000 til lydisolering mellom hall og vrimleområdet. Det er ynskjeleg å vidareføre desse midlane og at dei to prosjekta vert sett i samanheng. Kjøkkenet må ein ta pga. stor slitasje. For at vrimlearealet skal kunne nyttast fult ut, må ein ha lydisolering mellom hall og vrimleområde. Då vil ein få fullverdig utnytting av arealet. Pga. av stor aktivitet er det også slitasje på bord og stolar. Borda som er der i dag er i svært dårleg stand. Det er lagt inn 50 000,- for nye bord i hallen i 2025, det vert samstundes føresett at ytterlegare 50.000 vert søkt eksternt.

Husleige- og arenainntekter er redusert med  ca.80 000 som fylgje av det me har sett så langt av inntekter. Her er eit potensiale for å kunne auke sal av arenareklame. Dette forutset at det er nokon som kan administrere det.

## Ansvar 1510 Bibliotek




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 369 | 431 | 556 | 491 |
| Kostragruppe 05 | 466 | 514 | 541 | 567 |
| Landet uten Oslo | 317 | 339 | 353 | 374 |

Tysnes kommune bruker meir enn landet utan Oslo i driftsutgifter per innbyggjar, men under kostragruppe 5.

Folkebiblioteket har dei siste åra hatt gode tal på drifta og har sett utlånsrekord i 2022 og 2023. Samstundes har medieutgiftene vorte auka opp til eit nivå som er samanliknbart med kommunar av tilsvarande storleik. Når det gjeld fysisk areal og bestand (storleik på samlinga) er biblioteket blant dei minste. Eit godt mediebudsjett har vore viktig for å sikre at tilbodet likevel har kvalitet, allsidigheit og aktualitet (jf. Folkebibliotekloven). Den store bredda har vore ivaretatt gjennom eit interkommunalt samarbeid med Stord og Fitjar folkebibliotek.

Den generelle tendensen på nasjonalt nivå er auke i både besøk og utlån for barn og unge. Samstundes er det slik at leseferdigheitene og leselysta hos norske barn er vesentleg lågare enn før (PISA, PIRLS, Leselyststrategien 2024-2030). Biblioteka kan ikkje snu denne trenden åleine og samarbeid på tvers blir viktigare enn før.

Samarbeid med helsestasjon (Bokstart) og barnehage (Berenettbiblioteket) er så smått i gang. Slike tverrfaglege samarbeid inngår i regjeringas satsing på leselyst «*Sammen om lesing - Leselyststrategien 2024-2030*». Nøyaktig kva økonomiske insentiv som vil følgje med satsinga er enno litt uklart. Sannsynlegvis vil det vere snakk om prosjektbaserte tilskotsordningar, og i liten grad tilskot til drift.

Folkebiblioteket er no også meir involvert i samlingsutviklinga på Uggdal og Onarheim, som følgje av at kommunen har fått tilskot til skulebibliotek frå UDIR. Tilskotet til personalressursar på kr. 525 000 gjeld ut 2025. Deler av tilskotet vert nytta til lesestimulering for barn på SFO.
Når ein ser på framskriving av inntekter og utgifter dei komande åra, er det klart at også lovpålagte tenester som folkebiblioteket hamnar under press.

## Forslag til framtidige justeringar bibliotek:

Ein kan fjerne posten for ekstrahjelp (10300), som har blitt brukt til å dekke ferievikarar. Dette vil føre til redusert opningstid for biblioteket i sommarferien. Biblioteket har hatt godt besøk i ferien, mykje takka vera arrangementet "Sommarles", og utlånet i juli 2024 var på 745 bøker.

Fjerne posten for konsulenttenester (12700), som har blitt brukt til honorar i forbindelse med arrangement. Arrangement og aktivitet er ein lovpålagt del av biblioteket sine tenester, så det er ikkje mulig å kutte denne delen av drifta. Samtidig kan arrangement i større grad utløyse eksterne tilskot, og eit tettare samarbeid innan kulturområdet kan styrke kommunen sin innsats på aktivitetsfronten. Dette gjer rom for samskaping, nytenking og kreativitet.

Redusere mediebudsjettet. Dette inneber at det ikkje vert sett av ein eigen pott til å fornye boksamlingane på Onarheim og Uggdal, og litt mindre til Tysnes skule. Samtidig bidrar dette mediebudsjettet til å oppretthalde dei lovpålagte kjerneoppgåvene på ein tilfredsstillande måte, både for unge og vaksne brukarar.

Nasjonalbibliotekets arbeid med nasjonal digital infrastruktur kan moglegvis bidra til å flytte utgifter vekk frå den einskilde kommunen, på e-bøker, e-lyd, nettsider og andre formidlingsløysingar. Regjeringa si satsing på leselyst kan også styrke innkjøpsordningane for skulebibliotek.

**Utlån per innbyggjar**

| År | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|---|
| Norge | 2,5 | 2,37 | 2,08 | 1,81 |
| 2000-4999 innb. | 3,02 | 2,95 | 2,67 | 2,31 |
| KOSTRA-gruppe 2 | 2,68 | 2,69 | 2,22 | 1,93 |
| Tysnes | 3,1 | 3,02 | 2 | 1,84 |

**Løns- og medieutgifter per innbyggjar**

| ÅR | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|---|
| Norge | 293,07 | 276,37 | 268,1 | 257,03 |
| 2000 – 4999 innb. | 373,82 | 361,34 | 341,42 | 320,7 |
| KOSTRA-gruppe 2 | 292,53 | 290,07 | 277,65 | 265,54 |
| Tysnes | 279,28 | 363,19 | 329,23 | 251,5 |

# 4.3 Helse- og omsorg – hovudkapittel 1.3

| | Budsjett 2025 | Rev. budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **SUM HELSE OG OMSORG** | 105 805 934 | 103 245 888 | 2,5 % | 114 866 739 |

Helse og omsorg har i år eit budsjettforslag som syner ei auke på 2,5 %. Denne auken er sett opp i mot budsjett for 2024. Det vart ikkje gjort justeringar i revidert budsjett 2024 for helse og omsorg. Auke i årets budsjett er direkte knytt til innkjøp av ekstern arbeidskraft og auke knytt til lønnsoppgjer. Rekrutteringsutfordringar og lite tilgang på arbeidskraft gjer at me framleis må nytte ekstern innleige. Det er vidare sett av midlar til velferdsteknologi og digital utvikling innan sektoren, i tråd med strategiplan for leve hele livet, og demografiutfordringane me vil møte i tida som kjem. Tysnes kommune har eit høgare utgiftsbehov samla sett for helse og omsorg samanlikna med landsgjennomsnittet, men nyttar samstundes mindre ressursar enn landsgjennomsnittet på disse tenestene. Helse og omsorg yter i stor grad lovpålagte tenester, som skal sikre at innbyggarane sine grunnleggjande behov vert dekka. Me må i tida framover utvikle tenestene vore i retning av å svare på demografiutfordringane og redusert økonomisk handlingsrom. Det stiller auka krav til meir effektiv nytting av tilgjengelege ressursar – både personellmessige og økonomiske ressursar.




*Figur: Samla utgiftsbehov og ressursbruk for områda helse, pleie og omsorg, og sosiale tenester. Oversikt over det enkelte område kjem under eigne punkt.*

## 4.3.1 Administrasjon

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Rev. budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev. budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| 3000 | Helse- og sosialadministrasjon | 2 136 374 | 2 448 870 | -12,8 % | 670 823 |

Reduksjonen innanfor helse- og sosialadministrasjon frå 2024 til 2025 er knytt til at fjorårets avsetning til velferdsteknologi, er flytta til høvesvis Tysnes omsorgssenter og heimetenesta, i tillegg til noko forventa reduksjon knytt til driftsavtalar i samanheng med overgang til IKT Nordhordland (IKTNH).

Innføring av velferdsteknologi er forankra i samfunnsdelen i kommuneplanen, der det under pkt. 2.2.3 «Strategiar helse/pleie og omsorg» m.a. står: «*Tysnes kommune skal nytta ny teknologi til å frigje og omdisponera ressursar i tenestene for å styrkja kvalitet».* Vidare er det forankra i «Handlingsplan for eit aldersvenleg Tysnes»: I innsatsområde 5 står det m.a. under «Helsehjelp og samanheng i tenestene»: *«..nytte velferdsteknologiske løysingar som sikrar samhandling og personsentrert omsorg».*

Demografiutviklinga understøtter behovet for å nytte teknologi der det er hensiktsmessig, for å frigjere ressursar til direkte pasientarbeid der teknologi ikkje er ei løysing. Å nytte velferdsteknologi kan ikkje erstatte hender og omsorg, men kan gi andre gevinstar, som t.d. auka kvalitet, spart tid og unngått eller utsette kostnader. Den største gevinsten av velferdsteknologi vil vere at kommunen kan auke omsorgskapasiteten sin; gi tenester til fleire eller auke kvaliteten på tenestene – utan å nødvendigvis auke utgiftene (t.d. personell). For brukarane vil dei største gevinstane vera knytt til auka oppleving av friheit, meistring, sjølvstende, verdigheit og fleksibilitet i kvardagen. Dei kan oppleve å komme enklare i kontakt med dei tilsette, samstundes som responstida kan bli redusert.

Det er utarbeida nasjonale tilrådingar om bruk av velferdsteknologi (Helsedirektoratet, 2019). Tysnes Kommune har per i dag tryggleiksalarmar som ein del av tilbodet om helse- og omsorgstenester. Det vert også nytta sensormattar og fallsensorar, men dette er ikkje systematisert.

Me ønskjer å ta i bruk sensorteknologi/digitalt tilsyn, elektronisk medisineringsstøtte og varslings- og lokaliseringsteknologi i nær framtid, og har sett av 500 000 i investeringsbudsjettet til dette føremålet for 2025, og 200 000 i driftsbudsjettet, fordelt på omsorgssenteret og heimetenesta. Ved overgang til IKT Nordhordland, vil me få tilgang til deira avtalar om anskaffing til velferdsteknologi. IKT Nordhordland har ei eiga avdeling for digitalisering og innovasjon (DI), som arbeider med felles anskaffing, innføring, utvikling og implementering av nye digitale tenester og løysningar. Her vil Tysnes kommune få drahjelp til arbeidet med innføring av velferdsteknologi. Det må likevel i stor grad nyttast eigne ressursar,

for å sikre samordning, utarbeiding av rutinar og oppfølging av prosessar (prosjektarbeid). Kostnaden som er budsjettert på drift er forventa kostnad for eitt kvartal, årskostnad vil kunne bli om lag kr. 800`.

Det neste året vil krevje ressursar i fleire einingar ved overgang til IKT Nordhordland og deira programportefølje. Det vil krevje tid for lokale ressursar til planlegging, opplæring og overføring mellom systema.

Det må gjerast hardare prioriteringar knytta til kurs/konferansar det neste året. Kurs som er naudsynte for å oppfylle krav/ivareta forsvarleg tenesteutøving må prioriterast.

### 4.3.2 Helse - data

Til helse ligg fleire funksjonar og ansvar. Helse dekker legetenester, jordmor, helsestasjon, psykisk helse, fysio- og ergoterapi. Frå mars 2024 vart organisasjonsendring iverksett, der helsestasjon, psykisk helse, fysio- og ergoterapi saman dannar eining for førebyggjande og helsefremjing. Tilsvarande er legetenester og jordmor plassert samla i eiga eining.




*Figur: Tilhøve mellom utgiftsbehov og ressursbruk i helse. Ut frå figuren så vert det tildelt mindre ressursar til helse enn kva utgiftsbehovet skulle tilsei.*




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **Tysnes** | **4 102** | **4 735** | **4 881** | **4 817** |
| Kostragruppe 05 | 4 212 | 4 898 | 4 849 | 5 315 |
| Landet uten Oslo | 3 966 | 4 764 | 4 539 | 4 712 |

*Figur: Netto driftsutgifter per innbyggar til kommunehelse, korrigert for utgiftsbehov og inflasjon.*

Med desse justeringane nyttar Tysnes kommune kr. 4817 kroner per innbyggjar. Dersom det ikkje vert lagt inn korrigering er den faktiske netto driftskostnaden per innbyggjar kr. 6865 per år.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 666 | 798 | 1 207 | 764 |
| Kostragruppe 05 | 642 | 768 | 787 | 880 |
| Landet uten Oslo | 713 | 817 | 876 | 978 |

*Figur: Netto driftsutgifter til førebygging, helse- og skulehelseteneste per innbyggjar*




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 2 689 | 3 274 | 3 411 | 3 949 |
| Kostragruppe 05 | 2 777 | 3 274 | 3 482 | 4 028 |
| Landet uten Oslo | 2 322 | 2 648 | 2 877 | 3 252 |

*Figur: Netto driftsutgifter per innbyggjar til diagnose, behandling, Re- og Habilitering*




| | Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk) | Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk) |
|---|---|---|
| **Tysnes** | **17.5** | **11.6** |
| Kostragruppe 05 | 16.2 | 12.0 |
| Landet uten Oslo | 12.9 | 9.7 |

*Figur: Avtalte årsverk lege og fysioterapi per 10 000 innbyggjarar*

## 4.3.2.1 Helse

Til helse ligg offentleg legearbeid og legekontor under eining helse, og helsestasjon, fysio-, ergoterapi, psykiatri og psykisk helse barn og unge, ligg til eining for førebygging og helsefremjing. Endringa i organisasjonsstruktur vart iverksett i 2024.

| **Ansvar** | **Ansvar (T)** | **Budsjett 2025** | **Rev. budsjett 2024** | **Endring 2025 mot rev.budsjett 2024** | **Reknskap 2023** |
|---|---|---|---|---|---|
| **3100** | Offentleg legerabeid | 797 141 | 787 970 | 1,2 % | 2 859 (resten ført under legekontor) |
| **3110** | Legekontor | 10 861 932 | 7 953 531 | 36,6 % | 9 842 271 |
| **3205** | Førebyggande eining | 9 918 466 | - | - | - |
| | **SUM** | **21 577 539** | **8 741 501** | | **9 845 130** |
| | 3120 Helsestasjon (**inkl.jordmorteneste**) | | 1 640 227 | | 1 708 252 |
| | 3130 Fysioterapi | | 1 794 247 | | 1 911 403 |
| | 3140 Ergoterapi | | 1 031 948 | | 900 717 |
| | 3370 Psykiatri | | 2 713 857 | | 2 927 680 |
| | 2910 Psykisk helse barn og unge | | 1 850 756 | | 1 401 018 |
| | **SUM** | | **9 031 035** | | **8 849 070** |
| | **SUM** | | **17 772 536** | | **18 694 200** |

## Ansvar 3100 Offentleg legearbeid/ Ansvar 3110 legekontor

I 2024 vart det gjennomført ei organisasjonsendring, slik at legekontoret kan ha fokus på operasjonell drift. Me er for tida i rekrutteringsprosess av kontorleiar for legekontoret. Etter organisasjonsendringa, ligg også jordmortenesta innunder legekontoret. Ny jordmor er på plass frå desember 2024. Kommuneoverlege er einingsleiar for legekontor og legevakt.

Det er gjort endring innan avløning av leger som gjer kommunen i betre stand til å rekruttere kvalifiserte legar, og som stimulerer til utdanning og til rett ressursbruk, både ved legekontoret og på legevakt. Dette er eit grep som medfører ei auka ressursbruk og også forklarer ein vesentleg del av auken frå 2023 til 2024. Endringa var iverksett halvvegs i 2023. Styrkinga skal sikre forsvarleg, berekraftig operasjonell drift. Full stilling som jordmor gir ein årseffekt på om lag kr. 850`inkl. sosiale avgifter. Med ca 20 fødslar i året vil det å leggje jordmor til legekontoret kunne gi auka fagleg kompetanse generelt hos legane og legevakt, og samstundes gi legekontoret ein ressurs i den generelle drifta.

Lønsbudsjettet for legekontoret vert vidareført med 4 legeårsverk, inklusiv turnuskandidat, alle i fastlønsstillingar. Det er vurdert å setje inn ein lege som delelistelege som ein rein styrking. Dette årsverket er tenkt å ta unna auken i rapportering, oppfølging av digitale henvendingar og krav til dokumentasjon, samt at det er eit rekrutteringstiltak for å sikre kvalifisert personale i forkant av aldersavgang. Dette vert ikkje prioritert å iverksette i 2025 grunna den økonomiske situasjonen kommunen no er i. Me har redusert innleige frå kr. 2,1 i 2023 budsjett, til kr. 1 mill i budsjett for 2024 og 2025. Dette må sjåast i samanheng med at me har endra lønssystem for legevakt med mål om å klare å dekke større del av vakt utan å nytte innleige. Tiltaket er naudsynt om me i fortsetjinga skal kunne oppretthalde eigen legevakt, men vil også kunne føra til lengre ventetider for legekonsultasjon.

Vaktavtale for legar er fullstendig endra og me har gått frå ei løysing der legane får ein liten fastgodtgjersle, men at dei sjølv tar alle eigenandelar og Helfo-refusjonar på legevakt til ei løysing med ei høg fast godtgjersle og at kommunen mottek eigenandeler og Helfo-refusjonar også på vakt. Ved årsslutt 2024 ligg ein an til å ha betalt ut løn for legevakt på i overkant 6,3 millionar. Den nye legevaktsavtalen har i år fått fullårseffekt (oppstart sept. 2023). Dette er bakgrunnen for den store endringa samanlikna med reknskap 2023 og budsjett 2024. Ny vaktavtale medfører betydeleg kostnadsauke. Legevakta betener deler av Kvinnherad, og denne avtalen gir oss ein estimert refusjon på 2,4 mill. Kvinnherad etter avtale skal dekke ca 1/3. av den årlege kostnaden.

Budsjettet for legekontor viser ei total auke på 36%, inkl. legevakt. Budsjettet er no realistisk samanlikna med tidlegare budsjett.

I påvente av å få tilsett kontorleiar, blir det nytta kjent konsulent for å ivareta denne funksjonen. Dette blir sett som naudsynt for å sikre kontinuitet ved legekontoret. Budsjettet er justert med kostnad for konsulent, og budsjettert med tilsetjing av kontorleiar estimert frå mars 2025. Full årseffekt kontorleiar vil vere omlag 850’ inkl sosiale utgifter.

Gjennom avtalen med Sunnhordland interkommunale legevaktsentral, må Tysnes dekke utgift til naudnett, med estimert kostnad kr 120'. Driftsavtalar knytta til IT har vist seg å vere dyrare enn tidlegare budsjettert. Det er her lagt inn ei auke sett mot budsjett for 2024, samstundes som det er ein reduksjon frå kva som er ført i reknskapet for 2023. Her vil overgang til IKT Nordhordland kunne påverke dei reelle tala for 2025.

## Ansvar 3205 førebyggjande eining

Frå 2025 blir ansvar 3120 Helsestasjon, 3130 Fysioterapi, 3140 Ergoterapi, 3370 Psykisk helse og 2910 Psykisk helse barn og unge, samla under felles ansvar 3205 Førebyggande eining. Det nye ansvaret vil så vere delt i 3 ulike funksjonsområder: 2320: Helseførebygging (Helsestasjon), 2410: Diagnose, behandling og rehabilitering (Ergo/fysio), og 2348: Anna førebyggande arbeid (Psykisk helse). Det vil på denne måten vere enklare å få oversikt over forbruk, og gi større moglegheit for å sjå potensielle innsparingsområder (stordriftsfordel). Potensial til innsparing kan ein finne i felles kursbudsjett, innkjøp t.d. knytt til tiltak som «Treffstaden», «Gaminggruppe» og Dagsenter for psykisk helse, og lisensar fagsystem. Sistnemnde må sjåast i samanheng med innlemming i IKT Nordhordland.

Tiltaksarbeidar skal nyttast på tvers av førebyggande eining og barneverntenesta. Førebyggjande eining har 10,2 årsverk.

Tenestene som ligg under førebyggande eining, er viktige førebyggjande tenester som dei siste åra har hatt ein auka fagleg sårbarheit. Vanskar med rekruttering av helsepersonell har vist seg også i desse tenestene, og det har vore særs vanskeleg å rekruttere vikarar ved ulike permisjonar. Ei samorganisering gjer at deler av sårbarheita kan kompenserast på tvers av tenestene. Eininga skal gi eit større fagmiljø innan førebygging, og skal tene og samarbeide med andre einingar.  Eininga har einingsleiar, som skal sikre heilskaplege førebyggjande tenester for innbyggjarane, betre samhandling mellom tenestene og god oppfølging av dei tilsette

Tenestene i eininga gir tenester til eit bredt spekter av innbyggarane; Mange barn og unge har samansette utfordringar, som krev samarbeid og koordinering mellom barn, føresette, barnehage/skule, helsetenester frå kommunen og spesialisthelsetenesta, eller andre eksterne aktørar. Vidare vil ei stadig aldrande befolkning gi meir skrøpelegheit og kompleksitet i helseutfordringar og hjelpebehov blant dei eldre. Denne gruppa bur i støtte grad i heimen utan funksjon til å ivareta eigenomsorg, og har varierande grad av pårøranderessursar. Dette utfordrar tenestene, både helsetenesta dei skal ha, men òg koordinering og samarbeid for å sikre til heilskaplege tenester. Vedtaksbasert helseteneste kan bli svært omfangsrik, kompleks og ressurskrevjande. Dette stiller store krav til samarbeid og koordinering, for å sikre fagleg forsvarlege tenester og effektiv ressursbruk.

**Fysioterapi**dekninga i kommunen er god, samanlikna med andre kommunar når ein ser på det totale tenestetilbodet i kommunen. Me har 1,5 stillingar til kommunal fysioterapi, og 190 % private fysioterapeutheimlar, fordelt på tre fysioterapeutar, med driftstilskot frå kommunen. Her kan

ein ved høve vurdere å dra inn privat avtale til fordel for å auka deltidsstilling innan kommunalt tilsett fysioterapeut. Det har tidlegare, og også i år vore fremja forslag om turnusfysioterapeut, Det vil kunne forebyggje ei sårbar teneste blant fysio- og ergoterapi tenesta som består av få personar. Fysioterapeut har også høve til å formidle hjelpemiddel ved fråvær i ergoterapitenesta t.d. På grunn av god dekning, og naudsynte prioriteringar er ikkje dette stetta i årets budsjett. Fysioterapitenesta har synt til gode resultat med grupper, og vil fortsetje med tverrfagleg samarbeid med psykisk helse og gi ulike gruppetilbod, som t.d. parkinsongrupper, hjartetrim og psyko-edukasjon og kroppsleg arbeid. Vidare ønskjer fysioterapitenesta å samarbeide med skulehelsetenesta om tilbod til 8. klassingar om «Kroppen sett i eit fungerande system», med mål om reoppstart vår/haust 2025. Tilbodet har mellom anna bakgrunn i arbeid med psykisk helse for ungdomane. Fysioterapi for barn og unge har moglegheit til å følgje opp barn og unge som treng fysioterapi i skulane sine lokaler på faste dagar, med eit godt fysioterapeut-foreldre-lærar samarbeid.

**Ergoterapi** er ei lovpålagt teneste etter kommunehelsetenestelova, og Tysnes kommune har ergoterapeut tilsett i 80% stilling. Ergoterapeut har ei nøkkelfunksjon i vurderingar knytt til å bu heime med aldersrelaterte og/eller somatiske utfordringar. Vidare er ergoterapeut ein viktig ressurs sett i samanheng med auke i aldersgruppa over 80 år, behov for kvardagsrehabilitering og betring av funksjonsnivå/kompenserande tiltak. Kvardagsrehabilitering er ei satsing innan strategiplan for *Leve hele livet*. Med dette som bakteppe, saman med eit ønskje om å redusere talet deltidsstillingar i kommunen er det frå helse og omsorg fremja forslag om å auke ergoterapeutstilling frå 80% til 100%. Ergoterapeut har hovudansvar for å formidle hjelpemiddel. Tenesta vert ofte kopla på for seint i høve til å kunne førebyggje for negativ utvikling, derav har brukarane ofte behov for større/meir inngripande hjelpemiddel enn om ergoterapi tenesta hadde vore kopla på før. Ergoterapeut kan i stor grad bidra til tilrettelegging i eigen bustad og til å oppretthalde funksjonsnivå, før det er behov for tyngre hjelpemiddel. Ei auka ressurs vil gjer at fleire kan få kjennskap til, og tidlegare hjelp av tenesta. Eining for førebyggjande tenester har fått tildelt oppgåva å ivareta demenskoordinator funksjon, utan at det er tildelt øyremerka ressursar til dette. Ergoterapeut har kompetanse innan demens, sit i kommunalt hukommelsesteam, og bidreg til utgreiing av demens sjukdom. Dette er ein sjukdom som er aukande i befolkninga, også i Tysnes kommune. Større tilgang til ergoterapeut, vil kunne bidra til å møte det auka behovet. Det ligg føre ei utgreiingssak i å bli eit demensvennleg samfunn, der også denne kompetansen og ressursen vil vere relevant å kople på.

Vidare er ergoterapeut utfyllande samarbeidspartnar til fysioterapitenesta, under dette rehabilitering, habilitering og oppfølging av barn og unge, samt ein støttefunksjon for open omsorg. Kommunen kjøper tenester av Tysnes Industri til hjelpemiddelformidling, reparasjon og oppbevaring. Til denne funksjonen er beløp vidareført, tilpassa frå årets forbruk.

**Psykisk helse** vert vidareført med same stillingar som i 2024, etter styrking i 2023. Tenesta syner til ei auke i talet tenestemottakarar over tid, tenestemotakarane er fleire, og me kan sjå ein vriding mot rus som diagnose eller følgje av diagnose. NAV nemner også i sitt budsjettinnspel at dei ser ein auke i rusrelatert oppfølging i deira portefølje. Innanfor psykisk helse for barn og unge er det føresett vidare drift som i dag, men

området er styrkt ved at ny einingsleiar er ført på dette ansvaret. Innan psykisk helse er det potensial for betre utnytting av ressursar og kompetanse. Også involvering av andre faggrupper, t.d. fysioterapeut, vil vere med å styrke tilbodet til denne gruppa.

Det er frå tenesta komme innspel på å auke tilbodet ved treffstaden for vaksne, t.d .tiltak frå aldersgruppa 25 – 75. Det er fremma forslag om ein auke i 20% stilling for å ivareta dette. Me finn ikkje rom for å stette dette forslaget i inneverande år, men viser til skiping av eining for førebyggjande og helsefremjande tenester, som har fått tilført eit årsverk.

I budsjett er det lagt inn kostnad til kjøp av psykologtenester for å ivareta rettleiing, men også noko plan og systemarbeid. Det er sett av kr. 200` til dette føremålet, det same som føregåande år. Me har så langt i år eit forbruk som svarer godt til avsett sum. Me har fått gode tenester, med fokus på utvikling og rettleiing i tenestene. Kommunane skal handtere lettare til moderate psykiske vanskar hos befolkninga. Einingsleiar i førebyggande eining, melder samstundes om ei auke i meir samansette og utfordrande psykiske vanskar. Dette samstundes som ein ser at fleire har relativt alvorlege og hemmande symptom før dei kjem inn i spesialisthelsetenesta. Det er utfordrande å ha kompetanse og kapasitet til å fult ut møte og ivareta desse utfordringane i befolkninga. Styrka psykologkompetanse i brukar-retta arbeid ville derfor vore ein styrke. Dette blir ikkje prioritert i budsjettet for 2025.

**Helsestasjonen** har i 2024 vore budsjettert med 2,3 årsverk som helsesjukepleiar. Dette er ei mellombels styrking for å sikre at me får utført lovpålagte tenester, i ei tid der det er utfordrande å rekruttere utdanna helsesjukepleiar. Det er i utgangspunktet lagt til grunn 2 årsverk som helsesjukepleiar. Jordmor låg tidlegare under helsestasjon, men er frå 2024 flytta over i eining helse/legekontor.

## 4.3.3 NAV – sosiale tenester – Data

Nav er ei eiga eining, og har ansvar for sosiale tenester, og mottak og oppfølging av flyktningar. Utgiftsbehov knytt til sosiale tenester og ressursbruk ligg markant under snittet for Kostragruppe 05 og landet u/Oslo.






| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 2 426 | 2 037 | 2 774 | 2 861 |
| Kostragruppe 05 | 3 495 | 3 371 | 3 865 | 4 609 |
| Landet uten Oslo | 3 422 | 3 367 | 3 523 | 4 180 |

*Figur: Netto driftsutgift til sosialteneste per innbyggjar*




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **Tysnes** | **1 068** | **456** | **2 024** | **4 719** |
| Kostragruppe 05 | 2 695 | 2 590 | 3 990 | 8 036 |
| Landet uten Oslo | 1 842 | 1 569 | 2 326 | 4 135 |

*Figur: Tilskot integrering per innbygger*

Figuren over viser kor mykje tilskot kommunen mottar frå IMDI, som er basert på antal busette flyktningar. Tysnes har i 2023 tatt i mot eit større tal flyktningar enn det ein har i Landet u/Oslo, men færre enn samanliknande kommunar. Kommunen har samstundes hatt ein auke i kostnad som følgje av busetjing og oppfølging.

## 4.3.3.1 NAV – sosiale tenester

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Rev. Budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev budsjett 2024 | Reknskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **3200** | Sosiale tenester | 3 874 724 | 3 818 167 | 1,5 % | 4 401 422 |
| **3210** | Mottak flyktningar | -4 851 126 | -2 145 622 | 126,1% | -6 022 904 |
| | Sum | **- 976 402** | **1 672 545** | **48,4 %** | **2 615 190** |

## Ansvar 3200 Sosiale tenester

I budsjettet for 2025 er det føresett at me vidareførar dagens stillingar og nivå innan tenesta.

Yting til livsopphald er vidareført. NAV låner inn midlar til startlån frå Husbanken for vidare utlån til personar som oppfyller vilkåra for startlån eller finansieringsbevis. Finansieringa skal bidra til gode løysningar for personar som er vanskelegstilt på bustadmarknaden, for å sikre at dei kan bu trygt og godt. I 2023 registrerte ein relativt stor auke i søknader om startlån, og midlane avsett i 2023 vart nytta fult ut. Så langt i 2024 er det utbetalt totalt 5,7 mill gjennom denne ordninga, og det er per oktober 2024 11,5 mill ubrukte lånemidlar. Det er ønskjeleg å gjennomføra nytt låneopptak på ytterlegare 5 mill. avsett til dette – i tillegg til gjenståande beløp frå 2024.

Det er budsjettert med kr. 200` i tilskot til lån og/eller tilpassing av bustad, desse midlane vert finansiert gjennom bruk av bundne driftsfond.

Tysnes kommune er medeigar i Krisesenter Vest IKS som vart etablert i 2011 og eigast av 16 kommunar. Krisesenteret dekkjer eit lovfesta krisesentertilbod for disse kommunane. Tilbodet er regulert i Lov om kommunale krisesenter. Lova pålegg alle kommunar å ha eit trygt, midlertidig krisesentertilbod til personar som er utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Dette gjeld både døgn og dagtilbod, og råd/rettleiing. Kommunens eigenbetaling vert kvart år regulert, og for 2024 er vår eigenbetaling 257 000,- Denne summen kan auka, som følgje av at det er vedteke å byggje nytt krisesenter. Kommunane er involvert i denne prosessen og førebels tilbakemelding er at Krisesenteret må sjå på moglegheiter for å redusere utgiftene til bygget.

Det blir meldt om auke innan rus/psykiatri/ungdom som står utanfor. NAV leiar peiker på eit aukande behov i kommunen vår for oppfølging av menneske med rusutfordringar. Dette er eit spennande felt å jobba med og krev at nokon har kapasitet til å jobbe meir systematisk med det. Det er samarbeid mellom NAV og psykisk helse, og det må arbeidast vidare med å styrke førebygging og samhandling om desse brukarane, og sikre tydeleg ansvarsfordeling.

NAV har dei siste åra sett auke i sosialhjelp som følgje av dyrtida; dette ser ein t.d. gjennom auka tal på gjeldsrådgjeving. Me vurderer at dette kan ivaretakast med god samordning av ressursar og ei vidareføring av sosialhjelpsbudsjettet.

## Ansvar 3210 Mottak flyktningar

Ansvar for mottak av flyktningar vart styrka gjennom 2023 som følgje av auka mottak og for å sikra at me stettar behovet for busetjing og oppfølging. Busetjinga av flyktningar går bra, men det er nokre uventa utfordringar med å få dei ut i arbeid. Dette m.a. grunna språkvanskar og mangel på etterspurt kompetanse. Mottak av flyktningar vil gi kommunen ein estimert inntekt på i overkant kr 10 mill. for 2025. Dei endelege tala kjem m.a. an på kor mange og kven ein buset. Inntektene vert fordelt på einingane som har utgifter knytt til dette, som vaksenopplæring, sosialtenesta med flyktningkonsulentar, lege/helsestasjon og skule. Det vert normalt budsjettert ein avsetjing til driftsfond innanfor dette område, men i inneverande budsjett er inntektene ført som overskot. Dette er naudsynt mellom anna for å sikra finansiering av dei ekstra kostnadane skulane, barnehagane og NAV/flyktningtenesta får som følgje av busetjing og oppfølging.

## 4.3.4 Pleie og omsorg-Data




Tysnes kommune sitt utgiftsbehov til pleie og omsorg er vurdert til å vera 144,8 % i høve til gjennomsnittet for heile landet. Ressursbruken er lågare enn utgiftsbehovet skulle tilsei.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 21 302 | 22 173 | 23 030 | 25 308 |
| Kostragruppe 05 | 23 321 | 24 742 | 24 682 | 26 258 |
| Landet uten Oslo | 23 178 | 24 611 | 24 666 | 25 989 |

*Figur - Netto driftsutgifter til pleie og omsorg per innbyggjar, korrigert for utgiftsbehov og inflasjon.*

Der er ein relativ stor auke i driftsutgifter frå 2022 til 2023, men også ut frå driftsutgiftene i 2023 måtte tenestene vore tilført om lag kr. 3 mill. for å koma opp på same nivå som gjennomsnitt for landet u/Oslo og Kostragruppe 05.




| | Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over (B) | Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass |
|---|---|---|
| **Tysnes** | **14,7 %** | **2 035 621** |
| Kostragruppe 05 | 17,4 % | 1 523 302 |
| Landet uten Oslo | 16,1 % | 1 640 650 |

*Figur: Dekningsgrad sjukeheim og utgift per plass.*




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 54 | 63 | 65 | 59 |
| Kostragruppe 05 | 60 | 59 | 60 | 61 |
| Landet uten Oslo | 41 | 42 | 42 | 42 |

*Figur : Mottakarar av heimetenester per 1000 innbyggjar*




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **Tysnes** | **225 582** | **210 807** | **228 479** | **298 135** |
| Kostragruppe 05 | 237 864 | 273 112 | 287 131 | 318 930 |
| Landet uten Oslo | 259 448 | 285 676 | 308 245 | 339 658 |

*Figur: Netto driftsutgifter per brukar av heimebaserte tenester*




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **Tysnes** | **1 654** | **1 640** | **1 518** | **887** |
| Kostragruppe 05 | 924 | 798 | 793 | 805 |
| Landet uten Oslo | 1 102 | 1 151 | 1 188 | 1 231 |

*Figur 4.3.4.6: Netto driftsutgifter til aktivitets og servicetilbod for eldre og personar med funksjonsnedsetjing korrigert for utgiftsbehov og inflasjon. Beløp per innbyggar.*

## 4.3.4.1 Pleie og omsorg

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Rev. Budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev. Budsjett 2024 | Reknskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **3310** | Tysnes omsorgssenter | 37 847 088 | 38 495 483 | -1,7 % | 44 761 391 |
| **3330** | Heimesjukepleie | 25 659 485 | 23 967 573 | 7,1 % | 29 744 205 |
| **3340** | Heimehjelp | 368 789 | 669 185 | -44,9 % | 531 350 |
| **3351** | Haugen bufellesskap | 8 463 852 | 8 290 036 | 2,1% | 9 323 051 |
| **3352** | Vågsmarka bufellesskap | 5 980 714 | 5 703 188 | 4,9 % | 6 773 666 |
| **3400** | Tiltak for funksjonshemma | 4 397 911 | 4 104 640 | 7,1 % | 4 568 266 |
| **3410** | Dagsenter | 2 341 665 | 2 212 916 | 5,8 % | 1 702 253 |
| | **SUM PLEIE OG OMSORG** | **85 059 504** | **83 443 021** | **1,94 %** | **84 614 215** |

Pleie og omsorg er delt i ei eining for institusjon og ei for open omsorg. Budsjettet for 2025 har ein svak auke samanlikna med budsjettet for 2024. At auken ikkje er større, er i hovudsak knytt til reduksjon i behov hos ressurskrevjande brukar, og noko reduksjon i behov for innleige av personell.

Det er eit mål om å redusere bruken av innleige. Dette er utfordrande slik arbeidsmarknaden er lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er få søkjarar til stillingar, særleg gjeld det stillingar natt, helg- og vikariat. Det er ikkje realistisk å fjerna kostnader til innleige av personell, dette ville i så tilfelle gitt ein driftssituasjon der me driv med store hol og der tenestenivå til brukarar må reduserast. Ein slik situasjon ville i tillegg gjeve ei stor meirbelastning for dei som er tilsett i tenesta. Det er samstundes eit klart mål at bruken må reduserast. Det er gjennomført ulike tiltak for å redusera bruk av innleigetenester, men dette arbeidet må få større fokus i 2025 jf. behovet for å ta ned kostnadane. Det må vurderast alternative turnusordningar, samstundes som eit sterkt fokus på å behalde og rekruttere må vere førande.

Årsturnus og kompensasjonsordning – bonus for å jobbe ekstra helg vart innført i 2022, og er vidareført. Kompensasjonsordninga blei evaluert og justert, og har medført at eit større tal helger vert dekka av eige personale. Ordninga var sist evaluert våren 2024, og blir no innført også for

bufellesskapa – slik at ordninga gjeld for heile pleie og omsorg. Det er ei dyr ordning, og isolert sett kan den neppe forsvarast, men ordninga gjev ein vesentleg meir effektiv bruk av lønsressursar enn om det hadde vore gjort tilsvarande auke i grunnløn.

Bufellesskapa har også testa ut langvakter. Langvakter bør sjåast på som mogleg rekrutteringstiltak/tiltak for å løyse hull i turnus, også i andre deler av pleie og omsorg.

Tilsetjingar i pleie og omsorg er meir fleksible enn tidlegare. Ein søkjer å møte dei tilsette som jobbar deltid, og melder ønskje om stillingsauke. Samstundes må også tenestene sine behov stettast når stillingar skal aukast, og ein må heile tida vurdere kva tid me har trong for arbeidskrafta. Slik det er i dag, er det spesielt utfordrande å dekke vakter på helg. I oktober 2023 var det gjort ei undersøking for å kartleggje og rapportera på omfanget av deltidsarbeid. Slik kartlegging skal gjennomførast kvart andre år. Resultat frå kartlegginga i 2023 viser at om lag 64% av dei som arbeider i helse og omsorg ønskjer og kan jobbe meir. Ny undersøking skal gjennomførast i 2025.

Andre rekrutteringstiltak som skal ha fokus vidare er ungdom som arbeidar ved omsorgssenteret, og stipendavtale for skuleelevar som forpliktar seg til helg og sommarjobb i helse. Det er også gitt eit kronetillegg for nattevakt-stillingar.

I lys av ei aldrande befolkning, vil talet på personar med demens framover ha ei stadig auka tenestebehov. Ressursar frå Tysnes Omsorgssenter og heimetenesta deltar i ressursnettverk for demensforlaup. Denne brukargruppa nyttar seg i dag av vedtaksstyrte tenester som dagsenter, tenester i heimen, og institusjonsopphald. Brukarar med kognitiv svikt/demens og deira pårørande har eit behov for oppfølging/rettleiing før ein har behov for vedtaksstyrte tenester. I dag har ein eit hukommelsesteam som er bygd opp av eigne ressursar frå Tysnes Omsorgssenter, Heimetenesta og Førebyggande eining. Me ser behov for eit breiare samarbeid mellom forebyggande eining, legetenesta, Tysnes omsorgssenter og heimetenesta, og frivilligheita om samarbeid og fordeling av ressursar og oppfølging av denne brukargruppa. Samstundes ser me behov for ei styrking av satsinga kring denne gruppa. Meir om det under «Pleie og omsorg».

Budsjettet for 2024 innehaldt budsjettering av innleigd arbeidskraft. Dette blir vidareført. Bakgrunnen er at ein ser det i realiteten ikkje er mogleg å gjennomføra drifta heilt utan innleige. Innleige er vurdert opp mot omfang av vakante årsverk. Meirkostnaden er lagt inn under konsulentteneste. Dei vakante årsverka er isolert sett budsjettert for i lønsbudsjettet til den einskilde eining.

Modellen byggjer på ein føresetnad av at det maksimalt er 60 % av behovet som skal dekkast av innleige, det øvrige må dekkast gjennom eigne tilsette, justering av tenestenivå og noko høgare aksept av fråvær i tenesta.

## Ansvar 3310 Tysnes omsorgssenter

Pasientgruppa er i større grad enn før i behov av aktiv behandling og rehabilitering. Krav og forventningar til kvaliteten på tenestene er aukande, pasientane er sjukare og det er ein stor gjennomstrøyming av brukarar som mottek avansert medisinsk behandling for ein periode, som treng tverrfagleg rehabilitering, eller har alvorleg demenssjukdom. Mange får også korte opphald i siste livsfase. Det er verdt å merke seg at kommunen har ein lågare dekningsgrad på institusjonsplassar til dei over 80 år, i høve samanliknbare kommunar, landet og fylket.

I budsjettet for 2024 var det ei styrking av tal årsverk frå 38,4 i 2023 til 41,4 i 2024, direkte knytt til ressurskrevjande brukar. Dette utgjorde 3.7 mill. for Tysnes omsorgssenter. Behovet for ekstra bemanning er i løpet av 2024 redusert, og årsverka tatt vekk. Det er enno tre bebuarrom som er sett av som følgje av skjerming av ressurskrevjande brukar. Dette gjer at det totale tal på bebuarar per no er redusert med to. Budsjettert inntektstap på dei to romma tilsvara om lag kr. 320' per år. Per oktober 2025 er det 5,8 stillingar i vakanse v omsorgssenteret.

Einingsleiar opplyser at det til ein kvar tid vert vurdert kva som er mogleg i forhold til effektiv drift og forsvarlege tenester. All ekstern innleige vert kritisk vurdert for å halda kostnadane nede. Me har felles mål om å ha mest mogeleg eigne, faste tilsette, og redusere innleige til eit minimum. Men slik stoda er i dag, kjem me ikkje utanom innleige om me skal drive forsvarleg. Einingsleiar peiker på at det er eit potensiale i bruk av velferdsteknologi som til dømes digitalt tilsyn og sensorteknologi. Midlane som var avsett i 2024 er ikkje nytta, og ein vidarefører beløpa til budsjett for 2025. Me vil i 2025 dra nytte av IKTNH sin kompetanse og fellesskap for utvikling og implementering av velferdsteknologi i tenestene våre. Det er mogleg å søkje husbanken om støtte til investeringstilskot for oppgradering av teknisk anlegg og velferdsteknologi for heildøgn-teneste i eksisterande omsorgsbustadar og omsorgssenter.

Særleg ettermiddagsvakter kan vera svært hektiske, der 2 personale har ansvar for 10 bebuarar. I tillegg skal me gje forsvarleg observasjon og behandling til pasient i ØDH[2] tilbodet. Dersom ekstra krevjande ting oppstår, kan eit personell stå åleine med resten. Ut frå perspektiv om forsvarleg teneste og arbeidsbelastning for personalet, har einingsleiar i fleire år meldt trong for ein ekstra pleiar på ettermiddag, som kan «gå mellom» einingane. Dette er også meldt frå tillitsvalt. Sett dei økonomiske utfordringane, blir ikkje dette prioritert i årets budsjett. Me må vidare sjå om større samnytting av personale, på tvers av avdelingar og einingar, kan bidra til å dempe belastninga i ekstra krevjande periodar.

Brutto driftsutgift per institusjonsplass i Tysnes kommune er om lag kr 2 mill. Dette er nær kr. 500` meir enn snittet for Kostragruppe 05, og om lag kr. 400` meir enn landsgjennomsnittet. Pleiefaktor forstått som bemanning per plass vart også monaleg auka i samband med at driftsforma vart justert når me flytta inn i nytt omsorgssenter. Det kan samstundes vera grunnlag for å sjå litt på om utgiftene her blir ført på rette funksjoner, det kan vera at noko skulle vore ført på hjelp i heimen og noko på funksjon for ØDH. I beløpet på 2 mill ligg m.a. også drift av dagsenter som gir

[2] ØDH tilbod: Tilbod om øyeblikkeleg døgnhjelp, det betyr at pasient vert lagt inn på omsorgssenter heller enn sjukehus. Helseforetaket kompenserer dette økonomisk med ein føresetnad at tilbodet skal vera ope ½ år. Her kan me justera oss inn mot at tilbode faktisk berre blir drifta i 182 døgn i tråd med det me får betalt for.

tenester til heimebuande med demens, drift av kjøkken som produserer mat til institusjon og heimebuande, og nattevakt som yter hjelp og lovpålagt teneste til heimebuande.

Det er lagt inn ein budsjettert meirkostnad for å dekka noko vakansar gjennom innleige tilsvarande omlag kr. 1,4 mill. Dette er ein reduksjon på 350’ samanlikna med rev.budsjett for 2024. Bonusordningar for fast tilsette er budsjettert til kr. 403` for 2025. I årsplanen som går over 24/25, er det avtalt 116 bonushelger. Dette er ei auke frå 71 i årsplan for 23/24. Dette er med på å redusere behovet for innleige av eksterne vikarar.

**Dagsenter:** Brukarar som har fått tildelt tenesta dagsenter for eldre med demens, betaler dagsats (per 2025, kr.110,-/dag), fastsett etter «forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester». Bemanning, innkjøp og aktivitet er planlagt med utgangspunkt i tal plassar, og tal personar med vedtak om dei enkelte dagane. Praksis har vore at dei dagane brukar ikkje deltar på dagsenteret, blir brukar heller ikkje fakturert. Me vil her foreslå å gå over på ei abonnementsløysing, som i større grad sikrar stabile inntekter for denne tenesta. Det bør vidare sjåast på moglegheit for redusert ressursbruk i denne tenesta på heilagdagar, m.a. med utgangspunkt i etterspørselen for dagsenter desse dagane. Det kan vurderast å i staden nytte ressurs inn for å dekke heilagdag-fri i institusjon.

## Ansvar 3330 Heimesjukepleie

Open omsorg yt tenester inn i heimen til alle aldersgrupper med ulike behov for hjelp. Det har vore ein auke i tenester til heimebuande. Dette er i tråd med demografien (fleire eldre), og målsetninga i leve heile livet-reforma der det er lagt opp til at eldre skal bu lengst mogleg heime, i eigen bustad eller i tilrettelagt privat eller kommunal bustad med eller utan heildøgn-tenester. Heimesjukepleia er budsjettert med 26,8. Talet tenestemottakarar variera. Eit augeblikksbilete for oktober 2020 – 2024 syner følgjande tal tenestemottakarar for heimehjelp og heimesjukepleie:

| *Dato for måletidspunkt* | Talet tenestemottakarar |
|---|---|
| *17.10.2020* | 97 |
| *17.10.2021* | 122 |
| *17.10.2022* | 151 |
| *11.10.2023* | 175 |
| *14.10.2024* | 166 |

På bakgrunn av auke, og kompleksitet i tenestemottakarane sine helseutfordringar var tenesta styrka med 2,8 stillingar i 2023. Styrkinga har m.a. tilført tenesta stillinga «sjukepleiar med tenestetildelingsansvar», som sikrar rett forvaltning og god kartlegging av behovet til brukarane. Gjennom prosjekt for auka grunnbemanning fekk fleire auka opp stillingane sine. Ein ulempe av at fleire jobbar i større stilling er at det er færre eigne vikarar

å ta av. I løpet av 2024 har bruken av innleigevikarar vorte noko redusert, men fråvær, vakanse og mangel på eigne vikarar gir enno behov for innleigevikarar. På bakgrunn av vakansar i tenesta er det lagt inn midlar til leige av ekstern arbeidskraft, etter same modell som for omsorgssenteret. Det er for heimetenesta budsjettert ein meirkostnad tilsvarande kr. 1,4 mill., som er noko lågare enn rev.budsjett for 2024.

Heimetenesta har per oktober 5,3 stillingar i vakanse, der det meste er helgestillingar. Einingsleiar har spelt inn behov for auke i faste stillingar, med mål om å dekkje meir med eigne tilsette. Det blir vurdert at det i første omgang må sjåast på alternative turnusordningar, og sikre rekruttering inn i allereie vakante stillingar før det blir prioritert å tilføre fleire faste stillingar.

Tenesta har fleire oppgåver og roller som tapper den for ressursar. Oppgåvene er plassert føremålstenleg, men det er ressursar som ikkje kan nyttast til å ta unna arbeidslistene. Døme på ansvar/roller er kreftkoordinator med pakkeforløp heim, høyrslekontakt, ergoterapeutisk arbeid (kartlegging og hjelpemiddelformidling) og aktivisering/rehabilitering. Vidare er hovudtillitsvald frikjøpt frå deler av si stilling i eininga. Heimetenesta nyttar også ordninga med bonushelger, og hadde 17 helgar avsett i turnus i 2024.

Einingsleiar syner til at velferdsteknologi må prioriterast i budsjettet. Løysingane på tryggleiksalarm og smarttelefonar er dyre, og det er dårleg dekning i deler av kommunen vår, noko som skaper utryggleik. Det blir stilt forventning til avtalar og moglegheiter gjennom IKTNH på dette området frå 2025. Me kjenner per oktober 2024 ikkje til prisane med kjem til å få gjennom IKTNH sine avtalar.

Ein viktig del av å sikre rett kompetanse og rekruttere/behalde personell, er moglegheita for kurs og opplæring. Det er spelt inn ønskje om å delta på aktuelle konferansar, kurs, og vidareutdanningar. Einingsleiar trekk fram at kompetente og gode leiarar er ein avgjerande faktor for å sikre godt arbeidsmiljø, meir nærvær, og effektive tenester. Leiarutvikling vil derfor ha prioritet. Det same med utvikling av kunnskap i demens- og eldreomsorg hos tilsette. Budsjettet for 2025 er redusert samanlikna med 2024, sett i lys av behovet for nedtrekk. Det må gjerast prioriteringar innanfor budsjettrammene.

Einingsleiar peiker på auke i kostnad til bandasjemateriell til bruk i sårstell. Dersom heimetenesta utfører sårstell, dekker ikkje Helfo utgifter til bandasjar og anna sårutstyr. Dersom sårstell blir utført hos fastlege/på legekontor, blir kostnaden dekka gjennom eigenandel og Helfo. Det må vurderast om dei som er funksjonsfriske/mobile i større grad må få utført sårstell ved legekontor. Dette med bakgrunn i moglegheiter for innsparingar på utstyr og rett ressursbruk.

Einingsleiar peiker på at det er naudsynt med større fokus på førebygging. Dette vil føre til økt ressursbruk for å intensivere innsats med mål om meir sjølvhjelpte heimebuande. Med målretta bruk av tiltak som har vist dokumentert effekt vil gevinsten komme på sikt. Eksempel er innføring av «Kvardagsrehabilitering», som skildra i «Handlingsplan for eit aldersvennleg Tysnes» og innsats som kan bidra til at fleir nyttar hjelpemidlar, digitale, fysiske og manuelle. Det er mål om å sjå meir på førebyggande arbeidsmetodar i 2025, i samarbeid med førebyggande eining, med m.a. ergoterapeut og fysioterapeut.

Heimetenesta ser moglegheiter for justeringar knytt til konkrete hjelpebehov. Fleire tenestebrukarar som i dag får hjelp til å ta på/av støttestrømper, kan med rette hjelpemiddel klare denne oppgåva sjølv. Det vil kunne støtte målet om at brukarane i stor grad skal vere sjølvhjelpt der det er mogleg, og samstundes kunne redusere slitasje og bruk av tid for heimetenesta. Det er foreslått ulike løysningar, m.a. å kjøpe inn eit lager av småhjelpemiddlar til denne brukargruppa, med utlånsfunksjon i perioden det er behov. Dette blir vurdert å vere eit konkret tiltak som potensielt kan gi god gevinst både for brukar, tenesteutøvar og økonomisk. Det er sett av 15' til innkjøp av hjelpemiddel til dette. Ei vidare utviding må vurderast ut frå erfaringar/gevinst.

Heimetenesta jobbar systematisk med å skilje på helsehjelp og praktisk bistand, og har fokus på individuelle vurderingar til praktisk bistand. Dette gir rett bruk av ressursar. Me ser ei forventa utflating i heimehjelps tenester utført av heimehjelp på vekevis basis, samstundes som me ser auke i behov for praktisk bistand på dagleg basis. Frå 2024 er ansvar 3330 – heimesjukepleie og ansvar 3340 – heimehjelp slått saman til eit område for å sikra at me til ei kvar tid får best mogleg samla ressursutnytting.

Tenesta har opplevd stor vekst frå tenesta flytta inn i det nye omsorgssenteret, og fram til i dag. Dette viser seg m.a. i 3 nye stillingar og 2 fleire bilar. Arealet som heimetenesta per i dag disponerer stetter ikkje behovet. Det er utfordringar knytt til arbeidsstasjonar for dei tilsette, og kontor for leiarar/stillingar som ikkje har pasientnært arbeid (tenestetildelar, kreftkoordinator). Einingsleiar og tillitsvalt har spelt inn behov for betring av kontorfasilitetar. Det same har verneombod og bedriftshelsetenesta (BHT). Det er utarbeida ein rapport frå BHT, der det blir peika på utfordringar og potensielle moglegheiter. Det er gjort nokre utbetringar innanfor noverande areal, men dette gir ikkje tilstrekkeleg god nok løysing. Det er spelt inn moglegheiter for ombygging, evt. flytting til anna lokale. Ein ser ikkje at dette kan prioriterast i årets budsjett, og ein må difor gjennomføre andre løysingar i eksisterande og tilknytt bygg.

## Ansvar 3340 Heimehjelp

I all hovudsak er stillingsressursar frå heimehjelp overført til heimesjukepleie. Det som står igjen på dette ansvaret no er brukarar som har ordning med omsorgsløn. Dette er brukarar som får dekt sine behov for ekstra tenester av nærståande som får ein kompensasjon gjennom oppdragsavtale. Ansvaret er vidareført med same nivå som budsjettert for 2024.

## Ansvar 3351 Haugen bufellesskap/ansvar 3352 Vågsmarka bufellesskap/Ansvar 3410 dagsenter

Brukargruppa med behov for miljøtenester ser ut til å endre seg, frå personar med tyngre psykisk utviklingshemming, til personar med moderat psykisk utviklingshemming. Dette påverkar nok også val av buform. Bu-oppfølging og miljøarbeid i heimen vil vere moglege måtar å gi miljøteneste

på frametter, når behova/funksjonen til brukarane endrar seg. Konkurrerande tenester er hjelp i eigen heim og hjelp i foreldra sin heim med brukarstyrt personleg assistent. Ein kan også sjå på moglegheit for avlastningsopphald dersom kompetansen samsvarer med krava hos tenestemottakar. Det er trong for å ha ein gjennomgang av det samla tenesteområdet for tenester for funksjonshemma for å sikra ei mest mogleg optimal drift både økonomisk, men også i høve til brukarane sine behov. Her vil me ta sikte på ei samorganisering, evt vurdere ei samlokalisering. Me må sjå på moglegheita for å dra nytte av personell på tvers av dei to bufellesskapa. Dette kan vidare bidra til fleire større stillingar. Korleis dette organiserast må sjåast i samanheng med brukarane sitt behov, fagkompetanse og eventuelle naudsynte investeringar for å gjennomføre samlokalisering. Ein slik prosess vil krevje god medverknad av tilsette gjennom tillitsvalde og verneombod.

Kommunar som yter særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester til enkeltmottakar, kan søke om delvis refusjon av direkte lønnsutgifter til desse tenestene. Innslagspunkt for ressurskrevjande brukarar er på kr 1 692 000 pr brukar for 2025. Berekninga på ressurskrevjande er ikkje klare før i november, og vil i tillegg ha ein ny berekningsmåte samanlikna med tidlegare år. Berekninga som blir gjort i november har tilbakeverkande kraft og får dermed effekt for oss allereie for 2024. Tala som er lagt inn i budsjettet er dermed anslag og ikkje endelege.

**Vågsmarka bufellesskap** har no tre brukarar, med auke til fire i løpet av 2025. Dei tre brukarane har vedtak på 1:1, samt den eine har vedtak på 2:1 på aktivitetar. Avdelingsleiar har gått i miljøet ved behov for å ivareta behov i høve vedtak. I ein periode på 2 månadar i sommar/haust mangla det ressursar til 20 dagvakter for å ivareta aktuelt behov. Det er i budsjettet for 2025 lagt inn ei auke i stillingar med bakgrunn i 2 nye brukarar.

Det er ønskje om innkjøp av golvvaskemaskin, grunna gamalt og slitt golvbelegg som er utfordrande å få reint. Dette er krevjande og belastande for rygg/kne for personalet, og blir derfor prioritert inn i budsjettet. Utover dette er det i Vågsmarka bufellesskap lagt inn litt midlar til kurs og naudsynte møblar.

**Haugen bufellesskap** har det same talet tenestemottakarar som i fjor. Avd.leiar dekker sjølv mykje av sjukefråværet, med arbeid i miljøet. Dette gjer at administrative oppgåver i periodar vert nedprioritert. Frå Haugen er det spelt inn mindre summar til uniform, møblar og innbu, som noko redusert er lagt inn i budsjett.

Behov for oppgradering av leilegheiter i både Haugen- og Vågsmarka bufellesskap, er spelt inn til teknisk/vedlikehald for vidare prioritering i årets budsjett. Behov som går på HMT, og oppgradering av bustad for å kunne gi ny brukar teneste, er anbefalt prioritering frå helse og omsorg.

**Dagsenter for utviklingshemma** ligg under Haugen bufellesskap. Kommunale dagsenter er eit viktig tilbod for å bidra til dagaktivitet for personar med funksjonshemming. Kommunen har ansvar for at innbyggarane får moglegheita til å ha eit aktivt og meiningsfullt liv. Tilbod om dag- aktivitetar er derfor ein del av det kommunale tenestetilbodet. Dagsenteret vert også aktivt nytta av vidaregåande skule-elevar som arbeidstrening. Det er ønskje om ein 70¨ smartboard, og spelemaskin estimert 44' til saman, dette vert ikkje prioritert i årets budsjettet.

### Ansvar 3400 Tiltak for funksjonshemma

Når det gjeld tiltak for funksjonshemma er tenestekjøp knytt til ordninga med brukarstyrt personleg assistent (BPA) den største posten på om lag kr. 3,1 mill. Det vert lagt til grunn at me då kjem over innslagspunkt for ressurskrevjande brukarar og det er budsjettert med ei auke i refusjon frå staten tilsvarande kr. 500`.

Det er sett av kr. 200` til tiltak i kommunal regi til tiltak på TIAS, dette til liks som i fjor.

Forutan kostnader til brukarstyrt personleg assistent ligg det også kostnader til støttekontakt og avlastning på dette ansvaret. Dette utgjer ein samla kostnad på om lag kr. 700` per år. Dette er ein auke på 240` frå revidert budsjett 2024. Den nye barnevernsreforma, også kalla oppvekstreforma, har mål om meir førebygging og tidleg innsats. Støttekontakt og avlasting vil vere fleire moglege tiltak i eit førebyggande perspektiv, på eit lågare nivå enn barnevern, og me har difor ei forventning om auke på dette området. Samstundes ser me behov for å arbeide vidare med frivilligheit-sentralen, for å imøtekome særleg behov i den eldre aldersgruppa, knytt til meiningsfull fritid

## 4.3.5 Trygde og omsorgsbustader

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Rev. budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| 3361 | Trygde- og omsorgsbustader, Uggdal | -1 117 130 | -1 167 130 | -4,3 % | -1 100 468 |
| 3362 | Trygde- og omsorgsbustader, Våge | -873 950 | -923 950 | -5,4% | -753 619 |
| | | | | | |

Trygde og omsorgsbustader er i driftsbudsjettet budsjettert noko høgare inntekt enn i 2024. Fastsetjing av husleige vart frå januar 2024 justert frå inntektsbasert husleige til gjengs husleige for nye leigetakarar. Leigeavtalar inngått før 2024, blir enno justert etter inntekt. Leigetakarane har

moglegheit til å søkje om bustønad frå Husbanken. Bustønad er ei statleg støtteordning som vert utrekna kvar månad på grunnlag av inntekt og bu-utgifter.

Mange av omsorgsbustadene våre er utdaterte og ikkje eit reelt aktuelt alternativ for eldre til å flytte frå eigen bustad. Det gjer at fleire av bustadene egner seg til midlertidig bustad i den stand dei er i no. Det vert lagt inn om lag kr. 2 mill. pr år i investeringsbudsjettet for å oppgradera omsorgsbustader til dagens standard, for å gjere dei meir attraktive. Ei oppgradering vil også auke levetida for bustaden. Me har i 2024 hatt ledige bustader gjennom heile året, som i noko grad kan tilskrivast standard på deler av omsorgsbustadene. Samstundes må det framover gjerast vurderingar knytt til kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet. Dei som blir vurdert å vere vanskelegstilt på bustadmarknaden og menneske som treng å komme nærare omsorgsbasen for å kunne få tett nok oppfølging frå helse og omsorgstenestene, er dei som må prioriterast for kommunal omsorgsbustad. Innbyggarane må i større grad ta ansvar for å legge til rette for eigen alderdom og helse, og at bustaden ein bur i svarar til eige behov.

Omsorgsbustadene i «omsorg+» er eit alternativ til institusjonsplass for dei som er i behov av heildøgns tenester. Omsorgsbustadar blir tildelt etter individuell vurdering opp mot Lov om bustadsosialt arbeid og (for «omsorg+») «forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon eller tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester i Tysnes kommune».

## Forslag til framtidige justeringar innan helse:

Det er ikkje realistisk at helse og omsorg kan redusere mykje i drift. Ein reduksjon av drift vil i beste fall vere å ikkje auke anna enn forventa KPI. I fjor hadde helse og omsorg eit budsjettforslag med ei auke på 1,7 % av revidert budsjett (Revidert med 9,3 mill). Ressursbruken innan pleie og omsorg er lågare enn utgiftsbehovet skulle tilsei: Tysnes kommune har eit høgare utgiftsbehov for dette området enn landsgjennomsnittet, men nyttar mindre ressursar enn landsgjennomsnittet på disse tenestene.

Det er gjennomført ulike tiltak for å redusera bruk av innleigetenester innan pleie og omsorg (institusjon og heimesjukepleie), men dette arbeidet må få større fokus i 2025 jf. behovet for å ta ned kostnadane. Det må vurderast alternative turnusordningar, samstundes som eit sterkt fokus på å behalde og rekruttere må vere førande. Bufellesskapa har også testa ut langvakter. Langvakter bør sjåast på som mogleg rekrutteringstiltak/tiltak for å løyse hol i turnus, også i andre deler av pleie og omsorg.

Velferdsteknologi vil vere avgjerande supplement i tenestene, særleg innan pleie og omsorg. Jf. demografiutsiktene vil me i framtida ha utfordringar med å gi gode og forsvarlege tenester dersom me ikkje nyttar tilgjengelege ressursar der dei er mest naudsynte. Velferdsteknologi vil krevje midlar til investering og drift dei neste åra. I tillegg vil innføring og auke i bruk av velferdsteknologi krevje ressursar til implementering og oppfølging. Erfaringar nasjonalt viser at det tar tid for kommunane å implementere teknologi som ein integrert del av tenestene, og å hente ut det

fulle gevinstpotensialet. Med velferdsteknologi kan omsorgskapasiteten til tenestene auke, og denne kapasiteten kan bidra til handtering av auka behov/tenestemottakarar. Det kan ikkje forventast umiddelbar kostnadsbesparing i driftsbudsjetta knytta til innføring av velferdsteknologi.

Innkjøp av småhjelpemiddlar med utlånsfunksjon blir vurdert å vere eit konkret tiltak som potensielt kan gi god gevinst både for brukar, tenesteutøvar; vere tid/ressurs-sparande, og bidra til at dei som har forutsetningane for det kan vere meir sjølvhjelpt.

Me må vurdere auke/endring i brukarbetaling/eigendel i dei tenestene som har dette og som har rom for justering. M.a. vil me foreslå å gå over på ei abonnementsløysing på dagsentertilbod til menneske med demens, som i større grad sikrar stabile inntekter for tenesta. Eit anna område som bør sjåast på, er eigenbetaling for opphald i institusjon, som gir rom for skjønnsmessige frådrag. Det bør vidare sjåast på moglegheiter knytta til ressursbruk, m.a. nytte ressursar på tvers av avdelingar/einingar. Vidare bør ei reduksjon i tenestetilbod, som ikkje kjem i konflikt med lovpålagt tilbod, sjåast nærare på. Dagsenter for personar med demens har t.d. per i dag ope på heilagdagar, men det er få som nyttar seg av tilbodet desse dagane.

Det er trong for å ha ein gjennomgang av det samla tenesteområdet for tenester for funksjonshemma for å sikra ei mest mogleg optimal drift både økonomisk, men også i høve til brukarane sine behov. Her vil me ta sikte på ei samorganisering, evt vurdere ei samlokalisering. Me må sjå på moglegheita for å dra nytte av personell på tvers av dei to bufellesskapa. Dette kan vidare bidra til fleire større stillingar. Korleis dette organiserast må sjåast i samanheng med brukarane sitt behov, fagkompetanse og eventuelle naudsynte investeringar for å gjennomføre samlokalisering. Prosessar som involverer omorganisering og endring av arbeidsoppgåver vil krevje god medverknad av tilsette gjennom tillitsvalde og verneombod.

Gitt demografi og framtidsutsikter er det heilt naudsynt å prioritere tenester som kan verke førebyggjande, lav-personell-intensive tenester, eller tenester som kan redusere behov for personell, samt sikre moglegheita for å tilby heildøgns-omsorg til dei som har behov for dette for å få fagleg forsvarlege tenester. Dette vil krevje investeringar, og gjennomføring, innan behovet er for stort.

# 4.4 Landbruk og teknisk – hovudkapittel 1.4

| | Budsjett 2025 | Rev. budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **SUM LANDBRUK OG TEKNISK** | 34 883 169 | 31 045 488 | 12,4 % | 32 592 100 |

Samla har ansvarsområda under dette kapitelet har ein auke i driftsnivå på om lag 12,4 % for budsjettåret 2025. Over halvparten av auken er eingongstilskot til mobilmast på 2 mill. kr for 2025 som er lagt under ansvaret 4590 – Vegar.

I 2024 var det prioritert tiltak som er naudsynte for å ikkje få store utgifter på lengre sikt når det gjeld vedlikehaldskostnadar på kommunal bygningsmasse og infrastruktur. Det vert oppretthalde same nivå for 2025 for å ikkje komme bakpå igjen med vedlikehald av kommunale bygg.

Brann har ei større auke grunna innføring overordna vakt. Det er og ein auke i midlar for nødvendig kurs for nytt mannskap tilsett i 2023 og 2024. Ny brannbåt vil og gje auka driftskostnader i løpet av 2025.

## 4.4.1 Jordbruk – Skogbruk – Viltforvaltning

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Rev. budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **4100** | Jordbruk | 2 028 515 | 1 402 024 | 44,7 % | 1 513 754 |
| **4220** | Viltforvalting | 0 | 0 | - | - |

Når det gjeld landbruk vert tenestene løyst i kommunesamarbeid med Bjørnafjorden og Samnanger der Tysnes betalar inn eit tilskot. Dette dekker alle tenestene til landbrukskontoret og frå 2024 også veterinær.

Frå 2024 er veterinær overført frå rådmannskontoret til ansvar for landbruk som gjer ein høgare auke i 2025.

I mai 2024 vart samarbeidsavtale revidert, det ligg inne ein auke på 190 000,- for administrative kostnader til landbrukskontoret. Resten er auka for tilskot til landbrukskontoret er normal prisvekst.

I høve til ansvar for viltforvaltning så er det lagt opp til vidareføring av nivå i 2024. Fellingsløyve er budsjettert til om lag 192` i 2025 som  i 2024.

Landbrukskontoret har i 2024 arbeidd vidare med framtidig organisering av arbeid med ettersøk, det er mogleg at me her vil koma til å tilrå ei organisering der dei som arbeider med ettersøk vert tilsett, litt etter same modell som brann i løpet av 2025.

Det er lagt inn kr. 100.000 til eit fond for tilskot til drenering av jordbruksareal.

Det ligg inne eit tilskot til veterinærklinikk på Tysnes for å auke opningstida, dette er meint som eit eingongstilskot for å få opp drifta. Vidare skal klinikken drifte med eigne midlar.

## 4.4.2 Kart – oppmåling - skilting

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Rev. budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **4300** | Kart, oppmåling, skilting m.m. | 1 254 055 | 900 240 | 33,9%* | 1 393 837 |

Kart og oppmåling er sett saman av sjølvkostområde knytt til kart og oppmåling samt fleire andre områder som ikkje kan finansierast gjennom sjølvkost. Dette er viktige lovpålagte oppgåver og rettleiing som er tenester som ikkje gjer inntekt til sjølvkostområdet.

Samla sett er det estimert at det går med 1,8 årsverk til arbeidet som er under sjølvkost og 0,4 årsverk utanom.

Det er budsjettert inn om lag kr. 1,1 mill. i inntekter gjennom gebyr i 2025. I 2023 var inntekt omtrent 1,0 mill. Elles er området ført vidare om lag som i 2024.

* I 2024 var det 1 årsverk i permisjon der ein nytta noko innleige vikar som gav eit lågare rekneskap. For 2023 var rekneskapen 1 393 837,- der ein i 2025 budsjettet har redusert til 1 254 055,-.

## 4.4.3 Byggforvaltning

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Rev. budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **4420** | Byggforvalting | 788 656 | 737 641 | 6,9 % | 1 342 902 |

Området er eit sjølvkostområde der det estimert går med 2,45 årsverk til arbeid som er under sjølvkost. I løpet av 2024 har 1,0 årsverk vert sjukemeldt. Det er nytta noko konsulent, men ikkje tilsvarande løn for årsverk og ein har klart å halde alle fristar og ikkje tapt inntekt.

2024 har vert ei jamn pågang av nye søknader til byggesak og ein vil ende i underkant av 2,0 mill. i inntekt mot budsjettert inntekt på 2,5 milll.

For 2025 budsjetterer ein med inntekt på 2,1 mill. mot 2,5 mill. i 2024. Lågare inntekt gjer ein auke i % for budsjett i 2025, utan at driftskostnader er auka.

I 2025 vil ein starte arbeidet med oppfølging av mogleg ulovlege tiltak i strandsona. I den samanheng har me bundne driftsfond på kr. 500` som kan disponerast og såleis minska eit eventuelt inntektstap.

### 4.4.4 Brann- Data

Brann og ulukkesvern inngår ikkje i ordning for utgiftsutjamning, det betyr at det ikkje ligg føre vurderingar av utgiftsbehov. I Tysnes kommune sin uttale til nytt inntektssystem er det peika på at det er uheldig då det er fleire forhold både geografisk og demografisk som skulle tilsei at område gjekk inn i utjamninga.

Figuren under viser Tysnes kommune sine netto driftsutgifter til brann og ulykkesvern per innbyggjar. Tysnes kommune har årlege utgifter som ligg om lag kr. 700` over gjennomsnittet i KOSTRA gruppe 05 og om lag kr. 1,3 over landsgjennomsnittet. I 2024 var det meir utrykkingar og noko etterbetaling av løn frå tidlegare år.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 1 696 | 1 687 | 1 757 | 2 291 |
| Kostragruppe 05 | 1 460 | 1 470 | 1 531 | 1 605 |
| Landet uten Oslo | 965 | 1 012 | 996 | 1 030 |

Figur: netto driftsutgifter per innbyggjar til brann og ulukkesvern, justert for inflasjon




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 10,5 % | 7,9 % | 5,3 % | 0,0 % |
| Kostragruppe 05 | 32,7 % | 28,3 % | 22,0 % | 19,7 % |
| Landet uten Oslo | 32,8 % | 27,8 % | 30,6 % | 32,2 % |

**Figur Andel a-objekt som har fått tilsyn**




**Figur4.4.4.3: Tal på utrykningar til brann og andre utrykningar per 1000 innbyggjar**

### 4.4.4.1 Brann

| Ansvar | Ansvar (T) | Budsjett 2025 | Rev. budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| 4410 | Brann | 7 269 045 | 5 528 378 | 31,5 % | 6 639 920 |

Under brannområde ligg  funksjonane førebygging, feiing og vanleg tilsyn samt beredskap, fordeling mellom funksjonane er slik:

| Funksjon | Funksjon (t) | Budsjett 2025 | Endring 2025 mot rev budsjett 2024 |
|---|---|---|---|
| 3380 | Førebygging av brann og andre ulukker | 987 673 | 37 % |
| 3381 | Feiing og vanleg brannsyn | -244 727 | - 129,9 % |
| 3390 | Beredskap mot brann og andre ulykker | 6 526 099 | 32,8 % |

Ny varabrannsjef starta andre halvdel av 2024. Denne vil få fulltidseffekt for budsjettet i 2025. Styrkinga med varabrannsjef gje meir kapasitet til forebyggande arbeid som i figur «Andel a-objekt som har fått tilsyn» under synar eit etterslep.

Eitt nytt årsverk må sjåast i samanheng med ny forskrift for organisering, bemanning og utrusting av brann og redningsvesen, i forskrifta vert krav til overordna vakt styrkt. Dette er både krav til kompetanse hjå overordna vakt og krav om tilgjenge. Med ny varabrannsjef starta ein opp ordninga hausten 2024. Vaktordninga er døgnkontinuerleg og kjem i tillegg til utrykkings leirar sin vaktordning, forventa kostnadsauke på 700` +sosiale kostnader er lagt inn for ny vaktordning.

Overordna vakt ordninga krev uniformert utrykkingskøyretøy for den som er på vakt, denne er lagt inn i investeringsbudsjett med 650`.

Deltidsmannskap er justert opp frå 2,8 % til 3,1 % for å auke mannskapsmøte frå 1 til 4 møter per år. Dette er for å sikre god oppfølging utanom øvingar og heve kvalitetsarbeidet.

Ny brannbåt er forventa levert fyrste halvdel av 2025. Det er lagt inn nødvendig kursing av mannskap for å operere fartøyet.

Innanfor dette fagområde er det eit kontinuerleg fokus på opplæring. Ein planlegg å sende 2 stk. på kode 160 kurs, kostnad 140`. Det er tilsett 3 nye i mannskap for 2024, dei skal gjennomføre nettkurs i 2025, kostnad 30`. I 2023 starta det 3 nye i mannskapet som skal gjennomføre grunnkurs, kostnad 300`.

### 4.4.5 Teknisk drift-data

Teknisk drift er eit samansett område med fagområde som vatn, avlaup og renovasjon, veg, eigedomsforvaltning, reinhald og kyrkjegardar. I dette avsnittet viser me kort til sentrale data for dei ulike områda.

#### Bygg og eigedomsforvaltning

Det er planlagt innkjøp av eit FDV system gjennom IKTNH tidleg i 2025. Eit FDV system vil auke og effektivisere oversikt og planlegging av vedlikehald av bygga. Det vil og gje eit stort løft for reinhald med eige planleggingsverktøy for reinhald av alle bygg. Med digitalisert data og teikninga av bygg i eit FDV system vil ein enklare analysere og planlegge kva bygningsmasse som treng prioritert tiltak.

Bygg og eigedomsforvaltning går ikkje inn i utgiftsutjamninga, det ligg såleis ikkje føre noko analyse av behov for dette tenesteområde. Figuren under viser Tysnes kommune sine netto driftsutgifter til eigedomsforvaltning per innbyggjar. Oversikten viser at Tysnes har driftsutgifter her som ligg litt under KOSTRA gruppe 05 og noko over landsgjennomsnittet.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 6 939 | 7 835 | 8 130 | 8 571 |
| Kostragruppe 05 | 6 963 | 7 554 | 7 968 | 8 841 |
| Landet uten Oslo | 5 630 | 6 225 | 6 725 | 7 076 |

Figur: Netto driftsutgifter til kommunal eigedomsforvaltning per innbyggjar, korrigert for inflasjon

## Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 287 | 372 | 383 | 426 |
| Kostragruppe 05 | 90 | 82 | 80 | 117 |
| Landet uten Oslo | 108 | 111 | 100 | 111 |

Figur: UTGIFTER TIL VEDLIKEHALD PR KVADRATMETER KOMMUNAL EIGEDOMSMASSE, KORRIGERT FOR INFLASJON

## Vegar og samferdsle

Vegar og samferdsle går heller ikkje inn som del av utgiftsutjamninga, det betyr at det ikkje ligg føre data for utgiftsbehov. Tysnes kommune har i sin uttale til nytt inntektssystem peika på at dette område bør omfattast av utgiftsutjamninga. Området har ei auke på 21,2 %. Dette skuldast eit eingongstilskot til mobilmast på 2 mill.

Figuren under viser netto driftsutgifter til kommunal veg per innbyggjar.




Figur: Netto driftsutgifter per innbyggjar til kommunale vegar, korr. for inflasjon




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 20,52 | 21,16 | 20,62 | 20,53 |
| Kostragruppe 05 | 19,15 | 19,85 | 19,65 | 19,43 |
| Landet uten Oslo | 8,16 | 8,19 | 8,11 | 8,02 |

Figur Kilometer veg og gate per 1000 innbyggjar




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 11,7 % | 13,1 % | 10,0 % | 11,7 % |
| Kostragruppe 05 | 35,6 % | 36,6 % | 37,8 % | 37,0 % |
| Landet uten Oslo | 25,6 % | 25,9 % | 25,5 % | 24,4 % |

Figur : ANDEL KOMMUNALE VEGAR UTAN FAST DEKKE

## Vatn og avløp

Det er eit stort etterslep på det kommunale VA nettet. Tysnes kommune auka fornying til 0,2 % i 2023, men fortsett under KOSTRA gruppe på 0,4 % og landsgjennomsnittet på 0,6 %. Nasjonalt bærekraftsmål for fornying av vassleidningsnettet ligg på 1,2 % fram mot 2040.




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 3 450 | 3 250 | 4 350 | 5 505 |
| Kostragruppe 05 | 3 852 | 4 125 | 4 267 | 4 951 |
| Landet uten Oslo | 3 881 | 4 033 | 4 204 | 4 804 |

Figur : ÅRSGEBYR VASSFORSYING eks mva. KORRIGERT FOR INFLASJON,




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 4 300 | 4 300 | 4 300 | 4 780 |
| Kostragruppe 05 | 4 416 | 4 604 | 4 788 | 5 529 |
| Landet uten Oslo | 4 321 | 4 435 | 4 621 | 5 257 |

Figur ÅRSAVGIFT FOR AVLØP EKS MVA




| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Tysnes | 0,3 % | 0,2 % | 0,1 % | 0,3 % |
| Kostragruppe 05 | 0,4 % | 0,4 % | 0,4 % | 0,4 % |
| Landet uten Oslo | 0,7 % | 0,6 % | 0,6 % | 0,6 % |

Figur : vann – andel fornyet kommunalt ledningsnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent)




Figur : ÅRSAVGIFT VATN SAMANLIKNA MED FYLKE

Sjølv med aukande avgifter siste åra ligg Tysnes kommune omtrent på snittet samanlikna med andre kommunar i fylke.

## 4.4.5.1 Teknisk drift - Budsjett

| | | Budsjett 2025 | Rev. budsjett 2024 | Endring 2025 mot rev budsjett 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **4500** | Bygg- og eigedomsforvalting | 10 752 857 | 9 745 072 | 10,3 % | 11 239 104 |
| **4590** | Vegar | 9 230 568 | 7 618 624 | 21,2 % | 8 657 874 |
| **4502** | Reinhald - fordelt | 6 730 221 | 6 351 847 | 6 % | - |
| **4570** | Avløp | -1 293 227 | -623 924 | - 93,2 % | -1 786 901 |
| **4580** | Vassverk | -1 829 328 | -569 036 | -221,5 % | -400 851 |

Eininga sitt budsjett omfattar drift og vedlikehald av Tysnes kommune sine bygg, reinhald, vegar, vassforsyning, avlaup, og kyrkjegardar.

### Ansvar Bygg og eigedomsforvaltning/Ansvar reinhald

Bygg og eigedomsforvaltning utfører drift og vedlikehald av den kommunale bygg- og anleggsmassen. På området ligg det i all hovudsak faste kostnadar som lønn, forsikring, kommunale gebyr og vedlikehaldsavtalar på utstyr for bygga i Tysnes kommune.

I tillegg ligg det også ein tiltakspott som er knytt til gjennomføring av vedlikehald. For 2024 løyvinga auka frå 1,5 i 2023 til kr. 2,5 for 2024. For budsjett 2025 oppretthelt ein 2,5 mill. etter samla vurdering av alle innspel der fleire har høgast prioritering som vist i lista under.

Løyvinga til tiltak vert fylgt opp gjennom ei administrativ prioritering med bakgrunn i innkomne innspel. I vurdering av tiltak vert det lagt til grunn følgjande prioritering:

Alle tiltak som må prioriterast opp mot helse, miljø og tryggleik for tilsette, brukarar og ytre miljø.

Alle tiltak som er naudsynt for god og berekraftig eigedomsforvaltning, der manglande innsats vil kunne gje høgare kostnader over tid.

Alle tiltak som er naudsynt for å sikra god og effektiv drift i tenestene, der manglande innsats vil kunne gje høgare kostnader for øvrig drift.

Når det gjeld reinhald er det ein auke i areal som skal dekkast. Dette kjem av ny barnehage på Onarheim, kyrkjekontoret sitt nye areal over posten og 2 etg. på brannstasjonen.

Det er lagt inn kr. 300.000 til utføring av tilstandsrapport på Vågsmarka barnehage.

Avtale for utleige av kommunal kai på Henningen går ut i 2024 og må reforhandlast, denne har gitt årleg innskot på 500` til budsjett for drift og vedlikehald. Er budsjettert med inntekt på 500`i 2025.

Leigeinntekt for Mestringshusene vert også ført på budsjett til drift og vedlikehald. Det vart gjeve fritak om leigeinntekt litt over halve 2024 og er knytt usikkerheit til kva som skjer vidare i 2025. Åreleg innskot frå leige er normalt 1,8 mill. grunna usikkerheit til vidare drift er det justert ned leigeinntekt til 400`.

## Ansvar Vegar

Samla er området vidareført på om lag same nivå i fjor, men har ein liten nedgang.

Det er likevel også viktig å sjå dette område i samanheng med investeringsplanen der det også ligg nokre tiltak for vidare oppfølging.

I 2024 vart det gjennomført tilstandsrapport på kommunale kaier og bruer som synar eit behov på rundt 3 mill. Noko av dette arbeidet er lagt inn i 2025 på driftsbudsjett.

I beløp er det sett av kr. 4,38 mill. til driftsavtalar (brøyting, grøfterensk, vegetasjonsrydding mm.) og kr. 1,25 mill. til asfaltering.

Ny mobilmast er lagt inn med tilskot på 2 mill. på driftsbudsjett til veg, dette vert bere for 2025 budsjettet. Utan tilskotet ville ein redusert budsjettet for 2025 med om lag 300` frå 2024.

## Ansvar Avløp/Ansvar Vassverk

Innanfor vatn og avløp er lagt opp til relativt høge investeringar i tida frametter. Dette er ikkje unikt for Tysnes kommune, men noko heile Norge kjenner på innan vatn og avløp. Då det er sjølvkostområder skal alt belastast abonnementa, noko som gjer det ekstra utfordrande å gjennomføre.

Når det gjeld avløp er det også ei særskilt utfordring knytt til EU sitt avløpsdirektiv, her er iverksetjinga av direktivet utsett til 2035, men dette vil føra til ekstraordinært høge investerings- og driftskostnader om det blir innført slik det no ligg føre.

Førebels vurdera me det at følgjande krav i revidert avløpsdirektiv vil føra til større konsekvensar for Tysnes kommune:

Krav om sekundærrensing for alle avløpsrenseanlegg med over 1 000 pe (personekvivalentar) tilknytta

Krav til ledningsnett og tilknytningsplikt i tettbebygde strøk, definert som over 1 000 potensielle pe

Krav om sekundærrensing for alle avløpsrenseanlegg med under 1 000 pe tilknytta dersom ein risikovurdering tilseier at det er behov for det.

Våge vil få krav om slikt reinseanlegg, det er estimert til ein investering på minimum kr. 11 mill. i tillegg til dette gjev investeringar i leidningsnett og auka driftskostnader.

Også i Uggdal kan kravet slå inn, men her vil det vera knytt til vurderingar av resipient utviklinga. Nytt regulert bustadfelt ved Sauabakkane gjer at ein må investere i meir infrastruktur og vurdere eit reinseanlegg som kan handtere alt utslepp frå det kommunale avløpsnettet i Uggdal. Ei slik investering har eit anslag på rundt 16 mill.

Det er planlagt resipientundersøking av havbotn rundt Tysnes, førre undersøking var i 2017/2018. Det vil kunne gje svar på kva områder som er mest kritisk mtp. utslepp frå privat og kommunalt avløp.

Det er kome krav om tilsyn på alle private avløpsanlegg, for Tysnes er det omtrent 1600 slike anlegg. Det vert oppretta eige gebyr for dette området og ein startar arbeid med tilsyn i 2025.

Figuren til under viser forventa utvikling av årsgebyr på områda vatn, avløp og feiing. Endring i gebyrsatsar er særleg stor for avløp og vatn, me vil under visa kvifor desse utslaga kjem her. Slik kostnad på feiing er per i dag vil ein redusere avgifta neste åra. Dette kan endre seg når ein skal ut på nytt anbod for feietenesta i 2025/2026.




| Gebyrendring fra året før | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|---|---|---|---|---|---|
| Vatn | *25,0 %* | *10,0 %* | *1,0 %* | *0,2 %* | *2,2 %* |
| Avløp | *8,0 %* | *5,0 %* | *4,0 %* | *4,8 %* | *-17,7 %* |
| Feiing | *-25,0 %* | *-20,0 %* | *-5,0 %* | *-4,9 %* | *2,3 %* |
| **Samlet endring** | **14,0 %** | **6,6 %** | **2,2 %** | **2,2 %** | **-7,1 %** |




Figur : Forventa utvikling av kostnader for vatn i Tysnes kommune fram mot 2029




Figur 1FIGUR FORVENTA UTVIKLING AV KOSTNADER FOR AVLØP I TYSNES KOMMUNE FRAM MOT 2029

Figurane over viser at det i første rekkje er kapitalkostnader som frametter vil gje auka driftskostnader på vatn. Når me ser på utgifter innanfor avløp så er det same utvikling, det vil sei at kapitalkostnaden er venta å gå opp frametter og at dei andre kostnadene er relativt stabile. I praksis betyr dette at svaret på auka avgifter på vatn og avløp er å finna i investeringsplanen.

# 5.0 Investeringar i økonomiplanperioden

Gjennom behandling i formannskapet er investeringsplanen endra, sjå endringslogg på side 6-7.

## 5.1 Administrasjon og økonomi

| | | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | Totalt i økonomiplanperioden (2025 - 2028) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Administrasjon og økonomi** | | | | | | |
| Eigenkapitalinnskot KLP | Årsprosjekt | 700 000 | 700 000 | 700 000 | 700 000 | 2 800 000 |
| Sum Administrasjon og økonomi | | 700 000 | 700 000 | 700 000 | 700 000 | 2 800 000 |

Eigenkapitaltilskotet som vert ført under administrasjon og økonomi. Eigenkapitaltilskotet vert ført som investering, men det er ikkje rom for å lånefinansiera dette og dei vert derfor finansiert frå drift.

## 5.2 Nye bygg og anlegg

| **Nye bygg og anlegg** | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | Finansiering 2025-2028 |
|---|---|---|---|---|---|
| HELSE | | | | | |
| Behovstudie kommunale bygningsmasse | 650 000 | - | - | - | 650 000 |
| Omsorgsbustader/Heldøgnsomsorg/omsorg +/Institusjon | - | 1 500 000 | 40 000 000 | - | 41 500 000 |
| | - | - | | - | - |
| OPPVEKST | | | | | |
| Ny barnehage Uggdal | 300 000 | - | 2 000 000 | 45 000 000 | 47 300 000 |
| ANDRE NYE BYGG OG ANLEGG | | | | | |
| Bustadfelt | 10 000 000 | 15 000 000 | | - | 25 000 000 |
| Nytt basseng Onarheim | 1 500 000 | 75 000 000 | 75 000 000 | - | 151 500 000 |
| Rehabilitering/nytt opplæringsbasseng | | | | | - |
| Statleg sikring Peralio friluftsområde | 178 000 | - | - | - | 178 000 |
| Aktivitetspark Kyrkjevatnet | 660 000 | - | - | - | 660 000 |
| Ballbinge e.l. /leikeapparat Uggdal skule | 500 000 | | | | 500 000 |
| Gang- og sykkelveg Våge-Uggdal, vatn og avløp og næringsareal | - | - | - | - | - |
| Varmepumper kyrkjene (Tysnes Kyrkjelege Fellesråd) | 223 750 | | | | 223 750 |
| Sum Nye bygg og anlegg | 14 011 750 | 91 500 000 | 117 000 000 | 45 000 000 | 267 511 750 |
| | | | | | |

Bustader og heildøgnomsorg: Mangel på kunnskapsgrunnlag gjer det vanskeleg å vurdere denne investeringa. Kommunestyret ber om at det blir laga ei behovsanalyse, som vil gjere det lettare å vurdere forslag til investeringar på nær 200 mill. dei neste 15 åra. Behovsanalysen skal også inkludere lokala til heimetenesta. Beløpet blir slått saman til ein line, med vurdering etter behovsanalysen er ferdig. Beløpet som står under omsorgsbustader i 2027 reduserast til 40 mill. Dersom det er omsorgsbustader som skal byggjast, bør det vere mogleg å byggje ti einingar for 40 mill. Kommunestyret ønskjer at bustadane blir utforma utan dyre arkitektoniske løysingar, men med gode kvalitetar basert på miljøvenlege og berekraftige metodar og materiale.

Kommunestyret ønskjer ikkje ein ny storbarnehage for Uggdal og Tysnesbygda. Kommunestyret ønskjer å byggje ny barnehage i Uggdal, og oppgradere eksisterande barnehage og uteområde i Vågsmarka. Å ta vare på, oppgradere og bruke dei bygga vi allereie har, er både miljøvenleg og kostnadssparande. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med forprosjekt ny barnehage Uggdal, der lokalisering og tomteval inngår som ein vesentleg del. Det visast i budsjettframlegget til at barnehagen i Vågsmarka er gamal.

Prosjekta for statleg sikring av Peralio friluftsområde og aktivitetspark ved Kyrkjevatnet er to prosjekt som vert gjennomført av oss, men som er fullfinansiert med eksterne midlar. Når det gjeld Peralio så er kommunen sin medverknad til finansiering at me har stilt område til rådvelde for statleg sikring. Realisering av prosjektet føreset ei samarbeid med Båtlaget Njord og ein avtale om framtidig drift.

Når det gjeld aktivitetspark Kyrkjevatnet er det også eit prosjekt som er godt og nær fullfinansiert, her har kommunen vore i kontakt med Uggdal bygdelag. Realisering av prosjektet føreset eit samarbeid med bygdelaget og ein avtale om framtidig drift.

Investering i utvikling av bustadfelt flyttast fram frå 2026 til 2025.

Det er i budsjettet lagt inn midlar til bygging av nytt basseng på Onarheim, med oppstart forprosjekt i 2025 og investeringar i 2026-27. Spelemidlar til prosjektet ligg inne i 2030-31

Gang- og sykkelvegprosjektet var inne i 2024 budsjettet. Tysnes kommune tok kontakt med fylke og inviterte dei inn i prosjektet. Dessverre ville ikkje fylke vera med. Med tanke på at det er fylkesveg ser me det ikkje som hensiktsmessig å gå inn med midlar utan at fylke også er involvert.

Det er lagt inn investering i varmepumper i kyrkjene (overføring til Tysnes Kyrkjelege Fellesråd). Dette er eit restbeløp som fellesrådet treng for å utløyse eit tilskot frå Tysnes Kraftlag AS på kr. 537.000. Varmepumper i kyrkjene er vurdert å vere eit godt enøk-tiltak.

## 5.3 Eksisterande bygg og anlegg

| **Eksisterande bygg og anlegg** | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | Finansiering 2025-2028 |
|---|---|---|---|---|---|
| OPPVEKST | | | | | |
| Utviding og oppgradering av Uggdal skule | 13 000 000 | 5 000 000 | - | - | 18 000 000 |
| Oppgradering Tysnes skule - ungdomsskulen | | | 1 500 000 | | 1 500 000 |
| Oppgradering av uteområde på Onarheim skule | 200 000 | | | - | 200 000 |
| Oppgradering/innbygging "utedo" Onarheim skule | 4 000 000 | | | | 4 000 000 |
| Påbygg og oppgradering Vågsmarka barnehage | 1 000 000 | 15 000 000 | - | - | 16 000 000 |
| ANDRE? FLEIR INNDELINGA? | | | | | |
